

# **Bymål i Sunnfjord**

*Ei sosiolingvistisk undersøking av språk og identitet i Florø og Førde*

**Anne Marit Bødal**

**Hovudfagsoppgåve**



**Nordisk institutt**

**Universitetet i Bergen**

**Mai 2003**



# Innhold

<b>FØREORD</b> .....	<b>7</b>
<b>OVERSIKT OVER TABELLAR OG FIGURAR</b> .....	<b>8</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
1.1 PROBLEMSTILLINGAR .....	10
1.2 AVGRENSING AV OMGREP .....	13
1.2.1 <i>Urban, rural, moderne og tradisjonell</i> .....	13
1.2.2 <i>Saliens</i> .....	15
<b>2. SKILDRING AV STUDIEOMRÅDET</b> .....	<b>17</b>
2.1 FØRDE OG FLORØ .....	17
2.1.1 <i>Samfunnet</i> .....	17
2.1.2 <i>Historie og utvikling</i> .....	21
2.1.3 <i>Rivalisering</i> .....	23
2.2 TALEMÅLET.....	24
2.2.1 <i>Prosodi og fonologi</i> .....	25
2.2.2 <i>Morfologi</i> .....	28
2.2.3 <i>Oppsummering</i> .....	32
<b>3. SPRÅK OG IDENTITET</b> .....	<b>33</b>
3.1 INDRE OG YTRE FAKTORAR FOR SPRÅKENDRING.....	33
3.2 IDENTITET.....	35
3.2.1 <i>Sosial og personleg identitet</i> .....	35
3.2.2 <i>Gruppeidentitet og sosial kategorisering</i> .....	36
3.2.3 <i>Haldningar</i> .....	37
3.2.4 <i>Lokal identitet</i> .....	39
3.3 SPRÅKBRUK OG SPRÅKHALDNINGAR.....	43
3.3.1 <i>Språkhaldningar</i> .....	44
3.4 SPRÅKLEG REGIONALISERING OG REGIONAL IDENTITET .....	47
3.4.1 <i>Språkleg regionalisering</i> .....	47
3.4.2 <i>Tilhørslse til regionen</i> .....	48
3.5 HYPOTESAR .....	50
<b>4. METODE OG OPPLÈGG FOR FELTARBEIDET</b> .....	<b>52</b>
4.1 METODEVAL.....	52
4.1.1 <i>Metodeval i denne undersøkinga</i> .....	52
4.2 SPRÅKLEGE DATA I UNDERSØKINGA .....	54

4.2.1	<i>Ei kort språkundersøking</i> .....	54
4.2.2	<i>Språklege variablar</i> .....	57
4.3	INTERVJU SOM METODE.....	61
4.3.1	<i>Ulike typar intervju</i> .....	61
4.3.2	<i>Å studere "naturleg språk"</i> .....	62
4.3.3	<i>Intervjusituasjonen</i> .....	63
4.3.4	<i>Informantutval</i> .....	67
4.3.5	<i>Praktisk gjennomføring og vurdering av feltarbeidet</i> .....	71
4.4	TRANSKRIPSJON OG ANALYSE.....	73
4.4.1	<i>Transkripsjon</i> .....	73
4.4.2	<i>Analyse</i> .....	75
<b>5.</b>	<b>IDENTITET OG HALDNINGAR I FLORØ OG FØRDE</b> .....	<b>77</b>
5.1	SOSIAL OG LOKAL IDENTITET.....	77
5.1.1	<i>Lokal identitet i Førde og Florø</i> .....	78
5.1.2	<i>Urbanitet og ruralitet</i> .....	80
5.1.3	<i>Nettverk og aktivitetar</i> .....	87
5.1.4	<i>Lokal identitet hjå unge og vaksne</i> .....	89
5.1.5	<i>Døme på svak og sterk lokal identitet</i> .....	91
5.1.6	<i>Regional identitet</i> .....	93
5.1.7	<i>Oppsummering av den lokale identiteten</i> .....	95
5.2	SPRÅKHALDNINGAR.....	96
5.2.1	<i>Florø</i> .....	97
5.2.2	<i>Førde</i> .....	99
5.2.3	<i>Døme på sterke språkhaldningar</i> .....	103
5.2.4	<i>Oppsummering om språkhaldningar</i> .....	104
5.3	NABOFORHOLD OG SPRÅKMEDVIT.....	107
5.4	LOKAL IDENTITET OG HALDNINGAR TIL SPRÅKLEG AKKOMMODASJON.....	109
5.5	OPPSUMMERING OM LOKAL IDENTITET OG SPRÅKHALDNINGAR.....	112
5.5.1	<i>Er det samsvar mellom lokal identitet og språkhaldningar?</i> .....	112
5.5.2	<i>Vurdering av metoden</i> .....	114
<b>6.</b>	<b>SPRÅKET I FLORØ OG FØRDE</b> .....	<b>115</b>
6.1	PRESENTASJON AV SPRÅKET.....	115
6.1.1	<i>Realisering av r</i> .....	116
6.1.2	<i>Realisering av &lt;kj&gt;</i> .....	117
6.1.3	<i>Bunden form fleirtal av inkjekjønn</i> .....	118
6.1.4	<i>Presens av sterke verb</i> .....	118
6.1.5	<i>Perfektum partisipp av sterke verb</i> .....	120
6.1.6	<i>Personleg pronomnen 3. person fleirtal, &lt;de&gt;</i> .....	122
6.1.7	<i>Peikande pronomnen &lt;det&gt;</i> .....	123
6.1.8	<i>Realisering av verbet &lt;å seie&gt;</i> .....	124

---

6.1.9 Realisering av verbet <gjere>: .....	125
6.1.10 Realisering av adverbet <berre> .....	126
6.2 OPPSUMMERING AV DEN SPRÅKLEGE ANALYSEN.....	127
6.2.1 Regionalisering? .....	129
<b>7. ER DET SAMSVAR MELLOM IDENTITET, SPRÅKHOLDNINGAR OG SPRÅKBRUK?132</b>	
7.1 IDENTITET OG SPRÅKBRUK .....	132
7.1.1 Lokal identitet og språkbruk.....	132
7.1.2 Urban og rural orientering og språkbruk .....	133
7.1.3 Nettverkstilknytning og språkbruk .....	134
SPRÅKHOLDNINGAR OG SPRÅKBRUK .....	136
<b>8. KONKLUSJON .....</b>	<b>139</b>
<i>Vidare arbeid med emnet.....</i>	<i>143</i>
<b>VEDLEGG 1: GODKJENNING FRÅ NSD.....</b>	<b>148</b>
<b>VEDLEGG 2: INTERVJUGAID FOR FLORØVÆRINGAR.....</b>	<b>150</b>
<b>VEDLEGG 3: KART BRUKTE I INTERVJUA.....</b>	<b>154</b>
<b>VEDLEGG 4: INFORMASJONSSKRIV TIL INFORMANTANE .....</b>	<b>155</b>
<b>VEDLEGG 5: SAMTYKKEERKLÆRING .....</b>	<b>156</b>
<b>VEDLEGG 6: BAKGRUNNSSKJEMA.....</b>	<b>157</b>
<b>VEDLEGG 7: NETTVERKSSKJEMA .....</b>	<b>158</b>
<b>VEDLEGG 8: DOKUMENTASJON PÅ DEI SPRÅKLEGE FUNNA.....</b>	<b>159</b>
<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>163</b>



## Føreord

Sidan eg sjølv kjem frå Førde, var det eit naturleg val å skrive om dialektane i Førde og Florø då eg byrja på nordisk hovudfag. Då eg voks opp, vart det stadig referert til ”krigen” mellom Førde og nabobyen Florø. Dessutan tykte eg det var eit interessant moment at både byane og dialektane er så ulike: Florø er ein liten kystby med trehusbusetnad og eit bergenskprega talemål, medan Førde ligg inst i ein fjord, og både tettstaden og dialekten er prega av rask vekst på kort tid. Eg ville undersøkje kva verknad forskjellane i dialekt og utvikling kunne ha på den lokale tilhøyrsla til florøværingane og førdianarane, og på haldningane dei hadde til språket sitt.

Eg vil rette ein stor takk til alle som har hjelpt meg å bli ferdig med undersøkinga, først og fremst til Helge Sandøy for grundig rettleiing om alt frå teoretiske problem til kommafeil. Knut Hofland ved HIT-senteret i Bergen skal ha takk for å ha gjort datamaterialet mitt klart for søking og for å vise meg korleis ekserperinga skulle gjerast. Takk til tilsette ved Nordisk institutt og medstudentane mine på hovudfag for fagleg samarbeid og moralsk stønad. Og til Robert for å ha halde ut med hovudfagsmaset mitt i tre lange år og enda hatt overskot til å oppmuntre meg og kome med kritiske merknader til det eg skreiv.

Ikkje minst vil eg takke alle som tok seg tid til å delta som informantar i undersøkinga. På førehand hadde eg grua meg til å intervjuje ukjende folk, men med hyggjelege menneske som informantar vart feltarbeidet kjekt, spennande og lærerikt.

Bergen, mai 2003

Anne Marit Bødal

## Oversikt over tabellar og figurar

Tabell 1: Oversikt over nøkkelinformantar.....	57
Tabell 2: Oversikt over språklege variablar .....	60
Tabell 3: Informantane frå Førde.....	70
Tabell 4: Informantane frå Florø.....	70
Tabell 5: Uttrykk for lokal identitet .....	78
Tabell 6: Informantane sine oppfatningar av urbanitet og ruralitet.....	81
Tabell 7: Urbant og ruralt orienterte informantar.....	87
Tabell 8: Interesser og aktivitetar.....	88
Tabell 9: Regional og lokal identitet .....	93
Tabell 10: Lokal identitet i Førde og Florø.....	96
Tabell 11: Språkhaldningar i Førde og Florø .....	105
Tabell 12: Lokal identitet og haldningar til akkommodasjon.....	111
Tabell 13: Lokal identitet og språkhaldningar.....	113
Tabell 14: Språklege variablar i Førde og Florø. Tal i % .....	115
Tabell 15: Fonemsamanfall mellom /ʃ/ og /ç/. Tal i %.....	117
Tabell 16: Bunden form fleirtal av inkjekjønn, fordeling på individ. Absolutte tal...	118
Tabell 17: Presens av sterke verb i Florø og Førde. Tal i %.....	119
Tabell 18: Perfektum partisipp av sterke verb. Tal i %.....	121
Tabell 19: Personleg pronomen 3. person fleirtal <dei>. Tal i % .....	122
Tabell 20: Variabelen <dei> på individplan hjå vaksne i Florø. Tal i %.....	122
Tabell 21: Peikande pronomen <det>. Tal i %.....	123
Tabell 22: Realisering av <seie>. Tal i %.....	124
Tabell 23: Realisering av <gjere>. Tal i %.....	125
Tabell 24: Realisering av <bare>. Tal i %.....	126



---

Figur 1: Kart over Sogn og Fjordane	17
Figur 2: Kart over Florø.	18
Figur 3: Kart over Førde.	20
Figur 4: TS-prosent per informant	127
Figur 5: TS-prosent hjå unge og vaksne	128
Figur 6: TS-prosent i Førde og Florø	130
Figur 7: Språkbruk og lokal identitet	133
Figur 8: Språkbruk og urbanitet/ruralitet	134
Figur 9: Språkbruk og nettverkstilknyting i Førde og Florø	135
Figur 10: Språkbruk og haldningar til tradisjonelt sunnfjordmål	136
Figur 11: Språkbruk og haldningar til bymål	137

# 1. Innleiing

I sosiolingvistikken studerer ein sambandet mellom språkbruk og utanomspråklege faktorar. Det kan dreie seg om faktorar på makronivå, som samfunnsstruktur og endringar i kommunikasjonssamband, men òg faktorar på individplan, som kjønn, alder og sosial identitet. Eg har konsentrert meg om mikrovariabelen *identitet* når eg har studert språkbruken i dei to byane Førde og Florø i Sogn og Fjordane. Grunnen til at eg har valt ut desse to nabobyane, er at begge har vore gjenstand for stor vekst og tilflytting, i motsetnad til dei fleste andre kommunane i fylket. Samtidig har dei hatt forskjellige måtar å vekse på. I tillegg har det vore ei rivalisering og ”kamp om beinet” mellom byane, og eg var spent på kva tyding det ville ha for identiteten til folk i byane og for forholdet til nabobyen. Dette er ikkje mindre interessant i lys av forskingsprosjekt som har teke føre seg språkleg regionalisering. Kan det tenkjast at naboopposisjon mellom Florø og Førde kan motverke at det utviklar seg eit felles regionalspråk for Sunnfjordregionen? I kapittel 2 tek eg føre meg den historiske samfunnsutviklinga og språksituasjonen i Sunnfjord og dei to byane, som grunnlag for den vidare undersøkinga.

Det teoretiske grunnlaget går eg gjennom i kapittel 3. *Identitet* er eit nokså vidt omgrep, og eg har avgrensa studien til å gjelde den lokale identiteten, som knyter individet til ein geografisk stad, og til språkhaldningar, som er uttrykk for bindeleddet mellom den sosiale identiteten og språkbruken. Gjennom språkhaldningane gjev ein uttrykk for sin eigen identitet, samtidig som ein uttrykkjer forholdet sitt til dialekten.

I kapittel 4 tek eg opp fordelar og ulemper med metoden eg har brukt.

## 1.1 Problemstillingar

Hovudproblemstillinga for denne avhandlinga er: *Korleis er samanhengen mellom identitet, språkhaldningar og språkbruk hjå førdianarar og florøværingar?*

Hovudproblemstillinga har to delar som heng nøye saman. For å finne svar på problemstillinga må ein for det første få greie på kva identitet informantane har. Sosial, geografisk og personleg identitet og haldningar høyrer med for at ein skal få eit mest mogleg heilskapleg bilete av identiteten til kvar informant. Det har eg handsama i kapittel 5. For det andre må ein studere talemålet til informantane, kva språkformer dei bruker (kapittel 6). Så må desse to setta med data kombinerast for å finne samanhengar mellom språkbruk og identitet hjå informantane. Det gjer eg i kapittel 7.

I denne undersøkinga har eg fokusert på lokal identitet og språkhaldningar som påverknadsfaktor på språket. Men det finst også andre faktorar både i språket og i samfunnet som påverkar språkutviklinga. All språkbruk er ikkje resultat av identiteten til einskildindividet. Eg vil ikkje konsentrere meg spesielt om desse andre faktorane, men berre nemne dei kort i 3.1.

Omgrepet identitet har mange tydingar, bestemt av kva nivå ein opererer på. Difor er ikkje forholdet mellom identitet og språk eintydig. Hovudproblemstillinga ovanfor inneheld fleire aspekt og delproblemstillingar:

1. I denne undersøkinga ligg fokuset på den ytrespråklege faktoren identitet. Ein ser gjerne på språket som eit viktig uttrykk for identiteten vår, då særskilt for den sosiale identiteten, som knyter oss til ei gruppe menneske eller til ein geografisk stad. Eg vil vite om språket er viktig for identiteten til informantane og korleis forholdet mellom språk og identitet artar seg. Sidan talemåla i Førde og Florø er nokså ulike, er det òg interessant å sjå om det kan vere forskjellar mellom byane med omsyn til kva tyding språket har for identiteten. Måten å finne ut dette på er å undersøkje språkhaldningane til førdianarar og florøværingar for å finne ut om dei samsvarar med språkformene informantane bruker.

2. I sosiolingvistikken reknar ein med at språkhaldningar kan påverke talemålet til den enkelte språkbrukaren og på den måten medverke til at dialektar endrar seg.

Eg ønskjer å finne ut kva haldningar informantane har til dialektane i Førde, Florø og Sunnfjord, og til språkdrag som kan tenkjast å kome inn i eller forsvinne frå dialektane. Det er interessant å sjå om desse haldningane samsvarar med språkformene informantane sjølv bruker.

3. Individet plasserer seg i forhold til inngrupper og utgrupper, som igjen kan påverke talemålet til individet. Dei sosiale nettverka og gruppene vi tilhøyrer, er såleis ein del av den sosiale identiteten som både kan knyte oss til ein geografisk stad og påverke språket vårt. Gjennom sosialisering prosessen lærer vi å snakke slik resten av gruppa snakkar. Menneska endrar gruppetilhøyrslar og sosiale aktivitetar mange gonger i løpet av livet, og både språkleg praksis og identitet kan verte påverka i denne prosessen. Eg vil vite kva følgje tilhøyrslar til sosiale nettverk og aktivitetar har for språkleg praksis og språkhaldningar hjå den einskilde informanten.

4. Staden og tilhøyrsla til ein stad er faktorar som påverkar identiteten og språket vårt. Men i ei tid med globalisering og urbanisering er det mogleg at staden vert mindre viktig for identitets- og språkutviklinga til den enkelte språkbrukaren. Både Førde og Florø er sentrale byar i Sogn og Fjordane, og tilflytting og stor kontakt med omverda er ein del av kvardagen. Det kan vere interessant å sjå om det påverkar innbyggjarane, og om der er generasjonsskilnader i den lokale identiteten. Urbanisering kan føre til at dialekten får fleire bymålstrekk. Eg vil finne ut om førdianarar og florøværingar vert meir urbant orienterte, og om det i så fall har konsekvens for dialektutviklinga. Eg vil sjå om det er samsvar mellom den lokale identiteten og språket til informantane.

5. I forskingsprosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN) har ein lagt vekt på å studere språkleg regionalisering, det at dialektane innanfor ein region nærmar seg kvarandre. Eg har ikkje fokusert særskilt på å undersøkje språkleg regionalisering,

men det er interessant å finne ut om stadidentiteten i Førde og Florø er sterkast på det lokale eller det regionale planet, og om talemålet i byane nærmar seg kvarandre.

## 1.2 Avgrensing av omgrep

I *Nynorskordboka* (2001) er omgrepet *dialekt* definert som ”variant av eit språk som blir talt innanfor eit visst geografisk område.” I denne avhandlinga bruker eg nemningane *dialekt*, *varietet*, *talemål* og *mål* om ein annan når eg skriv om språkssystema i Førde, Florø og Sunnfjord.

Under handsaminga av språklege former har eg stort sett brukt fonemisk transkripsjon i IPA, men òg fonetisk transkripsjon der det var naudsynt med meir detaljerte språkskildringar. Eg har markert tonem der tydinga elles kunne misforståast.

### 1.2.1 Urban, rural, moderne og tradisjonell

Omgrepa *modernitet* og *tradisjon* vert ofte jamstilte med høvesvis *urbanitet* og *ruralitet*, og alle omgrepa vert brukte for å forklare kvifor språkendingar skjer. Desse termene er ofte brukte i skildringar av stader, identitet og språk utan nokon klar definisjon av kva som eigentleg ligg i omgrepa. I prosjektskildringa til TEIN (2000) omtalar ein *modernitet* og *tradisjon* som motsetningar. *Tradisjon* vert knytt saman med *dialekt*, medan *modernitet* vert kopla til standardtalemål, fordi *moderniteten* går utanom geografiske grenser. Akselberg (1995) definerer omgrepet *tradisjon* som menneskeleg praksis, førestellingar, institusjonar eller kulturgjenstandar som er nedarva gjennom relativt mange generasjonar. Typisk refererer *tradisjon* til element i kulturen som blir oppfatta som felles arv i ei sosial gruppe. Akselberg definerer *modernitet* som menneskeleg praksis, førestellingar, institusjonar eller kulturgjenstandar som ikkje er nedarva gjennom mange generasjonar. *Modernitet* refererer typisk til element i kulturen som ikkje vert oppfatta som del av den felles arven i ei sosial gruppe (Akselberg 1995).

Det er problematisk å bruke ein slik negativ definisjon på modernitet, fordi han ikkje seier noko om kva modernitet *er*, men berre kva det *ikkje* er. Tvitekkja (1999) argumenterer for at omgrepet modernitet ikkje let seg definere så lett. Modernitet er ikkje nødvendigvis det motsette av tradisjon. I følgje Giddens (Tvitekkja 1999:161) er valfridom eit typisk trekk ved moderniteten. Det inneber at ein kan velje ein tradisjonell livsstil og ein tradisjonell dialektform, og samtidig vere moderne fordi ein medvite har valt det tradisjonelle. Ein kan altså ikkje uproblematisk arbeide med ei absolutt motsetning mellom tradisjon og modernitet.

Når det gjeld det urbane og rurale, er det fleire måtar å definere dette på. Innanfor samfunnsgeografien opererer ein gjerne med stadbaserde definisjonar, der det rurale vert sett i samband med agrikultur, primærnæring og primærproduksjon. Andre faktorar spelar òg inn, som sysselsetjing, busetnads- og flyttemønster, butilhøve, arealbruk og sentralitet. Ein meir sosiokulturell definisjon går ut på at eit urbant samfunn er dynamisk, ustabil, mobilt i lagdelinga og upersonleg på den måten at sosiale kontaktar og det sosiale nettverket er bestemt av situasjonen til individet på kvart enkelt tidspunkt (jobb, bustad, fritid). Det rurale er kjenneteikna av det motsette, nemleg stabilitet, integrasjon, rigid lagdeling, og multiplekse nettverk der individet kjem i kontakt med dei same personane i mange ulike situasjonar (Halfacree 1993).

Same kva definisjon ein vel, er det vanskeleg å skilje omgrepa *rural* og *urban* heilt frå kvarandre. Det finst gradar av urbanitet og ruralitet, på same måten som det finst gradar av modernitet og tradisjon (Halfacree 1993 og Akselberg 1995). Eit anna problem er at sosiologiske kjenneteikn i eit geografisk område ikkje ganske enkelt kan lesast av ut ifrå den relative plasseringa området har på eit kontinuum, til dømes mellom ytterpunktta rural og urban. I mange tilfelle stemmer ikkje samanhengane; ein har funne urbane område i perifere, rurale distrikt, medan område med rurale trekk har vorte funne i byane (Halfacree 1993). Sandøy (2000) bruker omgrepet *mental urbanisering* om det fenomenet at folk på landsbygda kan vere like oppdaterte på kulturelle nyhende som folk i hovudstaden. ”Forskjellane mellom det rurale og

urbane er blitt viska bort” (Sandøy 2000:378). Den mentale urbaniseringa inneber her ei endring i ”folks verdigrunnlag; i deres normer, verdier, levesett og sosiale preferanser” (Prosjektskildring, TEIN, 2000:11). Urbaniseringa rører altså ved dei sosiale aktivitetane til folk (”levesett og sosiale preferanser”) og ved den sosiale identiteten. Den sosiale identiteten og lojaliteten til heimbygda har tradisjonelt fungert som ei jantelov som har motverka språkendingar. Jantelova vert oppheva av moderniteten, som medfører ein større fridom i valet av identitet (Sandøy 2000).

Ein måte å fange inn desse vanskelege omgrepa på, kan vere å studere dei munnlege uttrykksmåtane for førestellingane folk knyter til omgrepa *ruralitet*, *urbanitet*, *tradisjon* og *modernitet*. Førestellingane er gruppespesifikke og kan vere forvrengte, feilaktige, idealiserte og generaliserte i høve til dei definisjonane ein forskar ville bruke. Definisjonar på grunnlag av førestellingane til informantar vil såleis ofte bli ei samanblanding av personlege erfaringar og tradisjonelle, nedarva oppfatningar uttrykte gjennom litteratur, media, staten, familie, vener og institusjonar. Men samstundes er dei sosiale førestellingane viktige, fordi dei er med på å bestemme åtferd og responsar på inntrykk. Folk handlar ut ifrå sine førestellingar, og ikkje ut ifrå dei definisjonane forskarar opererer med (Halfacree 1993).

Både det moderne/tradisjonelle og det urbane/rurale er representert i nemningane på språkvariablane i undersøkinga. Dei språkformene som ligg nært nynorsk eller den tradisjonelle sunnfjorddialekten, kallar eg *tradisjonelle sunnfjordsformer* (forkorta TS). Dei språkformene som ligg nært bokmål eller by- og sentrumsdialektar, kallar eg *bymålsformer* (forkorta BY). Forskjellen på Førde og Florø er at florømalet fekk inn bymålsformer så tidleg som 1800-talet, medan førdemålet har vore eit tradisjonelt sunnfjordmål, men har endra seg relativt fort dei siste 30 åra. Difor er bymålsformene tradisjonelle former i Florø, men moderne former i Førde.

### 1.2.2 *Saliens*

Eit relativt nytt omgrep i norsk sosiolingvistik er at språkdrag kan vere meir eller mindre *saliente*. I følge Oxford Dictionary (1992) viser ordet *salient* til noko som er

”most important or most significant; easily noticed”. I engelsk–norsk ordbok (1997) kan vi lese at salient kan omsetjast med ”fremtredende”.

I sosiolingvistisk samanheng viser omgrepet *salient* til språkdrag som folk er merksame på. Trudgill (1986) bruker omgrepet i samband med diskusjonen av markørar og indikatorar. Markørar er språkdrag som er saliente, altså som språkbrukarane er medvitne om. Indikatorar er språkdrag som språkbrukarane ikkje er medvitne om. Trudgill hevdar at det er dei saliente trekka, markørane, som helst er innblanda i språkleg akkommodasjon. I denne avhandlinga bruker eg *salients* om eigenskapar ved språktrekk, og *medvit* om eigenskapar ved språkbrukarar. Eit språktrekk kan såleis vere salient, og det tyder at språkbrukarane er medvitne om det språktrekket.

Når eg skal bestemme om eit språktrekk er salient for informantane mine, legg eg vekt på om mange av informantane nemnde trekket i intervjuet. På det grunnlaget har eg inntrykk av at realiseringa av *r*-lyden, og då spesielt skarre-*r*, er av dei mest saliente trekka i Førde og Florø. 10 av 16 informantar drog fram *r*-lyden når det var snakk om dialektane anten i heim- eller nabobyen. For tre av desse var *r* det einaste språkdraget som vart nemnt i samband med dialekten.



## 2. Skildring av studieområdet


### 2.1 Førde og Florø

#### 2.1.1 Samfunnet

Florø og Førde er dei to største kommunane i Sogn og Fjordane fylke i folketal. Begge ligg i regionen Sunnfjord, som i tillegg til Florø og Førde omfattar kommunane Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Naustdal og Bremanger. I motsetnad til dei fleste andre kommunane i Sogn og Fjordane, er Florø og Førde vekstkommunar. Begge kommunane har relativt ung folkesetnad og fødselsoverskot. I 2001 hadde Førde nettoinnflytting, medan Florø hadde like stor innflytting som utflytting (SSB 2001).

#### Figur 1: Kart over Sogn og Fjordane


Sunnfjordregionen er markert med prikkete grenselinje. Flora og Førde kommunar er skraverte.



## Florø

Flora kommune strekkjer seg frå munningen av Førdefjorden og nordover til Frøysjøen. Kommunen har eit flatemål på 693 km<sup>2</sup>, og folketalet er 11 298 (Statistisk sentralbyrå 2001). Byen Florø ligg på Florelandet og er kommunesenter med 7319 innbyggjarar. Ein som bur i Florø, vert kalla *florøværing* (Stavang 1999, Djupedal 1998).

**Figur 2: Kart over Florø.**



Florø var lenge den einaste byen i Sogn og Fjordane og fekk bystatus så tidleg som i 1860. I Florø har hovudinntektskjelda tradisjonelt vore fiske, spesielt sild. I dag er det industri og administrasjon som dominerer. Industriverksemda omfattar hovudsakleg skipsbygging og næringsmiddelindustri/fisketilverking. Byen har ei avdeling av Førde sentralsjukehus (tidlegare Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane) og hovudkontor for Sogn og Fjordane politidistrikt i tillegg til vidaregåande skule og

nokre spesialskular (Aschehoug og Gyldendal 1986). I 1964 vart Florø kommune slått saman med kommunane Bru, Eikefjord, Kinn og delar av Bremanger til storkommunen Flora (Kittang 1980).


Informantane i intervjuundersøkinga kom frå områda sentrum, Havreneset, Krokane og Brandsøy. Sentrum i Florø er prega av kvartalsoppbygging etter byplanen som vart laga rett etter at byen vart grunnlagd. Sentrum har "gater" i staden for "vegar" og er såleis urbant oppbygd. Havreneset er eit bustadområde like vest for sentrum der ein finn både einebustader og rekkjehus. Før kommunesamanslåinga i 1964 var Havreneset ein del av Kinn kommune (Stavang 1999). Bustadområdet Krokane ligg aust for sentrum, på andre sida av kanalen som skil Florø frå Brandsøya. Tidlegare var det mest gardar her, men no er området prega av einebustader og rekkjehus. Ein av informantane budde på Brandsøy, som eigentleg ligg for langt frå sentrum til at eg var interessert i informantar herifrå. Men når det gjaldt denne informanten, fekk eg tips om at han var frå Florø sentrum, og difor vart han med i utvalet. Brandsøy ligg aust for Krokane.

### Førde

Førde kommune ligg inst i Førdefjorden og strekkjer seg vestover langs sørsida av fjorden og austover i tre dalføre, der hovuddalføret Førdedalen eller Breidalen ligg i midten. I 1964 endra styresmaktene fleire kommunegrenser i Noreg, og då vart sørsida av Førdefjorden, som tidlegare høyrde til Vevring kommune, del av Førde kommune (Schei 1980). Kommunen har eit flatemål på 590 km<sup>2</sup>. Folketalet er 10647 (SSB 2001). I kommunesenteret Førde bur det om lag 7400 menneske (Djupedal 1998). Ein som bur i Førde, vert kalla *fördianar* (Sølvberg 1998).

Førde er eit viktig handelssentrum for Sogn og Fjordane. I følgje Sølvberg (1998) og internettsidene til Førde kommune (2002) er Førde på topp på landsstatistikken for varehandel per innbyggjar. Meir enn halvparten av innbyggjarane er sysselsette innanfor forretningsverksemd og andre tenesteytande næringar (Sølvberg 1998).

**Figur 3: Kart over Førde.**



Informantane frå Førde kom frå Via, Halbrendslia, Slåttebakkane, Ulltang og Sunde. Via og Viaåsen ligg nordaust for Førde sentrum og er prega av rekkjehus og einebustader i tillegg til nokre få gardar. Dette området vart i hovudsak bygd ut etter at det vart vedteke at Sentralsjukehuset skulle liggje i Førde. Før den tid var området Via prega av store gardar. Halbrendslia og Slåttebakkane ligg i åsen sør for sentrum, og går delvis over i kvarandre. Slåttebakkane ligg øvst. Begge områda er prega av same type utbygging som Via, med rekkjehus og einebustader sette opp etter 1970. Ulltang ligg vest for sentrum. Området har lenge vore prega av gardar og nokre einebustader, men har hatt tiltakande tilflytting og utbygging dei siste åra. Sunde har mykje av dei same trekka som Ulltang. Området ligg søraust for sentrum i retning Jølster. Det er framleis dominert av gardar, men også der har det vorte bygd fleire einebustader den siste tida.

### 2.1.2 Historie og utvikling

#### Florø

Før 1860 hørte det noverande Florø til Kinn kommune. Øya Kinn og omlandet var kystsamfunn der bebuarane livnærte seg av ein kombinasjon av fiske og jordbruk. For å få selt fangsten og kjøpt matvarer og andre ting måtte ein til Bergen, 20 mil lenger sør. Dette var upraktisk, og ein byrja å planleggje ein kjøpstad innanfor fylket. Møre og Romsdal hadde til dømes Ålesund, Molde og Kristiansund, som var grunnlagde på fisket. I 1860 vedtok departementet ved kongeleg resolusjon å opprette ein ladestad på garden Nedre Flora. Ladestaden skulle heite Florø (Kittang 1980).

Dei neste åra vart Florø bygd opp etter ein reguleringsplan med kvartalsstruktur, og i dag er byen ein av dei få stadene i Sogn og Fjordane som har gater i staden for vegar. Hovudgata heiter Strandgata og var lenge den einaste gata i byen. Seinare bygde ein fleire gater, men heldt heile tida på kvartalsstrukturen, slik at sentrum i dag står fram som eit tradisjonelt bysentrum med hus på begge sider av gatene.

Florø er grunnlagt på fiske og sjøfart, og fekk dampskipskai i 1880. I tillegg vart det bruk for kjøpmenn og handverkarar av alle slag. I ein ganske kort tidsperiode var det stor innflytting frå bygdene i Sunnfjord og Nordfjord, men det kom også ein del bergensarar og sette sitt preg på byen og talemålet (Kittang 1980). I følgje nøkkelinformantane A og D frå Florø, var det tidlegare sterke skilje mellom byfolk og bygdefolk i Florø-området, både når det gjaldt dialekt, klesstil og levesett.

Etter kvart vart byen vidareutvikla med sjukehus, meieri, sildoljefabrikk i 1953 og mekanisk verkstad i 1950. Ankerløkken Mek. Verksted var lokalisert på Hamar, men fekk ein filial i Florø mellom anna fordi vegkontoret i Sunnfjord brukte reiskapane dei laga. Etter kvart begynte Ankerløkken i Florø å produsere skip. I 1972 bygde Ankerløkken ei avdeling i Førde, og dei to byane samarbeidde om å byggje store tankskip. Den eine halvdel av skipet vart bygd i Førde, slept til Florø og sveisa saman med den delen som var bygd der (Kittang 1980). Etter at Ankerløkken gjekk

konkurs i 1985, tok Kleven over og selde vidare til Kværner i 1991. I dag er det Kværner Florø som driv skipsverfta i Florø og Førde (NRK 2002).

### Førde

Førde har meir eller mindre vore ei sentrumsbygd sidan 1600-talet, då det var handel i "kræmmerleiet" Sjøahola. I ein naturkatastrofe på slutten av 1700-talet fekk elva Jølstra nytt laup slik at ho ikkje rann forbi Sjøahola lenger. Ikkje lenge etter vart Postvegen lagt gjennom Førde, med postgard på Hafstad. Som følgje av dette flytte sentrumsfunksjonane litt etter kvart frå Sjøahola, som vart liggjande i bakevja, til det nye sentrumsområdet på Hafstad (Djupedal 1998).

Førde fekk tidleg handel og ein del sentrumsfunksjonar for Sunnfjord, mellom anna sorenskrivar, fut, militærleir, dampskipskai, fleire hotell og handelsmenn. Bygda var såleis prega av ein liten elite av embetsfolk. I tillegg var det eit lite forfattarmiljø i Førde på slutten av 1800-talet. Kristian Elster d.e. og d.y., Ole W. Fasting og Hjalmar Christensen kom alle frå eller var knytte til embetsmannsmiljøet i Førde. Dei interesserte seg særskilt for forholdet mellom embetsfolk og bønder i bygda. Embetsfolket var sentrert på Skei rett nord for sentrum, med eit sterkt sosialt nettverk seg imellom, og var skilde frå resten av bygda både sosialt, økonomisk og delvis geografisk (Djupedal 1998).

Utviklinga av Førde frå bygd til by kom ikkje riktig i gang før etter 2. verdskrigen. "Etter kvart som biltrafikken vart viktigare, vann Førde fram rett og slett ved si sentrale plassering i fylket" (Djupedal 1998:38). På 1990-talet vart stamvegen langs Vestlandet lagd gjennom Førde, Fjærlandsvegen vart opna mot aust og Naustdals-tunnelen forkorta vegen vestover mot Florø. Riksveg 5 mellom Førde og Florø vart opna i 1945 og har vore under utbetring nesten konstant sidan den tid.

I 1965 bad Kommunaldepartementet fylka i Noreg om å peike ut eitt eller fleire senter som såkalla prøvesenter, naturlege vekstsenter som kunne medverke til utviklinga i ein heil region. Sogn og Fjordane valde Førde som eit slikt senter. Som følgje av denne satsinga vedtok Statens Industrivekstanlegg å utvikle eit industriområde på Øyrane rett utanfor sentrum. Ei av bedriftene var Ankerløyken, seinare

Kværner, som skaffa mange arbeidsplassar. Seinare kom det fleire bedrifter og fylkesdekkande kulturelle institusjonar og etablerte seg (Djupedal 1998). Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane (SSSF), som stod ferdig i 1979, var nok den viktigaste enkeltarbeidsplassen. I dag har sjukehuset rundt 1200 arbeidsplassar fordelte på avdelingane i Førde og Florø (Førde Sentralsjukehus 2002).

Reguleringsplanane for Førde på 1950- og 1960-talet viser at ein planla ei urban utvikling med kvartalsstruktur, parkar og allear. Men det faktum at det er god plass i Fördedalen, har ført til at bygningane har blitt spreidde utover slik at resultatet ikkje vert byprega i same grad som til dømes i Florø. Ein stor del av Førde sentrum vart bygd ut på 1970-talet, og ber preg av byggjeskikken som var populær på den tida.

På 1960- og 1970-talet auka folketalet i tettstaden Førde med 4000 (SSB 2001). I 1997 fekk bygdebyen Førde tildelt bystatus, etter at folketalet hadde nådd 10 000 (Djupedal 1998).

### 2.1.3 Rivalisering

Forholdet mellom Førde og Florø har lenge vore prega av strid og krancling. På individplan ser førdianarane og florøværingane gjerne litt humoristisk på dette ”hat-forholdet”, men på det politiske planet er det ofte lokaliseringssaker som skapar strid. Stavang (1999) skriv at motsetningane ligg i forholdet mellom Florø by og resten av fylket. Administrative funksjonar vart lagde til andre stader i fylket og ikkje til Florø, som var den einaste byen. På grunn av den gunstige geografiske plasseringa vart nok Førde ein av dei verste konkurrentane. Lokalavisene Firda (for Førde-området) og Firdaposten (for Florø og kystområda) omtalar ofte det dårlege forholdet mellom byane og oppfordrar til å samarbeide meir (Firda og Firdaposten, nettutgåva, 2001).

Den enkeltsaka som har skapt mest strid og som står fram som sjølve opphavet til nabokrangelen mellom byane i Sunnfjord, er lokaliseringa av sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane på 1970-talet. Florø fekk sjukehus allereie i 1867, sju år etter at byen var grunnlagd. Sjukehuset var finansiert av ei avgift på eksportert sild, og var bygd som eit ”fiskarsjukehus”. Det heldt berre ope i tre månader i sildesesongen. I

1926 tok Raudekrossen over og utvida sjukehuset til heilårsdrift. Florø sjukehus vart vidare utbygd i 1933, etter at florøværingane hadde samla inn pengar til inntekt for sjukehuset (NRK 2002). Elles i fylket var det sjukehus i Lærdal, Høyanger og Nordfjord. Men etter strenge innsparingar i fylkeskommunen frå 1946 og utover, var både Florø sjukehus og dei tre andre nedslitne og umoderne. I 1967 tilrådde Helsedirektoratet å byggje eit sentralsjukehus i Sogn og Fjordane, og ei nemnd under fylkeslege Rolf Hegbom gjekk inn for å byggje dette i Førde. Fylkestingsmedlemmene var usamde, og dei vedtok i 1970 å byggje ut dei fire lokalsjukehusa i Sogn og Fjordane i staden for å byggje sentralsjukehus. I 1971 omgjorde regjeringa Bratteli (Ap) vedtaket til fylkestinget og bestemte at sentralsjukehuset likevel skulle byggjast i Førde, og at mellom anna Florø sjukehus skulle leggjast ned.

Vedtaket til regjeringa førte til lokalt opprør i Florø. Folk gjekk i fakkeltog og melde seg ut av arbeidarpartiet i protest. Statsministeren reiste til Florø for å roe ned opprøret, ”men vart møtt med faklar og protestrop” (NRK 2002). Sentralsjukehuset vart likevel bygd i Førde og stod ferdig i 1979. Sjukehuset i Florø og dei andre lokalsjukehusa i fylket vart ikkje nedlagde, men skulle moderniserast. Likevel har sjukehuset i Florø mista ein del funksjonar som det hadde tidlegare. På 1990-talet vart fødeavdelinga lagd ned. Sjukehuset vart omgjort til ei avdeling under SSSF, og altså styrt frå Førde. Forholdet mellom florøværingar og førdianarar var betent lenge etter denne enkeltsaka var over (Djupedal 1998 og NRK 2002).

## 2.2 Talemålet

I samband med Sentralsjukehuset og andre nye arbeidsplassar har det vore stor innflytting til Førde, og det har påverka språket i nyare tid. Det moderne førdemålet er framleis eit sunnfjordmål, men det er prega av forenkling, truleg som følgje av den store tilflyttinga både frå andre stader i Noreg og frå utlandet (Sølvberg 1998). Både Kværner, sentralsjukehuset og andre arbeidsplassar i byen har arbeidstakarar frå heile verda, dei fleste frå Noreg og andre skandinaviske land.



Også Florø har hatt stor innflytting. Før ladestaden Florø vart grunnlagt, var det berre to gardar på Florelandet. I tida etter 1860 auka folketalet nærast eksplosivt, og det hadde nådd 500 ved tiårsjubileet for byen i 1870 (Kittang 1980). Dei fleste innflyttarane kom frå Sunnfjord og Nordfjord, og dei medverka til at talemålet utvikla seg som eit sunnfjordmål. Men det kom òg ein del bergensarar og busette seg i byen. Bergensk var oppfatta som ”finare” enn sunnfjordmålet, noko som truleg hindra at bergensarane vart språkleg assimilerte. Bygdefolket blanda seg med byfolk på den måten at dei sendte døtrene sine i teneste som stovejenter og liknande (Kittang 1980). Språket i Florø i dag kan ein karakterisere som eit sunnfjordmål med bergenske drag. Skarre-*r*-en er nok det mest saliente trekket, men der er også andre bymålstrekk i dialekten (Ølmheim 1983).

Tradisjonelt skil ein talemåla på Vestlandet mellom nordvestlandsk og sørvestlandsk. I Sogn og Fjordane går skiljet mellom måla i indre og midtre Sogn og måla i ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Sørvestlandsk har a-ending i infinitiv av verb og ubunden form av svake hokjønnsord og vert difor kalla a-mål. Nordvestlandsk har e-ending i dei same posisjonane og vert kalla nordleg e-mål (Skjekkeland 1997). Florø-målet og førdemålet tilhøyrer nordvestlandsk, nærare bestemt fjordamål (som omfattar Nordfjord og Sunnfjord) eller sunnfjordmål (Ølmheim 1983). Nedanfor kjem ei oversikt over dei viktigaste målmerka for sunnfjordmålet. Der dialektane i Førde eller Florø skil seg frå sunnfjorddialekten generelt, vil eg kommentere det eller vise skilnadene i eigne paradigme.

### 2.2.1 Prosodi og fonologi

Sunnfjordmålet har høgtone med vestnorsk tonegang.

Vokalfonem:

	FREMRE		MIDTRE	BAKRE RUNDA
	URUNDA	RUNDA		
HØG	i	y	ʉ	ʊ
MELLOMHØG	e	ø		ɔ
LÅG	æ		ɑ	

**Diftongar:**

Førde og Sunnfjord: ai, oi, æu

Florø: ei, øy, æu

**Reglar og merknader:**

- I trykklett endestaving vert /e/ uttala [ɛ].
- Kort /e/ vert uttala [ɛ], og kort /i/ vert uttala [ɪ].
- Lange vokalar vert ofte diftongerte: *stor* ['stoʷrɛ].
- Monoftongering av [ɑɪ] (*ei*) til [æ] framfor lang konsonant og konsonantsamband: [mæntɛ, rænt, hælt] (*meinte, reint, heilt*).
- I trykklett stilling er det også vanleg å uttale ubunden artikkel (*ein, eit*) og talorda *ein, eitt* som [æɲ, æt] eller [ɪɲ, it]. Florødialekten har [e:n] (med monoftong) også i trykksterk stilling.

**Språkhistoriske merknader:**

- Lågning av *i* til open *e* eller *æ*: [slekt, fesk] (*slikt, fisk*) slik ein òg har det fleire stader i Nord-Noreg (Ølmheim 1983). Sølvsberg (1998) konkluderer med at dette språkdraget ikkje lenger finst i førdedialekten.
- Lågning av diftongane *ei* og *øy*: [stain, bain, røis] (*stein, bein, røys*). Florødialekten har ikkje slik lågning, men til dels monoftongering av *øy*. Dette gjeld helst i enkeltord som [dʌøme, ʃcø:ɛ, høvt]. Diftongen *au* vert vanlegvis realisert som [øu]: [snøu, øuge] (*snau, auge*), ”men i naboskap med /r/ vert første element i diftongen uttala meir i retning av *æ*” (Breivik 1973:7), som i [tɛæu, ɛæt] (*trau, raut*).
- Gammal *o* vert uttala /ɔ/: /gøŋg/ (*gøng*). I florømålet finst også *a*-uttale framfor /ŋg/, som i /gøŋg/.
- Vokalisering av gammal *ð*: [vair, fjøir, 'beire] (*vêr, fjør, betre*). I norrønt/mellomnorsk var stavemåten her *veðr, fjøðr, betri* > *beðri*.

**Konsonantfonem:**

	LABIAL	ALVEOLAR	POSTALVEOLAR	PALATAL	VELAR/ UVULAR	GLOTTAL
PLOSIVAR	p b	t d			k g	
FRIKATIVAR	f v	s	ʃ	ç j	ɣ	h
NASALAR	m	n		ɲ	ŋ	
LATERAL APPROKSIMANT		l				
TRILL		r		ʀ		

### *Reglar og merknader:*

- Palatalisering av alveolarar i trykksterk og nokre gonger i trykklett staving: /kaʎ, stavʌɲɛ/ (*kall, stavane*).
- Palatalisering av velarar i innlyd: [vɛjɛn, bu:ɕa] (*veggjen, boka*). Når det gjeld palatalisering, skil både Florø og Førde seg ut ved at palataliseringa anten er borte frå dialekten eller svært lite utbreidd (Breivik 1973, Sølvsberg 1998). Difor vil eg ikkje fokusere på palatalisering i undersøkinga mi.
- Realisasjon av /r/: Sunnfjordmålet (og førdemålet) har alveolar [r] (rulle-*r*). Florø-målet skil seg ut ved å ha hatt gjennomført uvular [ʁ] (skarre-*r*) i lang tid. Det finst også personar elles i Sunnfjord som har skarre-*r*, men då er det oftast familiebakgrunnen som er årsaka, til dømes at ein av foreldra kjem frå område med gjennomført skarre-*r*. Sidan dette er eit trekk som språkbrukarane sjølve oppfattar som ulikt i Florø og Førde, har eg realisering av /r/ med som språkvariabel i undersøkinga.
- Realisering av /ʃ/ og /ç/: I feltkursundersøkinga frå 1976 vart det nemnt at nokre av sentrumsungdommane i Førde veksla mellom affrikaten /çʃ/ og ein rein palatal frikativ /ç/. Også Breivik (1973) finn ei slik veksling hjå yngre informantar i florø-målet. I dag er det truleg meir aktuelt å undersøkje vekslingar mellom affrikaten /çʃ/ eller palatal frikativ /ç/ på eine sida og postalveolar frikativ /ʃ/ på andre sida. Realisering av /ʃ/ og /ç/ er ein av dei språklege variablane eg har undersøkt. Ei slik veksling er verken nemnd i Feltkurs 1976 eller hos Breivik (1973 og 1974), og eg tolkar det som at samanblandinga av palatal og postalveolar frikativ enno ikkje hadde begynt i førdemålet.
- Den trykklette stavinga /en/ vert syllabisert etter /t, d, n, s/.

### *Språkhistoriske merknader:*

- Konsonantsambandet /rn/ vert ofte assimilert til /n:/ og dessutan palatalisert i ord som [kʌɲ, jɛɲɛ] (*korn, gjerne*) i den tradisjonelle sunnfjorddialekten.
- Konsonantsambanda *fs, ft, sl* og *vn* vert uttala [ps, pt, tl, mn]: [ˈlɔpsɛ, ˈʃɪptɛ, ˈvɛtlɛ, sɔmnɛ] (*lefse, skifte, vesle, sovne*). I følgje Ølmheim (1983) og Sølvsberg (1998) er den mest utbreidde uttalen i både Florø og Førde /fs, ft, sl, vn/.
- Norrøn *ld, nd, mb*, og *ng* held seg utan å bli assimilerte til /l:, n:, m:, ŋ:/ i florø-målet er desse lydane oftare assimilerte, men heller ikkje her er det heilt gjennomført. I nyare førdedialekt er det veksling mellom assimilerte og ikkje-assimilerte former (Sølvsberg 1998).
- Norrøn *hv* i framlyd > *kv*.
- Bortfall av *m* i utlyd i ord som [su:, ˈmyljɔ, ˈgjø:nɔ] (*som, mellom, gjennom*).

### 2.2.2 Morfologi

Nedanfor kjem ei skisse over bøyingsparadigma i sunnfjorddialekten. Teiknet \* tyder vokalskifte. Dei formene som er ulike i florø- og fòrdedialekten, er utheva med feite typar.

#### Substantivbøying

##### *Hankjønn*

	UBUNDEN EINTAL	BUNDEN EINTAL	UBUNDEN FLEIRTAL	BUNDEN FLEIRTAL
SVAKE	-e	-en	-a	-ane
	˘hɑ:ge	˘hɑ:gen	˘hɑ:ga	˘hɑ:gane
STERKE	-	-en	-a	-ane
	hest	ˈhesten	˘hesta	˘hestane

##### *Hokjønn*

	UBUNDEN EINTAL	BUNDEN EINTAL	UBUNDEN FLEIRTAL	BUNDEN FLEIRTAL
SVAKE	-e	-a	-a	-ene
	˘jente	˘jenta	˘jenta	˘jentene
ER-KLASSEN	-	-a	-e	-ene
	bygd	ˈbygda	˘bygde	˘bygdene
OMLYDSKLASSEN	-	-a	-e *	-ene *
	bo:k	ˈbo:ka	ˈbø:ke	ˈbø:kene

##### *Inkjekjønn*

Når det gjeld endinga i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord, skil florødialekten seg frå både fòrdedialekten og sunnfjordmålet elles (Breivik 1973 og nøkkelinformant E).

Florødialekten har veksling mellom endingane *-ene* og *-a*, medan resten av

Sunnfjord har *a*-ending. Dette er ein av dei språklege variablane eg har undersøkt.

Inkjekjønnsord i Førde og Sunnfjord				
	UBUNDEN EINTAL	BUNDEN EINTAL	UBUNDEN FLEIRTAL	BUNDEN FLEIRTAL
SVAKE	-e	-e	-e	<b>-a</b>
	˘ri:ke	˘ri:ke	˘ri:ke	˘ri:ka
STERKE	-	-e	-	<b>-a</b>
	hæ:s	ˈhæ:se	hæ:s	ˈhæ:sa

Inkjekjønnsord i Florø				
	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
Svake	-e	-e	-e	<b>-a/-ene</b>
	˘ri:ke	˘ri:ke	˘ri:ke	˘ri:ka/ ˘ri:kene
Sterke	-	-e	-	<b>-a/-ene</b>
	hʉ:s	'hʉ:se	hʉ:s	'hʉ:sa/'hʉ:sene

### Adjektiv

Hankjønn og hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
-	-t	-e
fi:n	fint	˘fi:ne

- I hankjønn og hokjønn får adjektiva svarabhaktivokal: [ɛɪn 'fi:nɛ hɛstɛ]. Dette er ikkje gjennomført verken i Førde eller Florø (Sølvberg 1998).
- Gradbøying av adjektiv skjer med endingane -are i komparativ og -ast i superlativ: fin – finare – finast.

### Pronomen

#### *Personlege pronomen*

Personlege pronomen i førdedialekten. Trykklette former i parentes.						
1. PERSON	e:g (e)	me:g (me)	min mi: mit mi:ne	vi:	ʝs	vɔr
2. PERSON	dʉ:	de:g (de)	din di: dit di:ne	de: / dɔke	dɔke	dɔka
3. PERSON	han hʉ: de:	han hʉ: de:	has hi:pa	dei	dei	deira
REFLEKSIV	se:g		sin si: sit si:ne			

Personlege pronomen i florødialekten. Trykklette former i parentes.						
1. PERSON	e:g (e)	me:g (me)	min mi: mit mi:ne	vi:	ɔss	vɔβes
2. PERSON	dæ:	de:g (de)	din di: dit di:ne	døke	døke	døkes
3. PERSON	han hø: de:	han hø: de:	hanes henes	di:	di:	deiβes
REFLEKSIV	se:g		sin si: sit si:ne			

### Peikande pronomen

FØRDE	dan		da / de	disa	dæ:r / dæ:r
	diɲa / diɲe		dita	disa	
	hin	hi:	hit	hi:ne	
FLORØ	den		de	disa	dæ:ɸ
	dina		dita	disa	
	hin	hi:	hit	hi:ne	

- Spørjepronomen: kem, ka, kør/kar (*kven, kva, kvar*).

- Ubestemt pronomen: kvær/kvår (*kvar*).

### Verbbøying

#### Svake verb

	INFINITIV	PRESENS	PRETERITUM	PERFEKTUM
A-KLASSEN	-e	-a	-a	-a
	ʃkaste	ʃkasta	ʃkasta	ʃkasta
DENTALKLASSEN	-e	-e	-de/-te	-d/-t
	ʃle:ve	ʃle:ve	ʃleude	leud
DDE-GRUPPA	-	-r	-dde	-dd
	træ:	trær	ʃtræde	træd

*Sterke verb*

Denne bøyingsrekkja er felles for sterke verb i dei fleste dialektane i Sunnfjord:

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
-e	-	- *	-e *

Klasse	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
1. klasse	˘bi:te	'bi:te	beit	˘be:te
2. klasse	˘bry:te	'bry:te	breut	˘brø:te
3. klasse	˘fine	'fine	fan	˘fune
4. klasse	˘fɑ:re	'fe:re	fur	˘fɑ:re
5. klasse	gɔ:	gɔ:r	jek	gɔt

*Merknader:*

- Sunnfjordmålet har svarabhaktivokal i sterke verb i presens, sterke adjektiv og sterke hankjønnsord: [ˈsø:ve, ˈstø:re, ein ˈheste]. Bymåla i Førde og Florø manglar svarabhaktivokal i substantiva og ofte i adjektiva. Men i presens av sterke verb held vokalen seg, i følgje Ølmheim (1983).
- Presensforma av sterke verb er /ˈc̥e:me, ˈhelde/ med svarabhaktivokal. Nokre av verba får vokalskifte i presens. Florø-målet har former utan vokalskifte: /ˈkɔme, ˈhøle/ (Breivik 1974). I Førde vekslar dei unge mellom former med og utan vokalskifte (Sølvberg 1998). Sidan dette språkdraget ser ut til å vere i endring i Førde og tradisjonelt har skilt dialektane i Førde og Florø frå kvarandre, har eg teke det med som variabel i språkundersøkinga.
- Perfektum partisipp (supinum) av sterke verb har endinga -e: /hɑ˘bi:te, ˘sko:te, ˘le:se/. Både florø- og førdedialekten vekslar mellom svake og sterke partisippformer av sterke verb: ʎko:me/kɔmt, ˘le:se/lest, ˘vɔ:re/vært/ (Sølvberg 1998 og Breivik 1974). Denne vekslinga har eg òg med som variabel i språkundersøkinga.

*Syntaks*

- I følgje Ølmheim (1983) har sunnfjordmålet levande dativ. Men i omtalen av førdemålet nemner han at dialekten i Førde manglar dativ. Det same gjeld for florødialekten, sjølv om det ikkje kjem direkte fram i framstillinga. Men på meir generelt grunnlag skriv Ølmheim: ”Mange av dei viktigaste skilnadene mellom Florø-målet og sunnfjordmåla elles er dei same som vi

såg for Førde-målet, men som regel er dei meir gjennomførte i Florø” (1983:96).

### Leksikon

- Florø-målet skil seg ut med tydeleg påverknad spesielt frå bergensk i ei rekkje enkeltord. Ølmheim (1983) trekkjer fram [ˈsæɪɪ, ˈæɪɪ, alˈmɪnɛɪɪ] med *-li* i staden for *-le*. Preposisjonen *til* vert uttala [tɪl] mot [te:] i resten av Sunnfjord, og ein bruker formene *hos* og *fra* i staden for *hjá* og *frá*. Andre ord er *gutt*, *sønn*, *virke* og [ˈɕɛɪnɛ, ˈɕɛɪnɪŋ] (*rekne*, *rekning*). Nøkkelinformant A frå Florø kommenterer enkeltord som [ˈmyɛ, ˈjø:ɕɛ] i staden for *mykje* og *gjere*. I pilotintervjuet registrerte eg former som [si – si:ɛ] (*seie* – *seier*), [ˈutɲɔɕ, ɪˈste:ɲɔɕ, sɛlˈstɛndɪ] (*utanfor*, *i staden for*, *sjølvstendig*).
- Førde-målet skil seg ut frå Sunnfjord elles (men ikkje frå Florø) ved at dei yngre bruker ordformer som [ˈjøre, ˈspise, ˈbære, sat, ˈc̥çøt] (*gjere*, *ete*, *berre*, *sat*, *kjøt*) i følgje observasjonar dei to nøkkelinformantane C og D frå Førde har gjort. For å undersøkje denne tendensen vidare, har eg teke med dei leksikalske variablane *gjere/gjøre*, *seie/si* og *berre/bare* i undersøkinga av florø- og førdedialekten.

### 2.2.3 Oppsummering

Språket i Førde og Florø kan karakteriserast som sentrumsmål eller bysmål i forhold til det tradisjonelle bygdemålet i Sunnfjord. Men det er mange forskjellar mellom dei to talemåla. Florø voks raskt etter 1860 frå berre eit par gardar til å bli ein språkleg smeltedigel med mange innflyttarar. Difor har språket i Florø utvikla seg annleis enn i Førde, som etablerte seg meir gradvis frå 1600- til 1900-talet. I seinare tid har førdemålet vore utsett for større påverknad ved innflytting og auka kommunikasjon, medan florø-målet har etablert seg som eit særeige bysmål. I neste kapittel vil eg gå gjennom nokre av dei faktorane som påverkar språkendingar og individet sin språkbruk, med fokus på identitetsfaktoren.



## 3. Språk og identitet

### 3.1 Indre og ytre faktorar for språkending

For å finne årsakene til språkending er det vanleg å fokusere anten på forhold i språket sjølv, eller på sosiale forhold utanfor språket, også kalla høvesvis indre og ytre faktorar (Sandøy 1996).

Indrespråklege faktorar medfører ofte ei forenkling av språket, ved fonemsamanfall og ved at kategoriar og klassar forsvinn frå grammatikken. Døme på prosessar som fører til forenkling, er *analogi* (dvs. at medlemmene i ein uproduktiv grammatisk klasse går over til ein produktiv klasse) og *naturlegheit* (som m.a. viser til at visse språkdrag er lettare å uttale enn andre). Eit døme på det siste er at uvular frikativ (skarre-*r*) har blitt hevda å vere lettare å uttale enn alveolar tapp eller trill (rulle-*r*). Difor spreier skarre-*r* seg til stadig fleire dialektar (Sandøy 1996). Sølvsberg (1998) konkluderer med at regelavgrensing og analogi kan forklare alle språkendingane han finn i førdemålet (Sølvsberg 1999). Desse faktorane er truleg viktige også i flørømålet.

Endingar i materiell og åndeleg kultur, til dømes ved utvikling av nye reiskapar, varer, yrke og politiske idear, er døme på ytre faktorar som krev nye ord i språket. Denne typen språkending gjeld altså helst ordforrådet og omfattar nylagingar, lånord og nye bruksområde for gamle ord. Skriftspråket og massemedia utgjør ein viktig del av kvardagen til folk flest, og nye ord og uttrykk kjem inn i språket gjennom det ein les og høyrer. Desse faktorane har truleg større verknad på ordforrådet enn på sjølv språkssystemet. Ein av grunnane kan vere at massemedia representerer ein einvegskommunikasjon, slik at tilhøyraren ikkje deltek aktivt i kommunikasjonen. Men nye ord og uttrykk kan bli innførte via både skriftspråket og massemedia (Sandøy 1996).

Av dei ytre faktorane er identifiseringsfunksjonen til språket spesielt viktig, då den kan hjelpe til å forklare språkendringar som er resultat av kontakt mellom språkbrukarar og språksamfunn. Identiteten vert påverka av samfunnsendringar og nettverkskontakt mellom enkeltindivid i ulike språksamfunn. Identitetsfaktoren kjem mellom anna til uttrykk gjennom sosial og lokal tilhøyrse og språkhaldningar.

Identifiseringsfunksjonen til språket kan både hemme og fremje utvikling. Språket er ein del av den sosiale identiteten og er med på å knyte individet til ei sosial gruppe. For å vere konform i høve til gruppa ein identifiserer seg med, vil ein også halde på det språket som kjenneteiknar gruppa. Slik kan identifiseringsfunksjonen verke konserverande på språket. Men når identiteten endrar seg, kan også språket endre seg tilsvarande. Ved samfunnsendringar kan identifiseringsfunksjonen på den måten verke fremjande på språkendringar. Dersom samfunnsendringar fører til større sosial og geografisk mobilitet og nye kontaktar, kan nye grupper og sosiale mønster utvikle seg og føre til endringar i identiteten og i språket. Framveksten av særskilde ungdomsmiljø er eitt døme, der ungdommar har utvikla ein eigen identitet i høve til vaksne. (Sandøy 1996).

Sølvberg (1999) skriv at indre faktorar kan seiast å styre retninga i språkutviklinga, medan dei ytre faktorane avgjer farten på og omfanget av endringane. Den sosiale og geografiske mobiliteten i samfunnet har mykje å seie for språkutviklinga, og kanskje spesielt i Førde sentrum, der det har vore stor tilflytting dei siste tiåra (Sølvberg 1999). I Florø har dei ytre påverknadsfaktorane også hatt mykje å seie, spesielt i den handelskontakten byen har hatt med Bergen (Kittang 1980). I dag kan det tenkjast at Florø kan verte påverka av resten av Sunnfjordregionen. Endringar i kommunikasjon, samferdsel og flyttemønster er faktorar som har vore viktige i forminga av talemålet i både Florø og Førde. I tillegg har identitetsfaktoren truleg mykje å seie for språkutviklinga på individplanet. Eg legg til grunn at identitetsfaktoren er viktig, og det er den eg vil utforske i undersøkinga mi.

---

Hovudhypotese: *Det er samsvar mellom identitet, språkhaldningar og val av språkvariantar i Florø og Førde.*

## 3.2 Identitet

### 3.2.1 Sosial og personleg identitet

Identitet vert gjerne definert som sølvbilete eller "individuell sjølvforståing" (m.a. Fossåskaret 2000). Identiteten omfattar alle dei førestellingane eit individ har om seg sjølv. Desse førestellingane kan vere danna på sosialt eller individuelt grunnlag (Kleiven 1975). Identiteten veks fram i samhandling med andre, og språket er viktig i denne prosessen, då det markerer og gjev identitet. Samstundes må identiteten byggjast og handsamast av det enkelte individet. Identitet er såleis eit individuelt fenomen, samstundes som ein kan snakke om ein kollektiv identitet som kjenne-teiknar og bind saman geografiske område og sosiale system (Fossåskaret 2000).

Hogg og Abrams (1988) deler identiteten i personleg og sosial identitet. Den sosiale identiteten inneheld sjølvoppfatningar baserte på medlemskap i sosiale grupper eller kategoriar, medan den personlege identiteten skildrar spesifikke kjenneteikn ved einskildindividet. Sjølvoppfatningar kan såleis rangerast på ein todimensjonal skala frå sosial til personleg identitetsoppfatning (Hogg & Abrams 1988).

Det er problematisk å dele opp identitetsomgrepet på denne måten. I røynda er det vanskeleg, om ikkje umogleg, å skilje mellom til dømes sosial og personleg identitet, fordi den personlege identiteten vil vere bygd opp av sjølvoppfatningar som i stor grad avheng av sosiale relasjonar. Identiteten vert alltid til i samhandling med andre, og sosiale og personlege komponentar heng tett saman. Samstundes handsamar individet den sosiale identiteten på individuelt grunnlag. Lokal identitet er til dømes knytt til personlege vurderingar og kjensler (Fossåskaret 2000). Oppdelinga er såleis ei forenkling, og ikkje ei spegling av røyndomen. Her vil eg likevel bruke todelinga til Hogg & Abrams (1988) i sosial og personleg identitet, men fokusere på den sosiale identiteten. I den personlege identiteten reknar eg med

sjølvoppfatningar som er knytte til individet, utan referansar til sosiale kontaktar, og som gjerne skil individet frå den sosiale gruppa. Den sosiale identiteten omfattar lokal identitet i tillegg til gruppetilhøyrse. Språkbruk og språkhaldningar er òg uttrykk for sosial identitet.

### 3.2.2 *Gruppeidentitet og sosial kategorisering*

Omgrepet *sosial identitet* hjelper til å forstå samanhengen mellom samfunnet og individet, då den sosiale identiteten knyter individet til grupper i samfunnet (Hogg & Abrams 1988).

Samfunnet består av sosiale grupper eller kategoriar (etter rase, kjønn, alder, klasse, yrke etc.). Menneska forstår identiteten sin i stor grad på grunnlag av dei sosiale kategoriane dei tilhøyrer. Kvart individ tilhøyrer mange ulike sosiale kategoriar, og kan difor ha mange ulike identitetar. Når individet plasserer seg sjølv og andre i sosiale grupper, skjer dette ved hjelp av sosial kategorisering. Kategorisering er ein kognitiv prosess som forenkler persepsjonen av omverda ved å setje inntrykk i båsar. Individet strukturerer verda i åtskilte kategoriar i staden for at ein tek inn inntrykka i ein samanhengande og uoversiktleg straum (Hogg & Abrams 1988). Ein kategoriserer andre menneske med utgangspunkt i likskapar og ulikskapar med seg sjølv, og plasserer seg sjølv i forhold til andre individ og grupper (sjølvkategorisering). Individ som tilhøyrer same kategori som ein sjølv, vert oppfatta som medlem av inngruppa, medan dei som tilhøyrer andre kategoriar, vert karakteriserte som medlem av utgrupper. Gjennom denne kategoriseringsprosessen framhevar ein likskapar mellom seg sjølv og inngruppa, og ulikskapar i høve til utgrupper. Slike kjenneteikn omfattar mellom anna haldningar, oppfatningar, verdiar, kjensler, åtferdsnormer, talestil og språk hjå individet. Sjølvkategorisering fører såleis til at åtferda til individet er i samsvar med normene i gruppa. På den måten skaper sjølvkategorisering individ om til grupper (Hogg & Abrams 1988). Sosial kategorisering kan òg føre til at ein overfører stereotypiar til medlemmene i ei utgruppe. Når det gjeld forholdet mellom Florø og Førde, trur eg at folk framhevar

eller overdriv likskapane mellom innbyggjarane i heimbyen og ulikskapane mellom dei to byane.

### 3.2.3 Haldningar

Individet plasserer seg i forhold til omverda ved hjelp av haldningane det har til si eiga gruppe og til andre grupper og kategoriar i samfunnet. Haldningar vert definert av Moghaddam (1998) som positive eller negative vurderingar av ein sjølv, andre menneske, hendingar, emne og materielle ting (Moghaddam 1998). Fishbein og Ajzen definerer haldningar som predisposisjonar til å reagere på ein konsekvent positiv eller negativ måte overfor eit gjeve objekt. Dette objektet kan vere ein person, ei gruppe, ei hending, ein situasjon, eit faktum, ein språkvarietet, ein språkvariant etc. (Deprez & Persoons 1987). Haldningar er tillærte og varige. Dei vert ein del av personlegdomen gjennom sosialiseringprosessen, der individet lærer haldningane sine av den gruppa det identifiserer seg med (Venås 1991).

Det er ei utbreidd oppfatning i sosialpsykologien at haldningar består av tre faktorar eller komponentar: kjensler, åtferd og kunnskap. Ei haldning kan vere basert på ein, to eller alle desse faktorane (Venås 1991, Moghaddam 1998).

Den kognitive komponenten, eller kunnskapskomponenten, inneheld alle typar kunnskap ein har om haldningsobjektet, og assosiasjonar og førestellingar knytte til haldningsobjektet. Den affektive komponenten er kjensledelen av haldningane og omfattar dei kjenslene individet har overfor haldningsobjektet. Her vert kjensler knytte til dei førestellingane ein har i den kognitive komponenten. Kvar førestelling og kvart objekt kan knytast til fleire positive, negative og/eller nøytrale verdier. I den konative komponenten, eller handlingskomponenten, vert førestellingane og dei emosjonelle verdiane omdanna til åtferdsintensjonar. Innhaldet i den konative komponenten er såleis ikkje åtferd, men rettleiingar eller intensjonar for åtferd i konkrete situasjonar, og desse intensjonane avspeglar kva haldningar ein har. Intensjonane må vegast opp mot dei normative restriksjonane i situasjonen. Åtferdsintensjonane, og i neste omgang åtferda, er såleis bestemt av haldninga individet har til den intenderte åtferda, i tillegg til den subjektive norma overfor

denne åtferda, det vil seie personen si oppfatning av kva andre ventar av han i ein gitt situasjon (Deprez & Persoons 1987).

I følgje denne modellen er haldningar ikkje direkte observerbare eller målbare. Ein kan berre måle *resultatet* av haldningane anten i form av åtferd eller direkte rapportering av haldningane (Deprez & Persoons 1987). Desse resultata reflekterer ikkje alltid dei verkelege haldningane. Det er mange faktorar som kan kome i vegen for at ein oppfører seg i tråd med haldningane, eller at ein rapporterer dei verkelege haldningane (Moghaddam 1998). Desse faktorane kan gjere det vanskeleg å studere haldningar, fordi dei hindrar individet i å uttrykkje haldningane i åtferd eller rapportering.

I situasjonar der individet sine eigne interesser kjem i konflikt med haldningane, er det oftast haldningar og prinsipp som må vike for meir pragmatiske omsyn. Det har dessutan blitt påvist at haldningar som har støtte i kunnskap om haldningsobjektet, har større påverknad på åtferd enn "svake" haldningar utan grunnlag i kunnskap. Haldningar som er baserte på direkte erfaring med haldningsobjektet, og som har innverknad på sjølvinteresser, har sterkare og meir påliteleg verknad på åtferd enn haldningar som er tileigna indirekte, og som er uavhengige av individet sine eigne interesser og erfaringar (Moghaddam 1998). Haldningar vert særskilt påverka av den sosiale gruppa ein tilhøyrer. Dersom ein får løn for å ha visse haldningar, kan det styrke desse haldningane og gjere dei meir påverknadsdyktige på åtferd. Konformitet med inngruppa kan vere eit motiv for å skjule kontroversielle haldningar og heller gje uttrykk for det som er gjengs oppfatting for inngruppa (Baker 1992 og Notland 2001).

I ungdomstida er det ofte jamaldringar som bestemmer endring i haldningar, og ungdomskultur synest å ha ein relativt sterk påverknad på språkhaldningar. Urbani-tering, folkevekst og massemedieteknologi skaper kontakt mellom store mengder barn i same alder, og gjev ungdommar over heile verda same type opplevingar og erfaringar. Resultatet er ein avgrensa og tydeleg ungdomskultur som omfattar mellom anna kunstformer, verdiar, livsstil og haldningar (Baker 1992).

### 3.2.4 Lokal identitet

Den sosiale identiteten heng saman med dei sosiale gruppene ein tilhøyrrer, men også med den geografiske staden ein kjem frå. Den delen av den sosiale identiteten som knyter individet til ein spesiell stad, vert kalla *lokal identitet* eller *stadidentitet*.

Kjensla av å høyre til er eit svært viktig element i lokal identitet. Tilhøyrsla til lokalsamfunnet vert vedlikehalden gjennom deltaking og engasjement i det lokale kulturlivet og gjennom samhandling i sosiale nettverk (Magnussen 1993). Sterke sosiale nettverk fører til større sosial kontroll og færre framandelement i språket. Det same gjer ein sterk stadidentitet (Rudi 1999). Samstundes kan personlege erfaringar og tilhøyrsla i sosiale kategoriar (kjønn, klasse og andre sosiale grupper) føre til at menneske som kjem frå den same geografiske staden, har ulik identitet knytt til staden. Stadidentitet som er knytt til eit større geografisk område, kallar ein *regional identitet*. Personar frå industristader og stader som språkleg og andre måtar skil seg frå resten av regionen dei tilhøyrrer, har ofte identiteten sin knytt svakare til regionen som heilskap enn innbyggjarar i område som er meir typiske for regionen. Dette heng mellom anna saman med at språket deira er annleis enn i resten av regionen (Fossåskaret 2000). Sidan florømålet skil seg ut frå sunnfjorddialekten elles, er det difor mogleg at florøværingane har sterkare lokal identitet enn førdianarane, som har eit meir tradisjonelt sunnfjordmål. Regional identitet vil eg kome tilbake til i 3.4.

#### Tilhøyrsla til lokalsamfunnet

Salomonsson (1996) definerer lokal identitet som tilknytning til sitt eige nærmiljø; kvarter, by eller trakt, det vil seie geografiske område som er langt mindre enn ein region. Døme på det kan vere Førde/Florø eller "bydelar" som Slåttebakkane i Førde eller Krokane i Florø, samt skulekrinsar i byen. Til og med så små einingar som burettslag eller "tun" kan vere basisområde for lokal identitet. I følgje Fossåskaret (2000) er den lokale identiteten knytt til ei geografisk eining som er så snever at ho også kan gjelde som sosial eining, der det er vilkår for samhandling. Nemninga lokalsamfunn inneber at det skjer samhandling innanfor grensene for ein lokalitet. Grensa for lokalsamfunnet går der samhandlingsfrekvens og -tettleik går markant ned. Den

lokale identiteten, som knyter oss til ein spesiell stad, er meir påtakeleg enn regional og nasjonal identitet (Fossåskaret 2000). Her bruker eg omgrepet *lokal identitet* om tilhøyrslse til tettstadene Førde eller Florø.

Den lokale identiteten omfattar individet sitt syn på seg sjølv og eigen heimstad og på omverda. Naboområdet vert gjerne oppfatta som annleis og avvikande på ein negativ måte. Dette "vi-dei"-forholdet kallar ein etnosentrisme. "Vi" vert oppfatta som velkjende og aksepterte personar, medan "dei" er avvikande og kanskje skremmande (Salomonsson 1996). Forholdet mellom Førde og Florø kan vere eit døme på eit slikt "vi-dei"-forhold med liten kontakt mellom folk i dei to byane. Leiarartiklar, nyhende og lesarinnlegg i lokalavisene Firda og Firdaposten gjev inntrykk av at det er strid mellom Florø og Førde, spesielt når det gjeld lokaliseringssaker (Firda og Firdaposten, 2000 – 2001).

Mykje tyder på at lokal identitet vert mindre viktig for folk etter som samfunnet endrar seg. Tradisjonelt har lokalsamfunnet vore karakterisert ved at "alle kjenner alle". No har folk mindre å gjere med andre i nabolaget, og meir å gjere med utvalde menneske utanfor nabolaget. Der folk tidlegare var sambygdingar, er dei no bebuarar. Folk vert meir mobile, og ulike typar media formidlar inntrykk frå heile verda. Bygdene vert turbulente, ved at folk stadig "stikk innom" og blir buande nokre år, for så å flytte ut att (Fossåskaret 2000). Globaliseringa av økonomiske og kulturelle påverknads- og informasjonsstraumar er ein av faktorane som er med på å undergrave staden sin posisjon i tenkinga og handlinga vår. Impulsar frå ein stad i verda kan nå heile resten av verda på få sekund. Konsekvensane av dette er at det skjer ei homogenisering på det globale planet, slik at alt vert meir likt på tvers av geografiske grenser. Samstundes skjer det ei pluralisering på det lokale planet, med det resultatet at ein kan finne uttrykk og inntrykk frå heile verda samla på ein stad. Folk lever saman på tvers av kulturell bakgrunn og får stadig fleire og ulike sosiale tilhøyrslser. Dermed misser staden sitt potensial som sosialt samlande faktor (Dencik 1999).



Kultur er heller ikkje knytt til ein geografisk plass, men til tidsånd og ulike grupper. Ein kultur treng ein kritisk menneskemasse for å vere oppegåande. Ved hjelp av moderne kommunikasjon og informasjonsteknologi kan dei individa som utgjer ein kulturell minoritet, gjerne vere spreidde utover heile jordkloten. Kultur vert i aukande grad noko som ligg i tida, det vert eit temporalt fenomen, snarare enn knytt til ein bestemt stad. Konsekvensen er at staden vert mindre viktig for den sosiale identiteten (Dencik 1999).

### Nettverk og urbanisering

Magnussen (1993) trekkjer fram tilhøyring til lokale nettverk og engasjement i lokal kultur som viktige element som forsterkar den lokale identiteten og knyter individet til ein stad. I tillegg til dei praktiske aktivitetane (til dømes idretts- og kulturaktivitetar) fungerer slike arenaer styrkande for dei sosiale relasjonane ved at ein får eit påskot til å møtast (Magnussen 1993).

Sosiale nettverk kan definerast som ”et sett av relativt varige relasjonar mellom mennesker” (Schiefløe 1985:122). Funksjonen til sosiale nettverk er hovudsakleg ei gjensidig utveksling av meldingar, tenester, sympati og gode av ulik sosial art (Milroy, L. 1987). I sosiologien opererer ein med motsetnadsparet *Gemeinschaft* og *Gesellschaft*, som er nemningar for ulike typar samfunn eller nettverk. Schiefløe (1985) gir følgjande definisjonar av omgrepa:

*Gemeinschaft betegner relasjonar mellom mennesker som er nært knyttet til hverandre, slik som en er det i familien, blant venner eller i den lille landsbyen. [...] Det intime, private, det en blir født inn i og deltar i med følelser, sinn, hjerte og tro – det er Gemeinschaft. [...] Gesellschaft er det planlagte, kalkulerede og spesialiserte, med forretningsrelasjoner som det tydeligste eksempel.* (1985:35–36)

*Gemeinschaft bygger på følelser og personlige kontakter, mens Gesellschaft knytter folk sammen gjennom rasjonelle interesser og formelle kontakter.* (1985:172)

Schiefløe oppfattar overgangen frå *Gemeinschaft* til *Gesellschaft* som ein del av urbaniseringsprosessen, der mellom anna felles geografisk opphav vert mindre viktig, medan felles interesser vert meir viktig for tilhøyrsla til sosiale nettverk. Det kan difor vere nyttig å knyte dei to omgrepa *Gemeinschaft* og *Gesellschaft* opp mot

omgrepa *ruralitet* og *urbanitet* og skilje mellom høvesvis rurale og urbane nettverkstypar.

Rurale sosiale nettverk er kjenneteikna av at ein har grundig kjennskap til dei ulike nettverkspersonane. Nettverka er lokalt forankra og er såleis med på å knyte individet til den lokale staden og forsterke stadidentiteten. Urbane nettverk skil seg frå rurale ”ved at de i liten grad synes være lokalt forankret og betinget” (Schieffloe 1985:208). Fellesskapskjensla er ikkje knytt til ein geografisk plass, men til personar ein identifiserer seg med og har noko til felles med. I byar er det vanleg å bu andre stader enn der dei voks opp, og blant andre menneske enn dei ein identifiserer seg med. Dei urbane nettverka består ofte av personar som bur på ulike stader, men som vert knytte saman av sams interesser. Såleis har dei urbane nettverka meir avgrensa funksjonar enn dei rurale. I staden for at folk samhandlar på fleire plan, får dei meir partielle berøringsflater med kvarandre (Dencik 1999). Nettverksgrupper som ikkje er knytte til ein spesiell stad, er kjenneteikna av frivillig medlemskap og at det er lett å melde seg ut (Fischer 1977).

Aktivitetane og interessene til informantane kan vere ein indikator på kva type nettverk dei deltek i. Ein blir introdusert i dei ulike aktivitetsarenaene gjennom nettverkspersonane, samstundes som mange typar aktivitetar utgjer nettverk i seg sjølv (Akselberg 1995). Ein analyse av aktivitetar og interesser viser kva informantane er interesserte i og opptekne av, og kva samanheng det har med språkformene dei bruker. Eg trur at nettverk med sterk lokal tilknytning fremjar språkbruk som er i samsvar med den lokale dialekten. Gjennom urbanisering vert folk derimot svakare knytte til den lokale staden, og vert meir urbant orienterte. Ei slik utvikling har truleg konsekvensar for dialekten i Florø og Førde.

Hypotesar om lokal identitet

Hypotese 1: *Florøværingane har sterkare lokal identitet enn førdianarane.*

Hypotese 2: *Vaksne informantar har sterkare lokal identitet enn unge informantar.*

Hypotese 3: *Ein sterk lokal identitet heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).*

Hypotese 4: *Urban orientering heng saman med at ein har mange bymålsformer i dialekten.*

Hypotese 5: *Sterk lokal nettverkstilknytning heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).*

### 3.3 Språkbruk og språkhaldningar

I prosjektskildringa til Talemålsending i Noreg (TEIN) legg ein til grunn at det er ein viktig samanheng mellom identitet og språk: ”menneskers valg av talemål er nært forbundet med den personlige og sosiale identiteten de ønsker å signalisere overfor omverdenen” (TEIN 2000:10).

Språket er eit middel til å gje meldingar om inntrykk, tankar og kjensler, og er på den måten med på å skape identitet (Venås 1991). Sosialpsykologien har påvist at vi bruker språket som eit middel for å plassere oss sjølv i høve til andre, signalisere gruppetilhøyrse og uttrykkje vår sosiale identitet. Språkbruk er såleis ei identitets-handling (Pedersen 1993). Gruppeidentitet og solidaritet gjer språket likt den gruppa ein identifiserer seg med, og bind saman gruppa (Venås 1991). Dialektar og språkdrag er dessutan viktige i kategoriseringa av det sosiale miljøet rundt oss, fordi språket er noko av det første vi legg merke til ved ein person.

Men sjølv om språket er ein viktig dimensjon ved identiteten, kan mange grupper ha ei sterk identitetskjensle utan at det har samanheng med distinkte språktrekk eller varietetar. Den sosiale konteksten kan vere avgjerande for kor mykje identiteten vert påverka av språket. Dersom språket kan vere med på å gjere kontrastar mellom grupper og likskapar innanfor gruppa tydelegare, vert språket viktig i identifikasjonsprosessen. Men dersom språklege kjenneteikn ikkje kan brukast for å framheve identiteten, vil ein bruke andre relevante særtrekk i staden, for å vege opp for den manglande språklege markeringa (Sachdev og Bourhis 1990).

I og med at dialekten i Florø skil seg relativt tydeleg frå resten av Sunnfjord, vil eg tru at språket har mykje å seie for identiteten til florøværingane. Dette gjeld kanskje spesielt for vaksne og eldre (frå ca. 30 år og oppover). I Førde kan det tenkjast at førdedialekt, spesielt slik unge folk snakkar det, ikkje blir sett på som ”skikkeleg dialekt”, fordi han er ein sentrumsdialekt med trekk frå andre dialektar. Truleg vil språket vere mindre viktig for identiteten til førdianarane.

Jo færre sosiale kategoriar individet kan identifisere seg med, jo viktigare vert språkgruppa for den sosiale identiteten (Sachdev og Bourhis 1990). Dette er viktig i dagens samfunn, då kvart individ gjerne har identiteten knytt til mange ulike grupper. Det er mogleg at språket då vert mindre viktig for å markere identitet (jf. til dømes Dencik 1999). Unge menneske identifiserer seg ofte med fleire sosiale grupper, og har kanskje svakare språkhaldningar enn vaksne og eldre.

### *3.3.1 Språkhaldningar*

Språkbruk er altså ein måte å uttrykkje sosial identitet på. Eit anna uttrykk for sosial identitet er haldningane ein har til språkbruk. Språkhaldningar kan vere haldningar til språkvarietetar, slik som dialektar eller nasjonalspråk, til skriftmål, som nynorsk og bokmål, eller til radikale og moderate former av skriftmåla. I sosiolingvistisk samanheng er det først og fremst haldningar til dialektar og språkdrag som er interessant. Haldningar til dialektar kan gjelde for dialektar generelt, eller for einsskilte dialektar og sosiolektar. Til dømes har norske haldningar til dialektbruk i media og i formelle sosiale situasjonar blitt generelt meir positive sidan 70-talet. Språkhaldningar kan også gjelde særskilde språkdrag, slik som uttalen av enkelte lydar, grammatiske former, genusbruk, syntaktiske særmerkje eller seiemåtar. Nokre slike språkdrag kan vere stigmatiserande for språkbrukaren og kan medverke til å plassere han/henne sosialt eller geografisk (Venås 1991).

Språkhaldningar har sjeldan grunnlag i direkte språklege kriterium, men byggjer helst på sosiale vurderingar. Fleire undersøkingar har vist at den oppfatninga folk har av ulike dialektar, sosiolektar og språkdrag, reflekterer haldningar til språkbrukaren, og ikkje til sjølve språket. I ei undersøking frå Oslo (Strømsodd 1979,

etter Venås 1991) vert til dømes telemål oppfatta som vakkert og klangfullt, hedemarksmaal som breitt og bondsk, og trøndermaal som morosamt. Desse adjektiva viser assosiasjonar høvesvis til kulturverdiar i Telemark, til oslofolk sitt tradisjonelt negative syn på bygdene i nære austlandsområde, og til trønderskrøner. Språket er ein viktig attributt, og det er naturleg å bruke språket som indikasjon på språkbrukaren sin personlegdom, status og geografiske plassering (Venås 1991). Karl-Hampus Dahlstedt skriv om Sverige at dialekt er ein identitetsmarkør som skapar og forsterkar lokalpatriotisme og fellesskapskjensle. Men det å bruke dialekt vekkjer også negative haldningar, som for eksempel at dialektbrukarar blir sosialt stigmatiserte som bønder (Dahlstedt, 1978). Språkbruk vert såleis naturleg knytt til positive eller negative trekk hjå språkbrukaren (Venås 1991). Men ein kan òg ha haldningar til særskilde språkdrag tilsynelatande utan at desse er knytte til personoppfatningar. Til dømes er det mange som har negative haldningar til slike lydendingar som utbreiinga av skarre-*r* eller samanfallet av *sje-* og *kje-*lydane. Her kan det diskuterast om det er språklydane eller personlegdomstrekk som er haldningsobjektet. Både skarre-*r* og samanfall av *sj* og *kj* har blitt oppfatta som slurv, barnespråk eller talefeil, altså karakteristikkar som er knytte til personlegdommen til språkbrukaren (Torp 2000).

Språkhaldningar til eigen dialekt kan påverke korleis ein person vel å snakke. Dersom ein har positive haldningar til dialekten sin, vil ein halde på den i dei fleste tilfelle. Men er haldningane negative, kan det føre til språkleg utryggleik og dermed endring i dialekten, i følgje William Labov (Hudson 1996:210). Ein verknad av språkhaldningar kan såleis bli at varietetar og språkdrag med høg sosial prestisje får styrkt stillinga si, medan lågstatusformer og -varietetar får redusert utbreiing og kan forsvinne. Dialektar som skil seg frå standardspråket, kan bli stigmatiserte og utsette for negative haldningar, også av dialektbrukarane sjølve (Hudson 1996).

Likevel er det ikkje slik at folk som bruker stigmatiserte former, automatisk tilpassar dialekten til prestisjespråket. Det finst nemleg krefter som verkar i motsett retning av den offisielle prestisjen. Medlemmer i ei gruppe har ofte positive

haldningar til si eiga gruppe, sjølv om det å høyre til gruppa ikkje inneber prestisje i storsamfunnet. Samstundes kan dei ha negative haldningar til høgstatusgrupper, noko som kan hindre ei tilpassing til prestisjegruppene. Det enkelte språksamfunnet har sin eigen lokale eller skjulte prestisje ("covert prestige"), som gjer det positivt å tilhøyre gruppa og å tilpasse seg gruppenormene (Hudson 1996). Gruppeidentitet og lokal prestisje kan hjelpe til med å halde oppe språklege varietetar som skil seg frå statusmålet (Venås 1991). Dersom ein bryt språkleg ut av gruppa ein høyrer til, kan det resultere i sanksjonar frå det sosiale nettverket personen er medlem av, til dømes i form av nedlatande omtale av folk som skifter frå arbeidarklassespråk til overklassespråk, eller frå bygdemål til bymål. Personar som legg om språket frå ein lågstatusvarietet til ein høgstatusvarietet, risikerer å tape meir enn dei vinn på omlegginga (Hudson 1996).

Språkhaldningar kan avgjere i kva retning ein dialekt utviklar seg. Dersom ein til dømes har negative haldningar til nabobygda, kan det hindre språkleg utjamning og regionalisering og jamvel føre til at dialektane i to nærliggjande bygder fjernar seg frå kvarandre. Dette fenomenet vert kalla naboopposisjon (Venås 1991). Ein plasserer "dei andre" i utgrupper, som står i motsetnad til den gruppa ein sjølv er medlem av, inngruppa. Forskjellane mellom inngruppa og utgruppa vert forsterka (jf. ovanfor om sosial kategorisering, Hogg & Abrams 1988).

Dersom informantane i Førde og Florø har negative haldningar til nabobyen, kan det føre til at dei differensierer seg frå språket i nabobyen. Haldningar til språkvarietetar og språkdrag er med på å bestemme kva språkdrag som kjem inn i dialekten, og kva drag som fell ut. Stigmatiserte språkdrag vil såleis bli haldne utanfor dialekten. Det er òg interessant å sjå om det er forskjellar i språkhaldningar mellom generasjonane. Ungdommar kan ha andre haldningar til språket enn dei eldre språkbrukarane har, og det kan føre til at somme trekk forsvinn og andre kjem inn i dialekten gjennom ungdomsspråket. I Førde er det spennande å sjå kva folk meiner om språkdrag som tradisjonelt høyrer til florødialekten, som skarre-*r*, realiseringa av personleg pronomen i 3. person fleirtal (*de* eller *dei*) og sterke verb i presens utan

vokalskifte. I Florø er det derimot interessant å sjå om haldningane til språkdrag i sunnfjordmålet endrar seg, og om det mentale og språklege skiljet mellom ”by” og ”land” forsvinn.

Hypotesar om språkhaldningar

Hypotese 6: *Haldningane til dialekten på heimstaden er meir positive og sterkare hjå florøværingar enn hjå førdianarar.*

Hypotese 7: *Vaksne informantar gir uttrykk for større språkleg medvit enn unge informantar.*

Hypotese 8: *Informantane vil trekkje fram forskjellen på talemålet i Førde og Florø når dei omtalar forholdet til nabobyen.*

Hypotese 9: *Positive haldningar til tradisjonelle språkdrag samsvarar med at ein har tradisjonelle språkdrag i talemålet.*

Hypotese 10: *Informantar som har sterk lokal identitet, har meir negative haldningar til språkleg akkommodasjon enn dei som har svak lokal identitet.*

## 3.4 Språkleg regionalisering og regional identitet

### 3.4.1 Språkleg regionalisering

*Etter kvart som vi fikk meir utbygde kommunikasjonar og vegnett, blei talespråksamfunnet ikkje lenger bare lokalt, men regionalt, og i etermediealderen etter kvart nasjonalt. (TEIN 2000)*

I forskingsprosjektet TEIN (Talemålsendring i Noreg) hadde ein som hypotese at det skjer ei språkleg regionalisering i norske språksamfunn. I prosjektskildringa legg ein til grunn at auka kommunikasjonar mellom innbyggjarane i ulike lokalsamfunn

*[...] gjer dei små lokale språkeiningane mindre aktuelle og mindre livskraftige enn tidligare. Det som utgjer dei minste språksamfunna, representerer eit stadig større geografisk område. Språkbruken blir mindre lokal og meir regional. (TEIN 2000)*

Røyneland (1999) definerer språkleg regionalisering som ”reduksjon av strukturell variasjon” (1999:100). Regionalisering inneber såleis at ”den strukturelle skilnaden mellom nærskyldte dialektar vert redusert” (199:100). Dette skil regionalisering frå eit anna språkutviklingsmønster, nemleg standardisering. Der

standardiseringa er vertikal og inneber tilnærming frå dialekt mot standardtalemål, er regionaliseringa horisontal: ho inneber tilnærming mellom nærliggjande dialektar. Som eit samleomgrep bruker Røyneland *nivellering*, som kan omsetjast med *utjamning* (Røyneland 1999).

Måten regionaliseringa skjer på, er i følgje prosjektskildringa til TEIN ved *urban jumping*. Dei regionale språkdraga spreier seg først frå kjerneområdet til tettstadene. I neste omgang vil dei mellomliggjande, rurale områda bli påverka av tettstadene dei grensar til (TEIN 2000). Om dette skjer i Sunnfjordregionen, kan eg ikkje svare på, sidan eg ikkje har undersøkt dei områda som ligg mellom tettstadene Førde og Florø. Men eg kan finne ut om førde- og florødialekten tek til seg språktrekk som kan oppfattast som regionale trekk.

Ovanfor hevda eg at den lokale staden får mindre å seie for den sosiale identiteten og språkbruken til innbyggjarane. Både i Førde og Florø har tilflytting ført til ei viss blanding av dialektar frå ulike kantar av landet. Fysisk og mental urbanisering og globalisering kan såleis føre til at det lokale særpreget forsvinn frå talemålet og det utviklar seg eit regionalt talemål. Spesielt tydeleg vil ei slik utvikling vere i Florø, der talemålet tradisjonelt skil seg sterkt frå omlandet. Det er mogleg at florødialekten vil bli meir lik dialekten i resten av Sunnfjord. Dersom ei slik endring skjer, vil ho truleg finne stad hos unge språkbrukarar, og henge saman med ei endring i stadidentiteten. I Førde får dialekten fleire bymålsformer, i følgje Sølvsberg (1998). Her er det sannsynleg at førdedialekten vil få ein del bymålstrekk på grunn av den store tilflyttinga frå heile landet, og at desse trekka i neste omgang vil bli spreidde til bygdene rundt Førde. Sagt på ein annan måte er det altså mogleg at førde- og florødialekten vert meir like kvarandre ved at florødialekten får fleire TS-former og førdedialekten fleire bymålsformer. I så fall kan ein seie at det har skjedd ei språkleg regionalisering.

### 3.4.2 *Tilhøyrslø til regionen*

Eit interessant omgrep i samanheng med språkleg regionalisering er *regional identitet*. I motsetnad til den lokale identiteten, knyter den regionale identiteten



---

individet til ein region, som er ei større geografisk eining enn lokalsamfunnet (Fossåskaret 2000).

Omgrepet *region* kan definerast på ulike måtar etter kva geografisk område ein bruker nemninga på. Nemninga kan brukast på område både over og under det nasjonale nivået. Til dømes kan ein sjå Norden som ein region i Europa. Fossåskaret (2000) definerer region i utstrekning som eit nivå mellom kommune og fylke. Regionar i norsk tyding har mindre sjølvstende og nasjonale særdrag enn europeiske regionar gjerne har (til dømes Wales, Catalonia). Men dei norske regionane er likevel interessante som markørar av regional identitet (Fossåskaret 2000). Pedersen (1999) definerer språklege regionar som område med ei felles språkleg norm. Ein måte å finne ut om ein kan tale om språklege regionar på, er å undersøkje om språkbrukarane sjølve oppfattar talespråket som regionalt særmerka. Denne metoden kallar ein perseptuell dialektologi (Preston 1989 etter Pedersen 1999). Sjølv har eg spurt informantane i intervjuet om kva dei ville definere som region, slik at eg har brukt deira eigne regionsomgrep for å beskrive den regionale identiteten.

Salomonsson (1996) meiner at det ein kallar regional identitet er noko som folk først legg merke til idet dei forlét regionen og møter det som er utanfor. Det kan ha samband med at regionen er eit større geografisk område enn lokalsamfunnet, slik at ein ikkje klarar å knyte noko konkret til regionsomgrepet. Folk treng eit regionalt særpreg, ”noget at have deres regionalisme i” (Pedersen, 1993:249). Innbyggjarane må oppfatte området som ein region, som ei naturleg eining med ein viss eigenart, for at den regionale identiteten skal visast (Pedersen 1999). Språkleg utgjer Nordfjord, Sunnfjord og ytre Sogn eit kontinuum med mange likskapar mellom dialektane. Indre Sogn skil seg meir ut språkleg sett (Ølmheim 1983). Men sjølv om Sunnfjord tradisjonelt vert rekna som ein region i Sogn og Fjordane, er det ikkje sikkert at innbyggjarane der har nokon tydeleg regional identitet. Den regionale identiteten er truleg mindre viktig for sunnfjordingane enn lokal identitet (jamfør Fossåskaret 2000).

### Hypotesar om språkutvikling og regionalisering

Hypotese 11: *Dialekten i Florø får fleire språktrekk felles med sunnfjorddialekten, og det viser seg ved at dei vaksne florøværingane har fleire bymålsformer enn dei unge.*

Hypotese 12: *Dialekten i Førde får fleire bymålstrekk, og det viser seg ved at dei vaksne førdianarane har fleire tradisjonelle sunnfjordsformer enn dei unge.*

Hypotese 13: *Lokal identitet er sterkare enn regional identitet.*

## 3.5 Hypotesar

Eg har prøvd å formulere nokre hypotesar undervegs i teorikapittelet. Desse hypotesane kan samlast i ein nokså vid hovudhypotese:

*Det er samsvar mellom identitet, språkhaldningar og val av språkvariantar i Florø og Førde.*

### Delhypotesar

1. Florøværingane har sterkare lokal identitet enn førdianarane.
2. Vaksne informantar har sterkare lokal identitet enn unge informantar.
3. Ein sterk lokal identitet heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).
4. Urban orientering heng saman med at ein har mange bymålsformer i dialekten.
5. Sterk lokal nettverkstilknytning heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).
6. Haldningane til dialekten på heimstaden er meir positive og sterkare hjå florøværingar enn hjå førdianarar.
7. Vaksne informantar gir uttrykk for større språkleg medvit enn unge informantar.
8. Informantane vil trekkje fram forskjellen på talemålet i Førde og Florø når dei omtalar forholdet til nabobyen.
9. Positive haldningar til tradisjonelle språkdrag samsvarar med at ein har tradisjonelle språkdrag i talemålet.
10. Informantar som har sterk lokal identitet, har meir negative haldningar til akkommodasjon enn dei som har svak lokal identitet.

11. Dialekten i Florø får fleire språktrekk felles med sunnfjorddialekten, og det viser seg ved at dei vaksne florøværingane har fleire bymålsformer enn dei unge.
12. Dialekten i Førde får fleire bymålstrekk, og det viser seg ved at dei vaksne førdianarane har fleire tradisjonelle sunnfjordsformer enn dei unge.
13. Lokal identitet er sterkare enn regional identitet.

## 4. Metode og opplegg for feltarbeidet

### 4.1 Metodeval

Ordet *metode* tyder ”vegen til målet”. På grunnlag av ein generell teoribakgrunn bestemmer ein målet for undersøkinga, som vert formulert i problemstillinga. Forskjellige teoretiske oppfatningar vil gi forskjellige spørsmål, sidan ein legg vekt på ulike aspekt ved fenomenen ein undersøker. Ut ifrå problemstillinga bestemmer ein kva teoriar, metodar og empiri som er mest relevant for studien. Den utvalde metoden er såleis tilpassa målet med undersøkinga og informantutvalet. Metodevalet er dessutan basert på metodetradisjon og førebilete i sosiolingvistikken i tillegg til praktiske, økonomiske og tidsmessige føresetnader. Metoden ein vel, kan avgjere kva spørsmål ein får svar på, og kva svar ein får (Brodersen 2000, Kvale 1997 og Grønmo 1984).

I sosiolingvistikken kan ein i hovudsak skilje mellom to metodetradisjonar. Den klassiske labovske sosiolingvistikken er kvantitativt orientert og har den tradisjonelle sosiolingvistiske intervjuforma som viktigaste innsamlingsmetode. Den andre tradisjonen er meir interaksjonistisk og sosialantropologisk-etnografisk inspirert, med kvalitativt orienterte metodar som til dømes deltakarobservasjon, gruppesamtalar og kvalitative forskingsintervju (Brodersen 2000).

#### 4.1.1 Metodeval i denne undersøkinga

Målet med denne undersøkinga er å finne ut av korleis samspelet er mellom språket til informantane og ulike aspekt ved identiteten deira. Eg har valt ei kvalitativ tilnærming for å studere dette samspelet, mellom anna fordi problemstillinga i hovudsak er utforskande, og ikkje hypotesetestande. Med ei kvalitativ tilnærming studerer ein ofte enkeltkasus eller små grupper på ein grundig og inngåande måte, og søker å forstå forskingsobjektet heller enn å skaffe seg overblikk over store mengder data. Forsking på enkeltkasus kan gjere det mogleg å undersøkje detaljane i forholdet

mellom ei bestemt åtferd (til dømes språkbruk) og konteksten for åtferda (til dømes identitet). Samtidig kan den kvalitative undersøkinga illustrere korleis fenomenet kan arte seg i ein større samanheng. For å få fram eit mest mogleg nyansert bilete av studieobjektet har eg kombinert utforskande og hypotesetestande spørsmål (Kvale 1997). Koding av kvalitativt materiale kan brukast for å samanlikne kategoriar og element etter kvart som ein handsamar materialet (Grønmo 1984). Sjølv har eg valt djupintervju som hovudmetode for å undersøkje forholdet mellom identitet og språk i Sunnfjord. Gjennom intervju kan ein få innblikk i dei erfaringane, sjølvopfatningane og perspektiva på verda som intervjupersonane har (Kvale 1997). Det er nettopp slike oppfatningar som konstituerer identiteten, og som eg difor vil studere. Gjennom intervju får eg også fram dei data eg treng for å få oversikt over den språklege situasjonen hos informantane.

Det språklege datamaterialet i denne undersøkinga eignar seg best til kvantitativ analyse, medan den delen av materialet som tek føre seg uttrykk for identitet og haldningar, eignar seg til kvalitativ analyse. Det er ulike måtar å kombinere kvalitative og kvantitative data på. Studiar baserte på den eine datatypen kan til dømes fungere som forstudie eller oppfølging av ein hovudstudie som er basert på den andre datatypen (Grønmo 1982). Forarbeidet til denne undersøkinga har vore å skaffe oversikt over den språklege situasjonen i Florø og Førde før eg begynte å studere språket sjølv, for å ha noko å ta utgangspunkt i og å samanlikne mine egne funn med. Eg hadde ei kvalitativ tilnærming i forstudien på den måten at eg las eldre talemålsundersøkingar og intervju utvalde personar for å få ei forståing av språksituasjonen i dei to byane.

I hovudundersøkinga har eg konsentrert meg om å skaffe fram data om identiteten og språkhaldningane til informantane, og dei fleste spørsmåla i intervjugaiden var retta mot dette emnet. Samtidig samla eg inn språklege data gjennom den naturlege talen til intervjupersonane. Dei språklege data vart ekserperte og sette opp i tabellar. Hovudundersøkinga består såleis av to delar metodisk sett: ein kvantitativ del med språklege trekk som datagrunnlag, og ein

kvalitativ del der datagrunnlaget er informantane sine munnlege utsegner i intervjuar og skriftlege svar på skjema (vedlegg 6 og 7), som òg vart diskuterte i intervjuar. Innsamlinga skjedde parallelt, og dei to datatypene vart jamførte i analysen med sikte på å finne samanhengar mellom identitet og språk.

## 4.2 Språklege data i undersøkinga

I språkundersøkinga er det informantane sine realiseringar av dei språklege trekk i førde- og florødialekten som utgjør datamaterialet. Eg har ikkje gjort noko aktivt for å få informantane til å uttale ulike trekk, men har undersøkt bestemte språklege trekk i spontan tale. For å få nok belegg i slik naturleg tale, fokuserer eg på språkdrag som er relativt frekvente i daglegtalen. Språkdraga skal kunne brukast til å seie noko om korleis og i kva retning dialekten utviklar seg, og kven som fungerer som påverknadskjelde.

Røyneland (1999) nemner fleire kriterium for å velje ut kva språkdrag ein vil undersøkje. Frekvensen bør vere relativt høg og uavhengig av utanomspråklege faktorar som tema og situasjon. Dei ulike variantane bør vere mest mogleg distinkte og ha klar fonetisk eller morfologisk opposisjon. Det kan vere ein fordel å velje ut språkdrag som språkbrukarane er medvitne om, slik at språkdraga fungerer som markørar for den sosiale identiteten (Røyneland 1999). Men nokre språkdrag kan vere *for* saliente, slik at ein kan risikere sanksjonar frå den sosiale gruppa dersom ein endrar språkdraget (Hudson 1996). Sjølv har eg valt ut både trekk som kan tenkjast å ha høg saliens og trekk som språkbrukarane truleg ikkje er så medvitne om.

Når det gjeld spørsmålet om dialektane i Florø og Førde blir meir like, er det relevant å studere språkdrag som tradisjonelt har skilt dei to dialektane frå kvarandre, men som no kan vere i endring. Dersom eit språkdrag er i endring, vil ein finne både intra- og interindividuell variasjon (Røyneland 1999).

### 4.2.1 *Ei kort språkundersøking*

For å ha eit grunnlag for å velje ut språkdrag som var relevante å studere, ville eg finne ut litt meir om den språklege situasjonen i Førde og Florø. Eg trengte

opplysningar om korleis det tradisjonelle talemålet var i byane og om kva språkdrag som kunne tenkjast å vere i endring. For å vite kva språkdrag som endrar seg i talemålet i Florø og Førde, kan ein ta utgangspunkt i ei skildring av det tradisjonelle talemålet. Eg har brukt både eldre og nyare kjelder for å gje ei mest mogleg nyansert og oversiktleg framstilling av talemålet (sjå kapittel 2).

For språket i Førde har eg brukt Sølvsberg si hovudfagsavhandling *Endringar i førdedialekten* (1998) og ein rapport frå eit feltkurs i talemålsgransking i Førde i 1976 (Feltkurs 1976). For florøålet har eg brukt Breivik sine undersøkingar *Fonem-systemet i Florø sentrum* (1973) og *Målet i Flora kommune* (1974). I tillegg har eg brukt *...sa sogningen til fjordingen der Ølmheim* (1983) skriv litt om begge målføra og om fjordamålet generelt, og avsnittet om nordvestlandsk eller nordleg e-mål i *Dei norske dialektane* (Skjekkeland 1997). Dei to sistnemnde er oversikter baserte på tidlegare dialektundersøkingar.

Deltakarane på feltkurset i talemålsgransking (1976) var studentar som hadde planar om å skrive hovudfagsavhandling om dialektar. Studentane har mellom anna lagt vekt på å undersøkje fonologi, morfologi og dubletter, det vil seie ordpar der det kunne tenkjast at informantane veksla mellom tradisjonelle og moderne former. Informantane i undersøkinga var ungdommar mellom 15 og 20 år, alle frå Førde kommune, men ikkje alle var frå sentrum. Ei av dei to gruppene studentar brukte delar av Storms “Kortere ordliste“ og prøvde å få informantane til å uttale ordformer ved hjelp av indirekte spørsmål. Den andre gruppa brukte intervju og samtalar for å undersøkje språkbruken til informantane.

Sølvsberg (1998) kartlegg det tradisjonelle og det moderne talemålet i Førde i hovudfagsavhandlinga si. Det tradisjonelle målet er undersøkt ved hjelp av intervju av seks informantar mellom 48 og 94 år i tillegg til eldre granskingar av førdemålet. Den nye dialekten har Sølvsberg kartlagt ved å intervju ti informantar mellom 16 og 17 år med spørjelister og frie samtalar. Sølvsberg har konsentrert seg om seks språklege variablar: palatalisering, dativbruk, uttale av konsonantsambanda *ld*, *nd*

og *ng*, svarabhaktivokal, personleg pronomer 2. person fleirtal (*de – dçke*) og realisasjonen av */r/*. Han kommenterer òg andre språkdrag i førdemålet.

Sommaren 1973 gjorde Leiv Egil Breivik og Jostein Selvikvåg ei undersøking av fonemsystemet i Florø sentrum (Breivik 1973). Metoden er nokså lik den som er brukt i Feltkurs 1976. Breivik tok utgangspunkt i Hallfrid Christiansens *Spørjelite ved gransking av vestnorske målføre* i tillegg til ein del “frie” samtalar med informantane. Dei åtte hovudinformatane var fødde og oppvaksne i Florø og nokolunde jamt fordelte på alder mellom 17 og 82 år. Undersøkinga *Målet i Flora kommune* er ei vidareføring av *Fonemsystemet i Florø sentrum*, og metoden er den same. Hovudvekta her ligg på fonologi og morfologi i utkantmålet i Flora kommune (u-mål), men Breivik jamfører det heile tida med sentrumsmålet (s-mål).

I tillegg til desse kjeldene, har eg gjort eit pilotintervju med ein informant frå Florø og dessutan intervjuar fem nøkkelinformatar frå begge byane, for å lage meg eit meir nyansert bilete av den språklege situasjonen. Pilotintervjuet gjorde eg ganske tidleg i prosessen, 13. oktober 2000. Informanten var ei venninne av meg frå Florø (fødd 1976). Eg gjorde intervjuet for å få eit inntrykk av florødialekten, som eg hadde noko mindre kjennskap til enn førdedialekten. Eg har ikkje gjort noko tilsvarande intervju i Førde, då eg hadde ei fersk undersøking av førdedialekten (Sølvberg 1998) å stø meg på. I pilotintervjuet snakka vi spesielt om kva stader i Flora kommune det kunne vere aktuelt å studere, og om dialekten i Florø. Deretter transkriberte eg intervjuet og markerte språkdrag som skilde seg frå sunnfjorddialekten. Informanten sa om seg sjølv at ho snakka ”*kanskje litt pen florødialekt, men ikkje så veldig.*”

Nøkkelinformatane var stort sett norsklærarar ved dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane i byane. Eg valde å intervjuar norsklærarar fordi eg rekna med at dei visste litt om språk og dialektar, og at dei hadde kontakt med i alle fall den yngre delen av språkbrukarane, gjennom elevane i skulen. Slik fekk eg ei fagleg og empirisk nokolunde oppdatert vurdering av florø- og førdedialekten. Intervjua vart gjennomførte per telefon, og dei fleste av lærarane eg snakka med, tok intervjuet på sparket. Eg sparte ein del tid og reisepengar på denne framgangsmåten, men det hadde nok



vore ei føremon å intervjuje nøkkelinformantane ansikt til ansikt, og å ha avtalt intervjuet på førehand. Informant C, som hadde førebudd seg og diskutert temaet med dei andre lærarane på skulen, hadde meir å fortelje om enn dei andre eg snakka med. Dei fleste hadde likevel ein del på hjartet, og oppfordra meg jamvel til å kontakte dei igjen dersom det var meir eg ville vite.

**Tabell 1: Oversikt over nøkkelinformantar**

Namn	Kjønn	Alder <sup>1</sup>	Stilling	By
A	Kvinne	f. 1950	Lærer ved Flora vidaregåande skule	Florø
B	Mann	ca. 55	Lærer ved Førde ungdomsskule	Førde
C	Mann	55	Lærer ved Hafstad vidaregåande skule	Førde
D	Kvinne	ca. 50	Lærer ved Florø ungdomsskule	Florø
E	Mann	ca. 50	Rektor ved ein barneskule i Florø	Florø

I alle intervjuva var vi innom desse tre emna:

1. Kan du nemne nokre språklege kjenneteikn for førdedialekten/Florø-dialekten? (høvesvis til dei i Førde og Florø)
2. Har det skjedd nokon endringar i dialekten? Korleis snakkar elevane på skulen i forhold til vaksne og eldre?
3. Kan du nemne nokon forskjellar mellom førdedialekt og Florødialekt?

#### 4.2.2 Språklege variablar

Ut ifrå dei nemnde kjeldene har eg valt ut 10 språkvariablar som kan vere interessante for mi eiga undersøking. Kvar av variablane kan realiserast som to variantar: ei bymålsform eller ei tradisjonell sunnfjordsform (forkorta TS-form). Her må ein hugse på at Florø-målet tradisjonelt har mange bymålsformer, medan Førde-målet tradisjonelt har fleire TS-former. Difor kan ein ikkje automatisk slutte seg til at Florødialekten er i større endring enn førdedialekten sjølv om ein finn mange bymålsformer der.

<sup>1</sup> Informanten sitt svar på direkte spørsmål om alder.

Eg vil no gå gjennom dei språkvariablane er har valt å undersøkje, og markere kva som er bymåls- og TS-varianten av kvar variabel.

### Fonologiske variablar

*Realisering av /r/ som uvular frikativ (skarre-r) eller alveolar tapp/trill (rulle-r)*  
Sølvberg (1998) meiner at rulle-r held seg i førdemålet, også hos dei unge informantane. Berre ein av informantane i Feltkurs 1976 hadde skarre-r, og dette låg tydelegvis i familien, sidan mora hennar var frå Hordaland (Feltkurs 1976). I florøområdet er skarre-r gjennomført (Breivik 1973 og 1974, Ølmheim 1983). Eg har kategorisert den uvulare frikativen [ɣ] som bymålsform og alveolar trill [r] som TS-form. Sidan dette språkdraget er salient både hos florøværingar og førdianarar (fleire av nøkkelinformantane og pilotinformanten nemnde det som dialektkilje mellom byane), er det relevant å studere både realisasjonen av og haldningar til dette trekket.

### *Fonemsamanfall mellom /ʃ/ og /ç, çç/*

I nyare tid er samanfallet mellom /ʃ/ og /ç, çç/ eit velkjent fenomen. Ein av dei første observasjonane av samanfallet er i prosjektet "Talemål hos ungdom i Bergen" (TUB) frå 1977 (Johannesen 1983). I Sølvberg si undersøking er det nemnt at mange unge bruker /ʃ/ "i alle samanhengar" (1998). Nokre av nøkkelinformantane trekkjer òg fram denne samanblandinga som ein endringsfaktor i språket. Fonemsamanfallet mellom *sje-* og *kje-*lyden er spesielt utbreidd i byar og tettstader. Endringa kan altså vere eit teikn på urbanisering (Sandøy 2000). Her er /ʃ/ bymålsforma, medan /ç, çç/ er den tradisjonelle sunnfjordsforma. Heretter vil eg kalle denne variabelen for <kj>, fordi det er den mest vanlege skriftlege realiseringa av /ç/ og /çç/. Men også ord som inneheld bokstavsambanda <ki, ky, køy> er med i materialet.

### Morfologiske variablar

#### *Substantivbøying*

I følgje nøkkelinformant E er det veksling mellom fleirtalsformene *fellene* – *fell*a og *husene* – *hus*a i florøområdet. Breivik finn også variasjon i bøyinga av inkjekjønnsord i

bunden fleirtal: *banda/bandene, fata/fatene, menneska/menneskene, jerna/jernene* osv. Førde-målet har endinga *-a*. Her er det interessant å sjå om florø-målet formar seg etter sunnfjord-målet elles, eller om florø-væringane held på bymålsformene med endinga *-ene*. Endinga *-ene* er bymålsform, medan endinga *-a* er TS-form.

*Presens av sterke verb med eller utan vokalskifte*

Tradisjonelt har førdedialekten vokalskifte i presensformene av sterke verb, lik resten av Sunnfjord («*cÉCe~me, »sO~Ve*), men i følgje Sølberg (1998) er dette trekket truleg i endring. Florødialekten har ikkje vokalskifte i presensformene («*kçme, »sç~Ve*). Eg vil undersøkje korleis dette trekket utviklar seg i begge dialektane. Bymålsforma er altså utan vokalskifte, medan TS-varianten av presensforma er med vokalskifte.

*Svake partisippformer av sterke verb*

Ein del sterke verb fekk svake partisippformer hjå informantane i Feltkurs 1976, til dømes */har kɔmt/*. Elles var det mykje variasjon i verbbruken både inter- og intra-individuelt. Sølberg nemner òg partisippformer som */har vært, kɔmt, le:st, bæ:rt/* (i staden for */har ~vɔ:re, ~kɔ:me, ~le:se, ~bɔ:re/*) i førdedialekten. Det same går fram av Breivik si undersøking av florødialekten (1974). Dei svake partisippformene er bymålsformer, medan dei sterke formene er tradisjonelle sunnfjordsformer.

**Leksikalske variablar**

*Personleg pronomer 3. person fleirtal: <de> eller <dei>*

Florø-målet har */di:/* som personleg pronomer 3. person fleirtal, medan førde-målet tradisjonelt har */dei/*. I undersøkinga frå Førde i 1976 viser det seg at dei fleste framleis bruker */dei/*, men at nokre bruker både */di:/* og */dei/*. Her er */di:/* bymålsforma, og */dei/* er TS-forma. Ei utvikling mot bymålsforma i Førde kan tyde på språkleg urbanisering.

*Peikande pronomer det/da*

I førdedialekten er bruken av /de:/ og /da:/ for peikande pronomen <det> nokolunde jamt fordelt (Feltkurs 1976). Florømålet har /de/ (Breivik 1974). /de/ er bymålsforma, medan /da/ er TS-varianten.

*Tre enkeltord: <seie, gjere og berre>*

Verba <seie> og <gjere> vert realiserte ulikt i Førde og Florø. I intervju med pilotinformanten og nøkkelinformantane frå Florø og Førde kom det fram at florø-dialekten har formene /si, ʃsie/ og /ʃjø:re, jø:r/ i infinitiv og presens av desse verba. Førdedialekten har tradisjonelt /sei, ʃseie/ og /ʃjæ:re, jæ:r/, men i følge nøkkelinformantane kan der vere ei utvikling mot bymålsformene /si, ʃjø:re/.

Eit anna ord er adverbet *berre/bare*, der florø-dialekten tradisjonelt har *bare* og førdedialekten *berre*. Også her kan det vere interessant å sjå om dialektane nærmar seg kvarandre, eller om ei eventuell utvikling berre gjeld den eine dialekten. Her er /ˈbere/ TS-form og /ˈbæ:re/ bymålsform.

Slike enkeltord viser ikkje til ei endring i sjølv språkssystemet. Sølberg skriv:

*Det er trulig på området ordforråd/leksikon at det er lettast å vise endringane i talemålet, men for å seie noko om system og reglar i talemålet, har ikkje ordforråd særleg relevans, det er meir aktuelt å granske i eit kulturperspektiv. (1998:7)*

Fordi eg fokuserer på identitet og språkhaldningar i dei to sunnfjordbyane, kan det derimot vere relevant å fokusere på slike leksikalske trekk. Desse språktrekka er truleg saliente, og kan difor verke som markørar for sosial identitet.

**Tabell 2: Oversikt over språklege variablar**

FONOLOGI	MORFOLOGI	LEKSIKON
Realisering av /r/	Inkjekjønn, bestemt flt.	<dei>
Realisering av /c, c̄ç/	Presens av sterke verb	<det>
	Partisipp av sterke verb	<seie>
		<gjere>
		<berre>

## 4.3 Intervju som metode

### 4.3.1 Ulike typar intervju

For å skaffe data om språk og identitet, har eg brukt intervju. Ein kan skilje mellom to hovudkategoriar av intervju, nemleg offentlege intervju og forskingsintervju. Reglane for det offentlege intervjuet, eller medieintervjuet, er kjende for dei fleste gjennom radio og fjernsyn. Folk flest oppfattar intervjuet som ein situasjon der intervjuaren spør og informanten svarar villig og utførleg. Det skal vere ein fast struktur, eit fast og asymmetrisk forhold mellom intervjuar og informant, og ei fast oppgåvefordeling. Intervjuaren skal heile tida ha kontroll over situasjonen, styre samtalen og emnevalet, og stille forholdsviss korte, klare og relevante spørsmål om emna. Begge partar held seg til det aktuelle emnet (Brodersen 2000).

#### Forskingsintervjuet

Informantane i sosiolingvistiske undersøkingar overfører ofte desse forventningane til forskingsintervjuet. Dette kan føre til forvirring når dei kjende reglane vert brotne i det sosiolingvistiske intervjuet. Sosiolingvistiske forskingsintervju er ulike typar informantsamtalar som talespråkforskarar bruker for å samle inn data om talespråket til informantane. Målet er oftast å skildre, forklare, forstå og spå om språkutvikling og språkendringar. Talespråkdata vert tekne opp på band, for seinare å bli analyserte (Brodersen 2000).

”I intervjusituasjonen blir kunnskap til mellom (*inter*) intervjuerens og den intervjuedes synspunkter (*views*)” (Kvale 1997:72). Kunnskapen om emnet vert produsert gjennom samtalen og interaksjonen mellom intervjuaren og intervjupersonen. Utsegnene til intervjupersonen kan vere tvitydige og kan endre seg etter som samtalen gjev ny innsikt om emnet. Intervjupersonen har kanskje ikkje tenkt så mykje over emnet før, og utviklar meiningane sine gjennom intervjuet. ”Et vellykket forskningsintervju kan være en verdifull og berikende opplevelse for intervjupersonen, som kan få ny innsikt i sin egen livssituasjon” (Kvale 1997:39).

Såleis er intervjuet ein mellommenneskeleg situasjon, der to personar samtalar om eit tema av felles interesse. Likevel er ikkje eit forskingsintervju ein samtale mellom

to likeverdige personar: Det er intervjuaren som styrer situasjonen. Det er opp til intervjuaren å skape ein kontakt og ei stemning som gjer det mogleg for intervjupersonen å snakke fritt om sine egne opplevingar og kjensler. Vidare er det intervjuaren som presenterer samtaleemne og styrer situasjonen ved å stille oppfølgings spørsmål og skifte emne når det passar, medan informanten skal svare villig og utførleg på spørsmåla (Kvale 1997).

Temaet i det kvalitative forskingsintervjuet er livsverda til intervjupersonen. Intervjuaren tolkar meininga med det som vert sagt og måten det vert sagt på. Ein ønskjer å innhente opne og nyanserte skildringar av sentrale delar av livsverda til intervjupersonen. Intervjuaren må vere open for nye og uventa funn, og ikkje halde fast på ferdige kategoriar. Målet er ikkje å generalisere, men å skildre samanhengane mellom fenomen og å fokusere på bestemte tema.

#### Halvstrukturerte djupintervju

Ein kan dele opp forskingsintervju i ulike typar etter kva som er føremålet med intervjuet. Intervjuet kan for eksempel vere meir eller mindre strukturert. Ein laus struktur er bra for å få fram nyanserte meiningar og uventa syn på emnet, medan ein fast struktur gjer intervjuet enklare å kategorisere og analysere etterpå. I denne undersøkinga har eg brukt halvstrukturerte intervju der eg tek utgangspunkt i ein spørjegaid med spørsmålsformuleringar, men opnar for digresjonar, assosiasjonsrekker og ombyting av rekkjefølgja på samtaleemna. På den måten vart intervjuet tilpassa både tause og pratsame informantar ved at eg kunne gjere intervjuet meir eller mindre strukturert etter kva som passa for informanten.

#### 4.3.2 Å studere "naturleg språk"

Når ein bruker intervju som metode i ein språkstudie, skjer det ofte at informantane legg om dialekten under intervjuet. Årsaker til slik omlegging kan vere at situasjonen er uvant og formell, og at språket vert tilsvarande formelt. Informanten prøvar kanskje å snakke finare enn vanleg. Dersom det er kjent at det er dialekten som vert studert, vil enkelte legge om til ein meir tradisjonell og "typisk" dialekt enn dei vanlegvis bruker, og ein vil få ein høgare dialektprosent. Dette problemet er kjent

som "the observer's paradox" (til dømes Rudi 1999). Problemet er at ein ønskjer å undersøkje "naturleg språk", men for å gjere det, må ein studere språket i ein unaturleg situasjon, som til dømes intervjusituasjonen, der ein observerer og fokuserer intenst på språket.

Ein kan neppe unngå dette problemet heilt. Dersom målet med undersøkinga er å studere det "naturlege språket", kan ein spørje seg om det i det heile tatt finst. Daglegspråket vårt forandrar seg heile tida mellom ulike situasjonar. Vi bruker ein talestil når vi snakkar til små barn, og ein annan når vi snakkar med offentleg tilsette på eit kontor. I tillegg vert vi påverka av dialekten til samtalepartnaren. Både personen ein talar med og den fysiske og psykiske konteksten påverkar desse skifta i språkstil. I ein slik samanheng vert intervjusituasjonen berre ein av utallige ulike kontekstar som språkbrukaren ferdast i kvar dag, og ein kan difor ikkje hevde at språket i den situasjonen er mindre "naturleg" enn i alle andre kontekstar (Sollid, munnleg føredrag på TEIN-konferanse 2001).

For at ei undersøking skal vere representativ, bør ein likevel vere merksam på visse faktorar i undersøkingssituasjonen, spesielt slike faktorar som leier merksemda mot sjøve språket. Døme på faktorar som ein til ein viss grad kan kontrollere, er opptaksutstyr, lokalitet, intervjuaråtferd, samtaleemne og informasjon til informantane om føremålet med undersøkinga. Intervjuaren og informantane i ein intervjusituasjon er begge faktorar som påverkar kvarandre, og som dermed òg påverkar data som vert tekne opp på band (Brodersen 2000). Utforminga av spørsmåla er òg viktig for å vekke engasjement og på den måten ta merksemda bort frå intervjusituasjonen.

#### *4.3.3 Intervjusituasjonen*

Det kan vere ein fordel å utføre intervju heime hos informanten. Der er informanten på heimebane, og det tek kanskje kortare tid å gløyme opptaksutstyr og det faktum at ein snakkar med ein framand person. Personane som skal delta i undersøkinga, bør vere informerte om det overordna målet for undersøkinga. Før intervjuet bør intervjupersonane få informasjon om konteksten, litt om føremålet med

undersøkinga, bruken av opptaksutstyr og liknande. Dei første minutta må intervjuaren bruke til å opprette kontakt. Vidare er det viktig at intervjuaren uttrykkjer interesse, forståing og respekt for det informanten fortel om, samtidig som intervjuaren er avslappa og viser klart kva det er ho ønskjer å vite. Når intervjuet er formelt ferdig, kan ein forklare meir om føremålet med undersøkinga, og spørje om informanten har spørsmål til intervjusituasjonen eller andre ting. Etter kvart intervju sette eg av om lag 10 minutt til å tenkje over og skrive ned inntrykk som ikkje kom med på bandet, slik som den sosiale og fysiske konteksten og stemninga i samtalen, ansiktsuttrykka og kroppsspråket til intervjupersonen, samt mine eigne meiningar og førebels tolkingar av intervjuet, medan det enno var friskt i minne (Kvale 1997).

Resultatet av eit intervju er i stor grad avhengig av kor kunnskapsrik og kjenslevar intervjuaren er. Menneske er forskjellige, og alle er ikkje like lette å intervju. Dersom informanten er taus, må intervjuaren motivere og leggje til rette for forteljingane til informanten. Intervjuaren må dessutan ha grunnleggjande kjennskap til temaet og konteksten for undersøkinga, ha evna til å skape ein god samtale, ha sans for gode historier og kunne hjelpe informanten til å uttrykkje forteljingane sine, vere språkleg dyktig og var for språkstilen til informanten. Måten intervjuaren stiller spørsmål og reagerer på svar på (tonefall, ansiktsuttrykk, kroppsspråk), kan vere med og bestemme kva informantane svarar. For å sikre ein korrekt analyse av svara, bør intervjuaren fjerne uklarleik, følgje opp meiningar som er relevante for prosjektet, og presisere meiningane til intervjupersonen medan intervjuet går føre seg. Helst bør mykje av hypotesetestinga og tolkinga vere ferdig i det ein slår av bandopptakaren (Kvale 1997).

#### Intervjugaid

Spørsmålsformuleringa er òg viktig for kva svar ein får. Sjølv små endringar i formuleringane kan påverke svaret til informanten. I forskingsintervju er det vanleg å bruke ein spørjegaid eller intervjugaid for å fastsetje kva emne ein skal innom i løpet av intervjuet (Kvale 1997).



Under feltarbeidet merkar ein gjerne at omgrep og problemstillingar kan verke konkrete når ein sit og les om dei, men vere svært abstrakte når ein skal overføre dei til røyndomen (Kvale 1997). I arbeidet med intervjugaiden måtte eg difor tenkje gjennom korleis eg skulle skaffe konkrete opplysningar om faglege omgrep som lokal identitet, språkhaldningar, nettverk, urbanitet og ruralitet. Å bruke slike faguttrykk i spørsmåla ville kunne verke forvirrande på intervjupersonane. Difor måtte eg stille spørsmål om konkrete ting som kunne vere *uttrykk for* til dømes lokal identitet. Til dømes kunne eg stille spørsmål om kva informantane tykte om heimstaden sin og om nabobyen, om dei kjende seg heime der og om staden var viktig for dei.

Forskingsintervjuet kan som nemnd vere meir eller mindre strukturert, frå hardt strukturerte intervju med standard spørsmålsformuleringar, til opne intervju der ein fokuserer på enkelte tema utan å ha definert rekkefølgja eller spørsmålsformuleringane på førehand. I eit halvstrukturert intervju vil gaiden innehalde ei skisse over emne som skal takast opp, og forslag til spørsmål. Strukturerte spørsmål gjev strukturerte svar, og spontane spørsmål gjev spontane svar (Kvale 1997).

Kvart intervju spørsmål kan vurderast etter ein tematisk og ein dynamisk dimensjon. Det tematiske refererer til innhaldet i spørsmålet; ein stiller spørsmål som gjev svar på problemstillingane og som svarar til teoriane ein bruker. Den dynamiske dimensjonen refererer til atmosfæren i intervjusituasjonen og mellom forskar og intervjuperson. Spørsmåla skal hjelpe til å halde samtalen gåande og motivere intervjupersonen til å fortelje historiene sine. "Laust prat" kan vere viktig for å kome i god kontakt med informanten, og er såleis bra for det dynamiske aspektet i intervjuet. Det viktigaste her er at spørsmåla er korte, konkrete, forstålege og fri for kompliserte fagtermar, og at dei skapar interesse hos intervjupersonen. Kvale skriv at spørsmåla bør vere deskriptive, ein bør spørje om "kva" og "korleis" og ikkje "kvifor" noko skjer. Det er forskaren si oppgåve å svare på "kvifor", hevdar Kvale (1997). Mi erfaring er at det kan vere nyttig å spørje om kva informanten trur er

årsakene til eit fenomen, fordi det kan spegle haldningane informanten har til fenomenet (Kvale 1997).

Introduksjonsspørsmål opnar for eit nytt emne og kan framkalle spontane og detaljerte skildringar frå intervjupersonen. Deretter kan ein utdjupe svara, ved at intervjuaren verkar interessert og stiller oppfølgingsspørsmål til det som vert sagt. Elles kan intervjuaren stille direkte spørsmål om konkrete emne som er interessante for problemstillinga. Desse bør utsetjast til slutten av intervjuet, slik at informanten først får komme med sine eigne, spontane meiningar. Ein kan òg stille indirekte spørsmål om konkrete fenomen som ein meiner påverkar andre, meir fundamentale prosessar. Ein måte å presisere og tolke svara på under intervjuet er å omformulere svaret til informanten og spørje om det er rett tolking. Ein slik strategi er òg med på å lette tolkingsarbeidet i etterkant av intervjuet (Kvale 1997). Spørjegaiden eg brukte i intervjuet, finst i vedlegg 2 og 3.

Korleis skal ein få svar på det ein ønskjer å vite?

I denne undersøkinga har eg stilt spørsmål om ulike sider ved identiteten til informantane. I det høvet er det nyttig å kategorisere svara til ein viss grad, for å skilje mellom lokal, sosial, personleg identitet og haldningar til ymse objekt. Men kategoriseringa må ikkje skje på kostnad av kravet om nyanserte og utfyllande svar. Ein må òg ta omsyn til at dei ulike sidene ved identiteten heng saman og overlappar kvarandre i stor grad, og at eit skilje med klart avgrensa kategoriar difor kan bli unaturleg. Sidan svara skulle delast inn i kategoriar etter lokal identitet, språkhaldningar og nettverk, delte eg intervjuet inn i tre hovudemne, nemleg *staden*, *språket* og *informanten sine interesser og aktivitetar*.

Eg har ikkje teke utgangspunkt i nokon eksisterande teori for å utvikle kriteria for sterk og svak identitet og ulike haldningar, men har hovudsakleg basert meg på mitt eige datamateriale. For kvart emne har eg prøvd å fastsetje kva som er uttrykk for sterk og svak identitet i høve til språk og stad. Det kan vere problematisk å bruke kriterium som til dømes at informantane uttalar seg engasjert om ei sak, for å bestemme kva identitet informantane hadde. Måten folk uttrykkjer seg på, heng ikkje

berre saman med sterke eller svake meiningar om saka, men òg med personlegdom og veremåte. Dersom ein informant har for vane å uttrykkje seg sterkt, kan eg som forskar såleis få inntrykk av at identiteten til informanten er sterkare enn hjå ein som uttrykkjer seg mildare og meir reservert, sjølv om det kanskje ikkje er tilfellet. Trass i dette vil eg bruke engasjement som eitt av kriteria for sterk identitet, men samstundes ta omsyn til korleis dei einskilde informantane uttrykkjer seg elles i intervjuet. Til dømes verka ein av informantane (EU3) lite engasjert i dei fleste emna i intervjuet, men då det vart snakk om språkleg akkommodasjon, hadde ho relativt sterke meiningar. I dette tilfellet kan eg då rekne med at EU3 faktisk hadde sterke haldningar til at folk endra dialekten.

Ikkje alle er like komfortable med intervjusituasjonen. Det kan verke inn på resultatane av analysen på den måten at nokre informantar ikkje gjev uttrykk for haldningane og identiteten sin slik dei faktisk opplever det. Ein avventande og nølande informant som er usikker på situasjonen, kan eg som forskar kome til å oppfatte som lite engasjert og svakt knytt til det lokale, berre fordi han eller ho er fåmælt i intervjuet.

Sidan informantane var ukjende for meg, hadde eg berre intervjuopptaka (gjennomsnittleg \_ time per person) og nettverks- og bakgrunnskjema som grunnlag for å skildre identiteten deira i høve til emna stad, språk og det sosiale. Eg prøvde å sjå på heilskapen i det informantane fortalde, for å beskrive identiteten deira mest mogleg korrekt.

#### *4.3.4 Informantutval*

Talet på intervjupersonar er avhengig av føremålet med studien. Ein må dessutan avgrense informantutvalet ut ifrå tida og dei økonomiske ressursane som er tilgjengelege. Målet med denne undersøkinga er å studere forholdet mellom språkbruk, språkhaldningar og identitet i Førde og Florø. Eg ønskjer ikkje å generalisere, men å illustrere korleis språkbruk og identitet kan påverke kvarandre, og å setje lys på den rolla språket spelar i identitetskjenninga. Dersom det er for mange informantar, vert det vanskeleg å gjere grundige tolkingar av alle intervju, og

undersøkinga vert overflatisk. I mange kvalitative intervjustudiar ser ein i ettertid at ein kunne hatt færre intervju og brukt meir tid på førebuing og analyse av intervju. Oftast er det optimalt å ha 10 – 15 informantar i ein kvalitativ studie (Kvale 1997). Eg intervjuar 16 personar til saman. For å kunne seie noko om endringar gjennom tid, intervjuar eg fire unge og fire vaksne informantar frå kvar av dei to byane Florø og Førde. Begge kjønn er representerte, men eg har ikkje lagt vekt på kjønn som sosial variabel. Dei sosiale variablane eg arbeider ut ifrå, er *alder* og *stad*. Under aldersvariabelen har eg ei gruppe i alderen 18 – 19 år (VK2 på vidaregåande skule) og ei på 40 – 55 år. Når det gjeld *stad*, har eg ei gruppe frå Florø og ei frå Førde.

Ein må hugse på at informantutvalet i denne undersøkinga består av folk som er oppvaksne i Førde og Florø. Tilflyttarar er haldne utanfor utvalet fordi dei ikkje snakkar førde- eller florødialekt. Informantutvalet speglar såleis ikkje att folkesetnaden i dei to byane, men er eit utval av personar som truleg snakkar meir utprega lokal dialekt enn gjennomsnittet av populasjonen.

#### Aldersavgrensa språkendingar

Barn og unge spelar ei viktig rolle i språkendringsprosessen, både som innovatørar og påskundarar av endring. Ei undersøking frå England (Kerswill 1996, Cheshire mfl. 1999) viser at ungdom i alderen 14 – 18 år er særleg aktive i språkendringsprosessen. Det er ikkje berre på det språklege planet at ungdom er nyskapande, men også på eit sosialt og kulturelt plan (livsstil, trendar, musikk, klede). Ungdom er også viktige spreiarar og formidlarar av nye språktrekk.

Weinreich, Labov og Herzog (1968, etter Røyneland 2001) har ein hypotese om at diakron endring er synkront tilgjengeleg ved at endringane ligg avleira som forskjellar mellom generasjonane. Denne ”apparent-time”-hypotesen impliserer at ein skal kunne studere språkendingar synkront. Men der finst problem med hypotesen. Mellom anna føreset hypotesen at språkbruken til dei ulike aldersgruppene vil vere meir eller mindre stabil gjennom heile levetida. Her kjem problemet med aldersfasar inn. Det at ulike aldersgrupper har ulikt språk, treng ikkje vere eit utslag av generell språkleg endring. Variasjonane kan vere eit utslag av

språkendringar som er avgrensa til ei aldersgruppe, og som kjenneteiknar denne aldersgruppa gjennom fleire generasjonar. Det er altså snakk om språkendringar som ikkje er varige hjå individet. Eit døme på dette er ungdomsspråk, som ein legg av seg når ein når ein viss alder (Røyneland 2001). Problemet er altså å avgjere om dei endringane ein finn i høve til foreldregenerasjonen og/eller tidlegare studiar, er reelle endringar, eller om ungdommane vil gå attende til eit meir tradisjonelt talemål etter kvart som dei vert eldre.

Det er tilsynelatande eit paradoks at ungdom utgjer den mest aktive og dermed den mest interessante gruppa i ein endringsprosess, samstundes som det er i denne gruppa at problemet med aldersfasar er størst. Aldersavgrensa språkendringar er vanlege i ungdomsgrupper nettopp fordi denne gruppa er den mest innovative og stadig innfører nye språklege trekk. Ei årsak til at ungdom er innovative, er at dei ønskjer å markere seg som ei gruppe (Røyneland 1999).

Ein måte å unngå problemet med aldersfasar på er å supplere det synkrone studiet med diakrone data. Dette kan gjerast anten ved å samanlikne med tidlegare studiar av det aktuelle språksamfunnet, eller ved å utføre to identiske studiar med fleire års mellomrom (Røyneland 2001). I mitt tilfelle var det mest realistisk å samanlikne med tidlegare studiar som er gjorde av førde- og florødialekten (sjå 4.2.1).

Dei unge informantane i undersøkinga mi var fødte i 1983 og 1984 og var 18 og 19 år gamle. Det er altså ein viss sjanse for at dei fleste var komne over den mest kritiske perioden for aldersbestemte endringar. Mange hadde reflekterte og sterke meiningar om språk og språkbruk, og det kan tyde på at det er trygt å trekkje parallellar mellom språkbruken og identiteten og haldningane deira. Men det kan vere nyttig å ha problemet med aldersfasar i bakhovudet når ein skal avgjere kva retning språkutviklinga ser ut til å gå i.

#### Oversikt over informantane

Informantkodane er sette saman av ein bokstav for staden informantane kjem frå (E for Førde og Ø for Florø, etter siste bokstaven i stadnamnet), ein bokstav for aldersgruppa (U for unge og V for vaksne) og eit tal som skil informantane frå

kvarandre og viser kva kjønn dei har. Kvinnene har oddetal (1, 3, 5 og 7), og mennene har partal (2, 4, 6 og 8). Informant EU1 er til dømes ei ung kvinne frå Førde, medan informant ØV8 er ein vaksen mann frå Florø. I tabellane 3 og 4 under har eg skrive litt om kva stilling og foreldrebakgrunn informantane har og kvar dei vart intervjuet. Når det gjeld foreldrebakgrunn, har eg spesifisert det dersom foreldra kom frå Førde eller Florø. Utanom det har eg brukt namn på regionar i Sogn og Fjordane (Sunnfjord, Nordfjord), fylke på Vestlandet og landsdelar elles i landet.

<b>Tabell 3: Informantane frå Førde</b>			
INFORMANT	FØDD	KJØNN <sup>2</sup>	STILLING, FORELDREBAKGRUNN OG INTERVJUSITUASJON
EU1	1983	K	Skuleelev. Mor frå Rogaland og far frå Sunnfjord. Intervjua på eit møterom v/Hafstad vgs.
EU2	1983	M	Skuleelev. Mor frå Sunnfjord/Bergen og far frå Førde. Intervjua på eit møterom v/Hafstad vgs.
EU3	1983	K	Skuleelev. Mor og far frå Nordfjord. Intervjua på eit møterom v/Hafstad vgs.
EU4	1984	M	Skuleelev. Mor frå Sunnfjord og far frå Førde. Intervjua på eit klasserom v/Øyrane vgs.
EV5	1959	K	Kontorleiar på sjukehus. Mor frå Førde og far frå Sunnfjord. Intervjua heime hjå informanten.
EV6	1960	M	Vaskeriarbeidar. Mor frå Sunnfjord og far frå Førde. Intervjua heime hjå informanten.
EV7	1958	K	Student. Mor frå Sunnfjord og far frå Førde. Intervjua heime hjå informanten.
EV8	1951	M	Fagsjef. Mor og far frå Førde. Intervjua på kontoret til informanten.

<b>Tabell 4: Informantane frå Florø</b>			
INFORMANT	FØDD	KJØNN	STILLING, FORELDREBAKGRUNN OG INTERVJUSITUASJON
ØU1	1983	K	Skuleelev. Mor frå Førde og far frå Flora/øyene. Intervjua på eit kontor på Flora vgs.
ØU2	1983	M	Skuleelev. Mor og far frå Florø. Intervjua på eit kontor på Flora vgs.
ØU3	1983	K	Skuleelev. Mor frå Sunnfjord og far frå Florø/Austlandet. Intervjua på eit kontor på Flora vgs.
ØU4	1983	M	Skuleelev. Mor frå Sunnfjord og far frå Nord-Noreg. Intervjua på eit kontor på Flora vgs.

<sup>2</sup> Bokstaven M for menn og K for kvinner.

ØV5	1952	K	Sosionom. Mor frå Møre og Romsdal og far frå Florø. Intervjua på kontoret til informanten.
ØV6	1962	M	Ingeniør. Mor frå Nord-Noreg og far frå Sunnfjord. Intervjua heime hjå informanten.
ØV7	1965	K	Reinhaldar. Mor frå Nord-Noreg og far frå Florø. Intervjua på Flora folkebibliotek.
ØV8	1959	M	Førstepostbetjent. Mor frå Hordaland og far frå Flora. Intervjua heime hjå informanten.

#### 4.3.5 Praktisk gjennomføring og vurdering av feltarbeidet

Feltarbeidet gjennomførte eg hovudsakleg i løpet av mars 2002. Informantutvalet består av fire vaksne og fire unge frå kvar av dei to byane Førde og Florø. Dei unge informantane (17 – 18 år) valde eg ut frå dei vidaregåande skulane i Florø og Førde. Det var i utgangspunktet mogleg for både allmennfaglege og yrkesfaglege elevar å bli med i utvalet, men eg la ikkje spesiell vekt på å velje ut likt tal elevar frå kvar av desse gruppene. Eg sendte informasjonsskriv og påmeldingslister til skulane og bad om at dei vart formidla vidare til elevane på VK2, slik at dei kunne skrive seg på. På lista stod det ein del kriterium for å vere med i undersøkinga. Ein måtte vere fødd i 1983, vere oppvaksten i Førde/Florø og ha gått på ein av dei sentrumsnære barneskulane i byen.

Intervjua med elevane gjekk føre seg på skulane. Eg fekk låne rom og gjorde dei fleste intervjua i løpet av nokre timar på kvar skule. Etter ei stund fann eg ut at ein av informantane ikkje passa inn i undersøkinga, då han ikkje kom frå Førde sentrum, men frå ein av dalane utanfor. Det førte til at eg måtte utføre eitt intervju til i etterkant av dei andre. Like etter at dette intervjuet også var ferdig (27. mai 2002), viste det seg at det ikkje hadde kome inn på opptakskassetten, truleg på grunn av menneskeleg svikt. Dermed måtte eg finne enda ein informant. Dette var midt i eksamenstida for VK2 på allmennfag. Heldigvis klarte eg å spore opp ein yrkesskuleelev på VK1, som eg intervjua 30. mai 2002. Denne informanten er altså fødd i 1984 og ikkje i 1983 som dei andre, men eg reknar med at det eine året ikkje gjev noko utslag.

Dei vaksne informantane (40 – 55 år) valde eg ut frå telefonkatalogen ved å plukke ut namn i faste intervall nedover lista. Deretter såg eg på bustadadressene og valde ut dei som budde i sentrumsområda. I tillegg snakka eg med folk eg kjenner i Førde og Florø, og dei hjelpte meg å velje bort personar på lista som ikkje kom frå nokon av byane, og som ikkje snakka førde- eller florødialekt. Først prøvde eg å ta kontakt med dei attverande personane per telefon, og vurdere undervegs om personane kunne vere aktuelle for intervju. Tanken var at eg skulle sende informasjonsskrivet til dei etter å ha avtala intervju. Etter mange telefonsamtalar der alle sa nei til å vere med, fann eg ut at eg burde sende informasjonsskriv, samtykkeerklæring og skjema før eg ringde, slik at informantane var førebudde på å bli spurde, og kanskje hadde bestemt seg for å vere med eller ikkje. På denne måten fekk eg avtalt eit par intervju, i tillegg til at eg fekk ein del tips frå folk som ikkje ville vere med sjølve, men som visste om andre som kanskje kunne tenkje seg. Eg følgde desse tipsa, sende ut nye brev, og sat til slutt att med fire vaksne informantar frå kvar av byane. Heile prosessen med utveljing og intervju tok omtrent to veker, frå 8. mars til 25. mars 2002, i tillegg til ei veke i slutten av mai 2002.

Jamt over var det god stemning i intervju. Dei fleste av informantane verka interesserte i emna, sjølv om ikkje alle hadde tenkt over problemstillingane på førehand. Nokre få tykte det var vanskeleg å svare på spørsmåla, medan andre prata i veg både om det eg spurde om og om andre emne. Etter kvart som eg gjorde fleire intervju, reiv eg meg meir laus frå formuleringane og rekkjefølgja i intervjugaiden og prøvde å utnytte assosiasjonsrekkjer og naturlege emneskift for at samtalen skulle gå meir flytande.

#### Tekniske detaljar

Opptaksutstyret eg brukte var ein DAT-spelar av typen Sony med to myggmikrofonar. Eg brukte myggmikrofonar fordi det gjev bra stereoopptak, og fordi dei er små og lette å ta med seg. "Myggane" var dessutan lette å oversjå under intervjuet, slik at dei ikkje verka forstyrrende. Eg brukte Sony DAT-kassettar med 95 minutt opptakstid, der eg stort sett fekk plass til to intervjuopptak på kvar kassett.



Etter at eg var ferdig med opptaka, kopierte eg dei inn på pc ved hjelp av programmet Cool Edit 2000. Denne redigitaliseringa førte til at lyd kvaliteten vart noko dårlegare, med bakgrunnsstøy frå datamaskina, men ikkje så mykje at det verka forstyrrande når eg seinare skulle høyre gjennom opptaka. Deretter kopierte eg alle opptaka over på cd-rom til bruk på pc. No var opptaka klare til transkripsjon.

## 4.4 Transkripsjon og analyse

### 4.4.1 Transkripsjon

”Transkripsjonen innebærer oversetting fra et muntlig språk, som har sine egne regler, til et skriftlig språk med helt andre regler” (Kvale 1997:104). Menneske snakkar ikkje grammatisk korrekt og i heile setningar. Ei ordrett nedskrivning av språklege ytringar kan difor gje ein usamanhengande og repetitiv transkripsjon som kan verke stigmatiserande på den som har kome med ytringane. Ein må spørje seg om kva type transkripsjon som er nyttig for den aktuelle undersøkinga. Dersom ein berre er interessert i innhaldet i det som vert sagt, kan det vere nyttig å omformulere utsegnene i intervjuet slik at dei står fram som ei samanhengande historie. For å utføre ein lingvistisk analyse, er det derimot naudsynt med nøyaktige og ordrette transkripsjonar. Transkripsjonen av intervjuar skal gjengi kva intervjupersonane har sagt på ein lojal måte, samtidig som den skriftlege framstillinga bør gjengi situasjonen og framtoninga til intervjupersonane.

Transkripsjonen av intervjuopptaka inneber at ein må tolke materialet. Målet i ei sosiolingvistisk undersøking er ikkje berre å studere kva som vert sagt, men òg måten det vert sagt på. Ein lyttar etter meir eller mindre detaljerte språklege variablar i materialet. Det er lett for at den som transkriberer, høyrer feil eller tolkar utsegnene på feil måte. Problemet kan løysast ved at fleire personar transkriberer same materialet, eller at ein høyrer gjennom opptaket fleire gonger og dobbeltsjekkar transkripsjonen. Eg har gjort det siste.

Ein må sikre privatlivet til deltakarane både i transkripsjonsfasen og i den endelege rapporten, og vurdere kva konsekvensar studien og intervjusituasjonen

kan ha for intervjupersonane. Dette medfører at ein anonymiserer informantane og ikkje offentleggjer informasjon som kan identifisere dei, til dømes person- og stadnamn. Samtidig bør ein ikkje anonymisere så sterkt at viktige kontekstuelle faktorar vert skjulte. Det er til dømes relevant å vite kvar i Førde eller Florø informantane kjem frå og andre opplysningar om den sosiale bakgrunnen deira (Kvale 1997). Før eg kunne ta til på feltarbeidet, måtte eg få godkjenning frå Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD) til å registrere og oppbevare data om informantane (vedlegg 1). Intervjuopptaka vert oppbevarte i anonymisert form, medan alle papirdokument med personopplysningar (til dømes nettverksskjema og liknande) vart makulerte etter at undersøkinga var ferdig.

Eg har transkribert intervjuet etter malen til Talesøkprosjektet (tidlegare Norsk talemålskorpus) ved Nordisk institutt, UiB (Talesøk 2002). Hovudprinsippet for transkripsjonen er å gjengi talemålet mest mogleg ved hjelp av normalortografi og ikkje lydskrift. Det er mogleg å gjere det slik fordi transkripsjonen vert kopla saman med lydopptaka av intervjuet. Her brukte eg transkripsjonsprogrammet Praat for å kople lyd og tekst. Det heile er lagt inn i eit søkeprogram på internett og tilgangsregulert med passord, der ein til dømes kan søke på eit ord og få opp alle belegg på dette ordet, saman med lydopptaket frå den aktuelle biten av intervjuet der ordet førekjem. Det er Knut Hofland på Senter for humanistisk informasjonsteknologi (HIT) i Bergen som har gjort denne biten.

Sidan talemåla eg studerer, er vestnorske, har eg valt nynorsk som transkripsjonsspråk. Men det betyr ikkje at alt skal transkriberast på grammatisk rett og konsekvent nynorsk. I transkripsjonsmalen til Talesøk opererer ein med to ordklassar, nemleg A-ord og B-ord. A-gruppa inneheld ordklassane pronomen og determinativ (til dømes eg, min, den, same, ein). Både pronomen og determinativ er lukka ordklassar med relativt få medlemmer. Dei kan ha svært ulike uttale i ulike dialektar, og er i tillegg ofte reduserte i samanhengande tale. For å sikre at A-orda vert handsama på ein konsekvent måte, skal dei transkriberast etter nynorsk rettskriving, uavhengig av kva informanten seier. Når eg har valt å bruke nynorsk

transkripsjon, skriv eg altså <dei> anten informanten seier /dei/ eller /di/. Alle dei andre ordklassane utgjer B-gruppa. Talord vert her handsama som B-ord, sjølv om dei elles ofte vert rekna som determinativ. I B-gruppa vert stamma av ordet transkribert mest mogleg likt uttalen til informanten, innanfor nynorsk- eller bokmålsrettskriving. Dersom der er ord som ikkje er normerte på nynorsk eller bokmål, må eg normere dei sjølv. Eventuelle bøyingsendingar skal vere i samsvar med nynorsk rettskriving. Bøyingsendingar kan såleis seiast å tilhøyre A-gruppa (Talesøk 2002).

Prinsipp for transkribering av B-ord:

1. Namn er fjerna av personvernomsyn og erstatta med <namn> i teksten.
2. Sitat og metaspråk er markerte med hermeteikn.
3. Ved framandord bruker eg den fornorska varianten av ordet. Eg skriv til dømes <sørvis>, og ikkje <service>.
4. Eg markerer ikkje pauselydar, latter og andre ikkje-språklege lydar.
5. Avbrotne ord vert markerte med bindestrek: ”*utr- utruleg mange ting.*” I dei sitata eg bruker i analysekapittelet (kapittel 5), har eg fjerna ein del stotring og gjentakningar for at sitata skal bli meir lettlesne.
6. Setningar som ikkje er avslutta vert markerte med tre bindestrekar: ”*Du har ikkje den muligheten til å gå for deg sjøl og---*”

#### 4.4.2 Analyse

Dataanalysen knyter saman empiri og teori ved at ein søker ei teoretisk forståing av dei empiriske data som vert samla inn (Grønmo 1984). Analysen av kvalitative intervju føregår til ein viss grad under sjølve intervjuet ved at intervjuaren omformulerer og gjentar det informanten har sagt, slik at informanten kan seie seg samd eller usamd i tolkinga. I tillegg analyserer forskaren materialet etter at intervjuet er avslutta.

Når det gjaldt dei språklege data, brukte eg søkeprogram for å trekkje ut belegga på dei ti språklege variablane. Resultata sette eg opp i tabellar (kapittel 6). Eg har

brukt både Excel og statistikkprogrammet NSD Stat for å rekne ut prosentlar av variantane og samanhengar mellom språklege og sosiale variablar.

Identitetsdelen av datamaterialet består av informantane sine ytringar i intervjuet, anten som svar på direkte spørsmål eller som forteljingar og ytringar som eg tolkar. I tillegg består materialet av skriftlege svar på eit bakgrunsskjema og eit nettverkskjema som informantane fylte ut før intervjuet (vedlegg 6 og 7). For å kunne bruke dette materialet til å seie noko om dei teoretiske omgrepa eg studerer, har eg kategorisert utsegnene. Målet med ei slik meiningskategorisering er å gjere materialet meir oversiktleg, slik at eg til dømes kan samanlikne informantane med omsyn til ein kategori (Kvale 1997, Grønmo 1984). Men det er viktig at kategoriseringa ikkje går ut over forståinga av mangfaldet og djupna i materialet. Eg har utvikla kategoriar delvis ut i frå hypotesane og teorigrunnlaget og delvis ut i frå intervjumaterialet.

## 5. Identitet og haldningar i Florø og Førde

I dette kapittelet vil eg ta føre meg det eg har funne ut om den lokale identiteten og språkhaldningane til informantane. I første delen av kapittelet, 5.1, går eg først gjennom den lokale identiteten i Førde og Florø. Identiteten omfattar lokal tilhøyrse, urbanitet og ruralitet, og sosiale nettverk og aktivitetar. Eg tek føre meg forskjellar i den lokale identiteten hjå unge og vaksne og trekkjer fram nokre informantar som døme på svak og sterk lokal identitet. Til slutt har eg undersøkt om den regionale identiteten var like sterk som den lokale. Del 5.2 av kapittelet dreier seg om språkhaldningar. Her tek eg føre meg florøværingane og førdianarane som grupper, før eg trekkjer fram to informantar med nokre interessante språkhaldningar. I del 5.3 prøvar eg å finne ut om informantane tek opp emnet *dialekt* når dei omtalar forskjellane mellom byane Florø og Førde, og i 5.4. utforskar eg sambandet mellom lokal identitet og haldningar til språkleg akkommodasjon. Til slutt oppsummerer eg resultata i 5.5.

For å bestemme kva identitet informantane hadde, måtte eg først avgjere kva som var uttrykk for sosial og lokal identitet. Under kvart delemne vil eg gå gjennom kriteria eg bruker for å kategorisere informantane.

### 5.1 Sosial og lokal identitet

Tabell 5 viser kva eg reknar som uttrykk for sterk og svak lokal identitet. Informantane treng ikkje oppfylle alle krava, men dei bør ha meir enn 1 – 2 av kjenneteikna i oversikta. Kriteria i tabell 5 er hovudsakleg grunnlagde på datamaterialet, men òg på teorigrunnlaget i kapittel 3.

<b>Tabell 5: Uttrykk for lokal identitet</b>	
UTTRYKK FOR STERK LOKAL IDENTITET:	UTTRYKK FOR SVAK LOKAL IDENTITET:
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Mykje å seie om heimstaden</li> <li>▪ Positive haldningar til heimstaden</li> <li>▪ Engasjerte i utviklinga på heimstaden</li> <li>▪ Deltek i nettverk som er lokalt forankra</li> <li>▪ Vil ikkje flytte vekk frå heimstaden</li> <li>▪ Vil kome attende etter å ha teke utdanning</li> <li>▪ Gir uttrykk for at staden er viktig for dei</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lite å seie om heimstaden</li> <li>▪ Negative haldningar til heimstaden</li> <li>▪ Ikkje interesserte i utviklinga på heimstaden</li> <li>▪ Nettverk med forankring utanfor det lokale</li> <li>▪ Vil flytte vekk frå heimstaden</li> <li>▪ Det er ikkje viktig for dei kvar dei bur</li> </ul>

### 5.1.1 Lokal identitet i Førde og Florø

Hypotese 1: *Florøværingane har sterkare lokal identitet enn fjordianarane.*

Det viktigaste uttrykket for lokal identitet er informantane sine ytringar om tilhøyrslø til heimstaden. Datagrunnlaget eg har brukt for å svare på hypotesen, kom fram særskilt i dei delane av intervjuet som handla om heimstaden (Førde/Florø), nabobyen og regionen. Eg har òg brukt dei delane som handla om kva ønske informantane hadde om å flytte eller bli verande, og for dei unge sin del, om dei ville kome tilbake til heimstaden etter eventuell høgare utdanning. Eg har òg basert framstillinga på mi eiga tolking av heilskapen i det informantane fortalde i intervjuet, og på opplysningar i bakgrunnsskjemaet (vedlegg 6).

#### Lokal identitet i Florø

Alle florøværingane utanom ØV8 og ØV6 fortalde at identiteten deira var knytt til kysten og kystkulturen. Men ØV8 og ØV6 nemnde kystnæringar som noko typisk for Florø. ØU3 sa: *"Eg likar folkene her på kysten. Dei er litt annerledes enn resten av Noreg, syns eg."* ØV7 budde i Indre Sogn i ein kortare periode, og hadde erfart korleis det var å flytte frå kysten:

*ØV7: Det blei for tett. Fjellene fanga meg. Der var ikkje ope nok. Eg budde i Øvre Årdal. Der var eit stort vatn. Men det var ikkje nok. Fordi at det var stengsel i enden av det. Så eg blei fanga. Eg må ha den opne kystlinja.*

ØV7 hadde i tillegg ei sterk tilknytning til sjølve Florø og sa at ho ikkje ville flytte derifrå. For andre verka det som om sjølve kysten var viktigare enn byen Florø, til dømes ØU4: *”så lenge det er litt på kysten, så tror eg eg kunne bodd andre plassar.”*

I tillegg vart patriotismen ofte nemnd som eit særtrekk ved Florø. ØV5 sa:

*ØV5: Florøværingar er ekstremt patriotiske. Og det trur eg kanskje iallfall er ulikt Førde og desse her større tettstadene. Folk som kom fra mindre plassar, eller som har budd på ein plass i Sogn og Fjordane i heile sitt liv, er vel ganske patriotiske og heimekjære generelt, men trur kanskje florøværingar er litt ekstreme. Vi er veldig glad i byen vår.*

Alle florøværingane utanom ØV6 såg på Florø som ein by, fordi det hadde bypreg (butikkar, gater, handel og industri) og lange tradisjonar som by. I følgje ØU1 kunne det både vere positivt og negativt:

*ØU1: Altså, eg er ikkje så veldig glad i ein del av holdningane som ein del av urinnvånarane har. Altså, for meg er dei veldig sære. [...] Altså, du kan ikkje akkurat sammenligne det med byfruene i Bergen da, men Florø er jo sagt å vere lille Bergen. Men det er no litt av det same iallfall. Litt fine på ting og ein del sånt. [...] Litt bypreg. Særlig holdningane overfor andre plassar og sånt. Og veldig sånn patriotiske kan ein kalle dei.*

Nokre av florøværingane hadde negative haldningar til at Florø var for liten, at jantelova rådde og så vidare. Men jamt over hadde informantane frå Florø ei klarare og meir positiv oppfatning av kva som særmerkte byen deira, enn førdianarane hadde. Dei fleste trekte fram patriotismen og tilknytninga til kysten som særpreg.

#### Lokal identitet i Førde

I Førde verka det vanskelegare å finne typiske kjenneteikn ved byen. EU1 meinte at førdianarar ikkje var noko spesielle, og ho skildra byen på denne måten: *”Ja, ein litt større tettstad. Heilt greit egentlig å vokse opp i og sånn. Litt butikkar eller nok butikkar, då.”*

Ingen av dei vaksne førdianarane såg på Førde som ein by, og to av dei unge (EU1 og EU4) meinte at Førde ikkje hadde nok bypreg til å kunne kallast ein by. Dessutan var mange av førdianarane misnøgde med korleis byen hadde utvikla seg, og at ein ikkje hadde teke vare på den gamle byggjeskikken i sentrum. EV7 samanlikna dei to byane og kom til at Florø var finare enn Førde:

EV7: *Ja, altså det er jo ein sånn gammal trehusbebyggelse der ute, og altså det, det er jo ein gammal by i forhold til Førde, som kanskje er meir ein prærieby, sant. Altså, at her er det flatt, og alt mulig er spreidd ut over sant, og flate hus og i grunn ikkje så veldig fint ned i sentrum. Der er det mykje finare ut i Florø.*

EV5 uttala seg om den manglande patriotismen i Førde då eg spurde henne om det fanst noko som var typisk for førdianarar:

EV5: *Ja, at vi ikkje er patriotar. Altså i Florø har du patriotisme til dei grader. Og dei er stolt av byen sin og stolt av dialekten sin, mens her er vi sånn- ja, vi er ikkje patriotar i heile tatt.*

EV8 meinte òg at førdianarane mangla patriotisme, men at dei innfødde førdianarane hadde sterkare lokal tilknytning enn dei mange tilflyttarane:

EV8: *[...] vi er ikkje så patriotiske her i Førde som dei er i Florø for eksempel. Det er vanskeleg å få den her vi-følelsen her i Førde, og det trur eg kanskje har samanheng med at Førde er vel den plassen iallfall i Sunnfjord då, og kanskje i heile fylket som har hatt den raskaste utviklinga. Det har jo også gjort til at det har kome mykje folk tilflytt. [...] Dei som er kome her og flytta til, dei har kanskje ikkje den identiteten i forhold til Førde og førdebegrepet som vi har som er opprinnelege førdianarar, og vi er jo ikkje så mange i forhold til resten. Fordi at når du får stor innflytting så blir jo det på ein måte- dei som er flytta til kjem i fleirtal i forhold til dei som budde her i utgangspunktet då.*

Førde vart ofte skildra i negative ordelag, til dømes ved at ein peikte på at noko mangla (patriotisme, tradisjonell sentrumsbusetnad, tilbod) eller at ein tykte det var stygt eller mangla særpreg. Elles vart Førde omtala som eit handelssentrum med mange butikkar. Nokre av førdianarane (EU2, EV6, EV8) nemnde også at Førde var eit geografisk knutepunkt både når det gjaldt vegar og busstrafikk.

*Konklusjon:* Generelt vart hypotesen om at florøværingane har sterkare lokal identitet enn førdianarane, underbygd. Men det er både individuelle forskjellar og aldersforskjellar i dette biletet. Det vil eg kome nærare inn på nedanfor (5.1.4 og 5.1.5).

### 5.1.2 Urbanitet og ruralitet

Eit uttrykk for den sosiale og lokale identiteten til informantane er om dei er urbant eller ruralt orienterte. For å kunne seie noko om rurale og urbane identitetstrekk hjå informantane, har eg sett på kva dei sjølve seier om emnet, og på deira førestellingar om det urbane og rurale. Desse førestellingane kom fram då vi snakka om kva som kjenneteikna Førde og Florø, om dei to stadene kvalifiserte til nemninga ”by”, kva



som var forskjellen på by og land, og kva informanten tykte var best av dei to. Tabell 6 viser kva informantane frå Florø og Førde meinte kjenneteikna byen og bygda.

<b>Tabell 6: Informantane sine oppfatningar av urbanitet og ruralitet</b>		
	URBANT	RURALT
FOLKETETTELEIK	- Stor stad, mange innbyggjarar - Attraktivt: Folk flyttar dit og vert buande	- Liten stad, få innbyggjarar - God plass
BYGGJEMØNSTER	- Industrien plassert utanfor byen - Byaktig byggjestil i sentrumskjernen, tettbygd, kvartalsstruktur	- Ikkje så ”planlagd” bykjerne - Dårlege kommunikasjonar
TILBOD	- Stort tilbod innanfor kultur, helse, handel, kommunikasjon, sørvis - Variasjon i tilbod og aktivitetar	- Tilgang til natur - Lite kulturliv, få butikkar og andre tilbod
SYSSELSETJING	- Sørvisnæringar	- Bønder og landbruk
HISTORIE	- Tradisjon som by	- Tradisjon som bygd (spesielt viktig for vaksne)
SOSIALE NETTVERK OG LEVEMÅTE	- Anonymitet - Folk har det travelt - Stor aktivitet	- Alle kjenner alle - Fordommar, jantelov - Røleg og stille - Folk tek det med ro
KULTUR/SAMFUNNSFORM	- Klasseskilje - Bergen, Oslo, Trondheim er byar	- Grendefestar, ”norsk” drikkemønster - Lokalavis - Følgjer ikkje med på motar
SPRÅK	- ”Fint” talemål, ”byfruemål” eller ”yo-yo-yo-språk”	- ”Bondespråk”, ”grautete”

Oppfatningane om urbanitet og ruralitet kan delast inn i oppfatningar om folketettleik, byggjemønster, tilbod, sysselsetjing, historie, sosiale nettverk, kultur/samfunnsform og språk. Tabell 6 viser at førestellingane informantane hadde om urbanitet og ruralitet, var nokså stereotype. Det urbane er mellom anna kjenneteikna av folkevekst, ein bykjerne med kvartalsstruktur, variert tilbod innanfor kultur og handel, standardnært talemål og at ein kan vere ”anonym”. Rurale stader er kjenneteikna av at det bur få menneske der, ein har mykje natur rundt seg og alle

kjenner alle. Andre rurale trekk er sysselsetjing i primærnæringar, grendafestar og tradisjonelt talemål med lokalt særpreg.

Kategoriseringa mi tek utgangspunkt i at ein person med "urban" identitet identifiserer seg med urbane verdiar som det å bu i by, nytte det varierte kulturtilbodet der og vere anonym. Aktivitetar som musikk (pop/rock/jazz osv), data og å studere på universitet reknar eg som urbane. "Rural" identitet vil seie at informanten identifiserer seg med rurale verdiar som det å bu på landet, vere i naturen, ha god plass og ha det stille og roleg. Eg reknar aktivitetar som skyting, kyrkjelydsarbeid og tur i skog og mark som rurale. Fotball og liknande lagspel, lesing og handarbeid er aktivitetar som eg meiner ikkje kan plasserast i "urban"- eller "rural"-båsen. Det er ikkje nokon eintydig samanheng mellom å vere trendy og moderne og å vere urban, og heller ikkje mellom det rurale og det gammaldagse eller tradisjonelle. Nokre gonger vil verdiane falle saman, andre gonger ikkje. Ein kan godt vere moderne og rural samstundes, til dømes ved at ein medvite har valt det rurale, sidan valfridom er eit sentralt trekk ved modernitet, i følgje Tvitekkja (1999).

Her har eg delt informantane inn i gruppene urban og rural. Dette er ei grov forenkling, men kategoriseringa hjelper til å utdjupe biletet av identiteten til informantane. Dei fleste av informantane såg fordelar og ulemper både ved bygda og byen, men nokre hadde sterkare preferansar i anten urban eller rural retning. Kategoriseringa er gjort på grunnlag av opplysningane om haldningar til by og bygd og til urbane og rurale verdiar slik dei er definerte i tabell 6, ønskje om å bu urbant eller ruralt, og kva aktivitetar og interesser informantane hadde.

#### Urbant orienterte informantar

Det var nokså stor skilnad innanfor gruppa av urbant orienterte informantar. Nokre av dei ønskte å bu i byen og meinte at Florø og Førde var små bygder der ein ikkje kunne leve ut interessene sine. Det gjaldt informantane EU1, EV5, ØU2, ØU4 og ØV6.

EU1 identifiserte seg meir med sentrum enn med utkantane i Førde. Likevel meinte ho at Førde ikkje var byaktig, fordi det mangla fasilitetar som til dømes butikkar. Ho

ville ikkje bli verande i Førde, og hadde heller ikkje noko ønske om å flytte tilbake etter at ho var ferdigutdanna. EV5 kunne ha vore kategorisert som rural fordi ho var svært oppteken av tradisjonelle bygdeverdiar. Ho tykte det var viktig å ta vare på både dialektord og andre kulturelle trekk frå bygdene. I den situasjonen ho var i no, ville ho helst ikkje bu i ein by, særleg på grunn av tryggleiken til borna. Men samtidig tykte ho ofte det var for lite tilbod og variasjon i Førde i forhold til for eksempel Oslo, og ho kunne tenkje seg å flytte til byen seinare dersom forholda låg til rette for det. Eg oppfatta EV5 som urbant orientert delvis fordi ho var tiltrekt av byen, og delvis på grunn av aktivitetar og interesser, som omfatta kafébesøk, meditasjonsgruppe og blueskonsertar. EV5 er eit eksempel på at sterk lokal identitet ikkje nødvendigvis utelukkar at ein kan vere urbant orientert.

Av florøværingane var ØU2 tydeleg urbant orientert. Han ville bu i ein storby, spesielt medan han var ung. Av fordelar med byen trekte han fram høvet til å vere anonym og det varierte tilbodet innanfor kulturliv og utdanning:

*ØU2: Det er meir kulturtilbud, du kan studere. Få deg utdanning, det er masse muligheter der. Masse å gjøre. Det er liksom blitt sånn prenta inn i hodet på deg når du har vokst opp no for tida at du må alltid ha eitt eller anna inni hodet. Og det kan du få i byane. Og så har du den muligheten til å vere ganske anonym då, som du ikkje har her i Florø. [...] Alle kjenner alle, og alle snakkar om kva som har skjedd, og privatlivet ditt er som oftast ganske offentlig. Du har ikkje den muligheten til å gå for deg sjøl.*

ØU4 uttalte seg òg til dels negativt om bygda. Han trekte til dømes fram det negative med ein ”bygdeaktig” byggjestil:

*ØU4 om Førde: Eg syns det lignar meir på bygdesentrum på ein måte, for det at greitt, dei har masse butikkar og- men dei har ikkje den bystrukturen som vi har, på ein måte. Med sånne gater som går på tvers og langs. Det er meir rotete der. Det er ikkje noko planlagt.*

Samtidig hadde ØU4 ønskje om å bu ruralt når han skulle etablere seg. Trass i det har eg plassert han i den urbane gruppa, både på grunn av haldningane til by og land og på grunnlag av dei interessene han hadde. (Han var interessert i musikk av typen ”undergrunn” og spelte i eit rockeband.) ØV6 var òg tiltrekt av byen og det urbane livet, og han kunne tenkje seg å bu i ein by med gangavstand til tilboda der: ”Nei, enklare å leve der. Enklare å organisere ting. [...] Større tilbud. Det er hovedgrunnen.”

Andre såg på heimstaden som representant for det urbane, og gjekk såleis for å vere urbane sjølv om dei ville bli buande i Førde/Florø. Det var EU3, EV7, ØU3 og ØV7. EU3 har eg kategorisert som urban fordi ho identifiserte seg med sentrumsdelen av Førde, og ho hadde lite kjennskap til bygdeverdiar. EV7 var negativ til den "overvakinga" ho meinte gjekk føre seg på bygda fordi alle kjende alle. Ho tykte at Førde var passeleg stort fordi det fanst ein del tilbod og ein kunne vere anonym til ein viss grad. Men samtidig ville ho ikkje flytta til ein større by, men det var mest fordi ho hadde born og meinte at det var for seint å flytte for hennar del. Då ho var yngre, hadde ho hatt lyst å bu i Bergen.

Eit trekk som ØU3 tykte var positivt med Florø, var at det var ein liten stad, slik at ein "*blir kjent med fleire og sånt.*" Ho ville ikkje bu i ein stor by, fordi "*for barn å vokse opp i ein stor by, det tror ikkje eg er så veldig bra. Og eg ville heller bodd i ein forstad eller noko sånt.*" Eg oppfatta ØU3 som urbant orientert fordi ho var knytt til det urbane ved Florø: Ho oppfatta Florø som by, familien budde i sentrum av byen, og ho hadde bokmål på skulen og skildra dialekten sin som bokmålsnær. ØU3 ønskte å bli interiørarkitekt og studere og bu i Bergen. Også ØV7 hadde positive haldningar til det urbane, og knytte haldningane sine spesielt til Florø, som ho såg på som by. Ho ville ha ein blanding av det urbane og det rurale, noko ho meinte Florø kunne tilby:

*ØV7: Her vi sit no, så tar det oss [...] fem minuttar å gå opp til sjukehuset og komme ned til Storevatnet. Så det er jo ei perle uten sidestykke. Du skal ikkje lenger unna før du slepp unna byen. Men samtidig så er du veldig nært byen. Du har kort vei å gå tilbake og gjøre ærendene dine òg. [...] Eg må ha begge deler. Men det er sikkert fordi eg er vokst opp her.*

Fordi den lokale identiteten til ØV7 var så sterkt knytt til det urbane ved Florø, har eg plassert henne i gruppa av informantar som var orienterte mot det urbane.

### Rurale informantar

I gruppa av ruralt orienterte informantar var det større likskapar enn i gruppa "urbane", fordi alle knytte omgrepet *rural* til om lag dei same verdiane. Men også her varierte informantane med omsyn til lokal identitet: Nokre ville bli der dei var, medan EV6 til dels var misnøgd med staden og ville flytte til ein meir rural plass enn i

bustadfeltet der han budde no. Han ville bu mindre sentralt og med meir plass rundt seg, og meinte at folk på bygda tok det meir med ro enn folk i bysentrum.

Dei informantane som meinte at Førde/Florø var ruralt nok, var EU2, EU4, EV8, ØU1, ØV5 og ØV8. EU2 likte både by og land, men tenderte til å like bygda (og bygdedialektar) best. Han kunne tenkje seg å bu i nærleiken av ein by, men ikkje midt i byen. EU4 ville bu i Førde, og han likte utkantane klart betre enn sentrum, både når det gjaldt kulturen og språket. EV8 var også ruralt orientert; han var gardbrukar nær sentrum og likte aktivitetar som friluftsliv og fiske. Han kunne ikkje tenkje seg å bu i ein by, for han ville ha *"litt meir armslag"*.

ØU1 var negativ til den "bykulturen" ho meinte fanst i Florø, og fortalde at florøværingane var *"litt fine på ting."* Ho ville flytte og kunne tenkje seg å bu både i by og i utlandet, noko som først fekk meg til å kategorisere henne som urbant orientert. Men denne "urbaniteten" til ØU1 ser eg på som eit utslag av lausrivings-  
trong; til dømes kritiserte ho Florø og fortalde at ho var lei av byen: *"Men det har jo noko med når du har bodd her i nitten år, så kan du jo føle at du blir litt lei av ein liten plass. Men det skal no sikkert bli kjekt å kome tilbake igjen når ein flyttar."* Generelt var ØU1 tiltrekt av det rurale, og fortalde mellom anna: *"Altså, det var jo drømmen før det, at eg kunne bo utpå ei øy og leve der."* Likevel såg ho praktiske ulemper med bygda (dårlege kommunikasjonar og arbeidsmarknad), og konkluderte med at det beste var *"å bo i ein by, men ha muligheten til å dra ut på landet."*

ØV5 var oppvaksen på ein gard rett utanfor Florø, men hadde gått på "byskulen" i Florø sentrum. I intervjuet kom det ikkje fram om ho hadde positive eller negative haldningar til byen eller bygda. Tvert om gav ho uttrykk for at dette skiljet ikkje var viktig for henne: *"[...] om Florø eller Førde er by, det spiller ikkje nokon rolle for meg i det heile tatt. Det betyr ingen ting."* Likevel gav ho inntrykk av at ho oppfatta Florø som mest ruralt. I følgje ØV5 var Florø *"ein passelig stor plass, fint å fostre opp ungar her og nærhet til alle ting du treng."* Familien hadde eit småbruk på ei av øyene utanfor byen, og ØV5 dreiv med aktivitetar som var knytte til lokalsamfunnet, og som eg oppfatta som rurale. (Ho var aktiv i kyrkjelydsarbeid og

speidarforeining.) ØV8 gav ikkje noko særleg uttrykk for haldningane sine til by og bygd. Eg oppfatta han som ruralt orientert delvis på grunn av interessene. Han hadde til dømes vore med i det lokale skyttarlaget. Dessutan var han oppvaksen i eit område som ligg utanfor sentrum, og som tidlegare ikkje var ein del av byen, men av Kinn kommune. ØV8 uttrykte heller ikkje noko ønske om å flytte til ein meir urban plass enn Florø.

#### Oppsummering om urbanitet og ruralitet

Ingen av informantane var utelukkande urbant eller ruralt orienterte. Nokre av informantane fortalde at dei ville bu slik at dei kunne kombinere fordelane med byen og landet. Ein måte å gjere det på, var å bu utanfor ein by, men ha høve til å reise inn til byen. (Informantane EU1, EU2, ØU3 og ØU4 nemnde det.) Ein kunne nytte seg av kulturtilbod og andre fasilitetar i byen og samtidig ha det stille og roleg der ein budde, utanfor byen. Andre ville bu i ein by, men ha landlege område i nærleiken av byen, slik at ein kunne reise ut på landet når ein ville det (ØU1 og ØV7). EV5, EV7, ØU2 og ØU4 gav uttrykk for at det beste var å bu urbant når ein var ung, men etablere familie og oppfostre barn på ein mindre stad.

I intervju kunne det verke som dei unge informantane var meir urbane fordi dei orienterte seg mot byen i større grad enn dei vaksne. Men det som kan verke som ei urban innstilling, kan like gjerne vere eit uttrykk for lausrivingstrong. Kanskje ungdommane orienterte seg mot byen fordi dei ville rive seg laus frå det samfunnet dei tilhørde no, og prøve noko nytt. Såleis er det fare for å forveksle urbanitet med lausriving. Eg har forsøkt å ta omsyn til dette i analysen, slik at eg ikkje automatisk plasserte ungdommane i ”urban”-båsen berre fordi dei ville bu og studere i ein større by i nokre år. Tabell 7 viser korleis eg har kategorisert informantane med omsyn til urbanitet og ruralitet. I kapittel 7 vil eg kome tilbake til denne inndeling og vise kva samanheng urbaniteten har med språkbruken.

**Tabell 7: Urbant og ruralt orienterte informantar**

FØRDE	SOSIAL IDENTITET		FLORØ	SOSIAL IDENTITET	
EU1	Urban		ØU1		Rural
EU2		Rural	ØU2	Urban	
EU3	Urban		ØU3	Urban	
EU4		Rural	ØU4	Urban	
EV5	Urban		ØV5		Rural
EV6		Rural	ØV6	Urban	
EV7	Urban		ØV7	Urban	
EV8		Rural	ØV8		Rural

### 5.1.3 Nettverk og aktivitetar

Eit aspekt ved den lokale identiteten er kva type nettverk ein deltek i. Til dømes spelar det ei rolle om nettverka er lokalt forankra ved at mange av nettverkspersonane kjem frå same staden som informanten. I tabell 8 på neste side har eg delt inn nettverka i *familie* og *vener* og ser på om nettverkspersonane kom frå den lokale staden, frå regionen eller frå andre stader i landet. På dei stadene der det står både *lokal (L)* og *regional (R)*, fortel rekkjefølgja om det er mest av den lokale eller den regionale nettverkstilknyttinga. Dersom ein informant til dømes har mor frå Nordfjord, men heile resten av familien kjem frå Florø, er det markert ved at *lokal* står først og *regional* sist, slik: "L-R". Informantane i tabell 8 er sorterte etter om nettverket er lokalt, ikkje-lokalt eller begge delar.

Det er ikkje alltid klare skilje mellom det lokale og det regionale, men ut i frå utsegnene til informantane har eg forsøkt å definere det slik at den lokale staden omfattar høvesvis Førde og Flora kommune, medan "regionen" er alt frå Sunnfjord til heile Vestlandet. Rett nok vil førdianarar i mange tilfelle oppfatte ein naustedøling eller ein jølstring som "lokale" nettverkspersonar, sjølv om eg her har kategorisert dei som regionale. Til dømes går ungdom frå Jølster, Naustdal og Gaular kommunar ofte på vidaregåande skule i Førde. Det same er tilfelle med Flora og nabokommunane. Dette ser eg på som kontakt mellom ulike lokalsamfunn innanfor

regionen. Her vil eg berre presentere dei sosiale nettverka til informantane. Sambandet med språkbruken kjem eg attende til i kapittel 7.

<b>Tabell 8: Interesser og aktivitetar</b>					
INF.	INTERESSER, AKTIVITETAR OG STUDIEØNSKE	JOBB OG STUDIAR	NETTVERK <sup>3</sup>		LOKALT NETT <sup>4</sup>
			FAMILIE	VENER	
EU1	Langrenn, lagidrett. Friluftsliv. Økonomi- eller legeutdanning. Ta friluftslinje på folkehøgskule.	Allmennfag. Deltidsjobb.	R	L	+
EU4	Raudekrossen. Psykologi, førstehjelp. Engasjement mot narkotika. Trene vekter og kampsport. Bli barne- og ungdomsarbeidar eller ambulanspersonell.	Yrkesfag. Deltidsjobbar.	L-R	L-R	+
EV5	Kafé, besøk. Meditasjonsgruppe. Turgåing. Blues.	Kontorjobb på sjukehus	L-R	R	+
EV6	Trene hund. Tidl. aktiv i frivillig arbeid lokalt. Aktiv i regional organisasjon.	Vaskeriarbeidar	R-L	L-R	+
EV8	Friluftsliv. Idrett. Aktiv i elveeigarlag og hesteavl.	Fagsjef. Gardbrukar.	L-R	R-L-N	+
ØU4	Musikk, spele i band. Vere på sjøen. Bli arkitekt, konsulent eller sivilingeniør. Ta folkehøgskule.	Allmennfag.	R-L-N	L	+
ØV8	Lagidrett. Tidl. skyting.	Postbetjent. Trailersjåfør.	R-L	L-R	+
EU2	Engasjement mot narkotika og for ungdomsmiljø. Lagidrett. Reist ein del. Ta økonomiutdanning eller leiarutdanning i militæret.	Allmennfag.	L-R	L-R	+/-
EU3	Lagidrett. Reise. Ta reiselivslinje på folkehøgskule.	Allmennfag. Deltidsjobb.	R	L	+/-
EV7	Lese bøker.	Sjukepleiarstudent.	L-R	R-L	+/-
ØU2	Reise. Segling. Ta arkitektutdanning, psykologi, filosofi eller litteratur.	Allmennfag. Deltidsjobbar.	L	L-R	+/-
ØU3	Lagidrett (uorganisert). Teikne. Bli interiørarkitekt og ta folkehøgskule.	Allmennfag. Deltidsjobb.	R-L-N	L-R-IN	+/-
ØV5	Tidlegare politisk aktiv. Aktiv i kyrkjelydsliv. Handarbeid. Hagearbeid. Lesing. Speidarleir.	Klinisk sosionom. Hadde studert i tillegg til jobben.	L-R	R-IN	+/-
ØU1	Kor, piano, data, friluftsliv. Tidl. medlem i regional HV-ungdomsgruppe. Bli ingeniør, lærar, flygeleiar eller ta utdanning i forsvaret.	Allmennfag. Deltidsjobb.	L-R	R-L	-
ØV6	Dykking. Motorsyssel. Vere på sjøen. Tømmerhogst.	Ingeniør.	R-L-N	L-IN	-
ØV7	Steinsliping. Handarbeid. Lese. Skrive brev.	Reinhaldar.	R-L-N	L-R	-

<sup>3</sup> L = lokal, R = regional, N = nasjonal, IN = internasjonal

<sup>4</sup> Viser om nettverket og aktivitetane er av ein kvalitet som knyter informanten til den lokale staden. ”+” betyr at nettverket hovudsakleg er lokalt basert, ”-” betyr at det ikkje er lokalt basert, ”+/-” betyr at det er begge delar.



#### 5.1.4 Lokal identitet hjå unge og vaksne

Hypotese 2: *Vaksne informantar har sterkare lokal identitet enn unge informantar*

##### Lokal identitet hjå dei unge informantane

Dei unge informantane i Førde og til dels i Florø hadde ein annan type tilknytning til heimbyen enn dei vaksne. Dei fleste av dei unge informantane hadde planar om å flytte frå heimbyen for å ta utdanning. Difor kan ein lett få inntrykk av at dei var mindre stadbundne enn dei vaksne informantane, som stort sett hadde etablert seg i Førde eller Florø og ville bli verande der. ØU2 tykte for eksempel at miljøet i Florø var for lite:

*ØU2: Alle kjenner alle, og alle snakkar om kva som har skjedd, og privatlivet ditt er som oftast ganske offentlig. Du har ikkje den muligheten til å gå for deg sjøl og---*

*ØU2: Altså det er kanskje ting som er verdt å ta med seg her frå Florø, men eg trur alle som kommer herfra, har godt av å kome seg ut i verden og oppdage at det finst noko meir òg.*

EU2 begynte òg å bli lei av heimbyen, og svara dette då eg spurde om kor han ville bu i framtida: *"Tvilar på det blir Førde. [...] Nei, eg må kome meg vekk."* EU2 hadde likevel positive haldningar til Førde, sidan det var der han var oppvaksen og hadde familie.

Nokre av dei unge informantane ville kome tilbake til heimbyen etter å ha tatt utdanning andre stader, til dømes ØU4: *"Ja, etter å ha vært litt rundt om, så kunne det ha vært kjekt å slå seg ned her når eg har blitt litt eldre."* ØU3 hadde også eit positivt forhold til Florø: *"Eg har jo bodd her heile livet. Vi har bodd i same hus og ja, eg kjenner liksom byen ut og inn."* Noko liknande sa EU3 om Førde. Ho ville flytte for å ta utdanning, men kunne tenkje seg å kome tilbake og bu i Førde etterpå. EU4 var den einaste av dei unge informantane som ikkje hadde nokon planar om å flytte for å ta utdanning eller liknande. Det kjem eg tilbake til i 5.1.5.

##### Lokal identitet hjå dei vaksne informantane

Når det gjaldt dei vaksne informantane, verka alle nøgde med å bu i Førde eller Florø, og få hadde ønske om å flytte. EV5, EV7 og ØV8 hadde budd heile livet i heimbyen, medan dei andre vaksne hadde budd andre stader i periodar på 1 – 9 år, dei fleste

innanfor fylket. ØV6 var den som hadde flytta mest, han hadde også budd i utlandet fleire gonger i samband med jobben. Han var også den av dei vaksne som hadde svakast lokal tilknytning.

Identiteten til dei vaksne førdianarane knytte seg særskilt til det gamle Førde, slik det var før den raske veksten etter 1960-talet. EV5 snakka mykje om det gamle Førde og at det fanst både gardar og bønder i sentrum. Både EV6 og EV7 fortalde at dei såg på Førde som ei bygd fordi dei hadde vakse opp med at det var det:

*EV6: [...] viss det er mi personlege meining du er ute etter, so vil eg påstå at det er ei bygd.*

*Intervjuar: Ok. Kva er det som gjer det?*

*EV6: Nei, det er vel for det at eg er oppvoksen med Førde frå [...] vi var vel mellom tre og fire tusen innbyggjarar då eg begynte i fyrste klasse her i Førde, og då var det ei lita bygd. Og det ynskjer eg at det skal vere. Ein del av den sjarmen som var då, den ber eg i meg på ein veldig god måte, faktisk. Men eg ser jo at det har utvikla seg mykje. Eg huskar jo frå Halbrendsbua og opp, at det var berre eit par tre gardar oppi der, og så var det berre ein vei som gikk opp i gjennom lia her.*

Dei vaksne førdianarane uttrykte at byutviklinga i Førde var lite gjennomtenkt, og at ein ikkje hadde teke godt nok vare på dei gamle bygningane i sentrum:

*EV6: Og eg syns Førde er ein veldig fin by, begynner å bli. Det eg kunne tenkt meg var litt annleis, det var korleis bygningane vert oppsette i Førde. Det virkar som kanskje dei har tatt ein del byggeklossar og hivd ut over, og så har bygga kome der som dei har landa på kartet.*

*EV8: [...] Og for eksempel noko av det verste som har skjedd i Førde, det er jo det som skjedde med den gata som gjekk opp til kirka i frå sentrum, der dei tok og plasserte Domusbygget midt i den flotte alleen der. Det var jo ein utruleg dum plassering av det bygget altså.*

Eit anna uttrykk for den lokale identiteten var haldningane informantane hadde til å flytte frå byen. Bortsett frå informanten ØV6 hadde alle dei vaksne informantane slått seg til ro med å bu i heimbyen. Rett nok ønskte EV6 å bu meir ruralt, medan EV5 ville bu meir urbant. Men begge desse var sterkt knytte til Førde og hadde ingen ønske om å flytte frå byen med det første. Av dei unge informantane ville alle flytte ut, bortsett frå EU4. Såleis kan det sjå ut som om resultata hovudsakleg støttar hypotesen på dette punktet. Men eg vil ikkje vere for rask til å påstå at dei vaksne hadde sterkare lokal tilknytning enn dei unge. Ein kan heller seie at den lokale identiteten viser seg på ulike måtar. Dei vaksne var etablerte, medan mange av dei unge hadde tenkt å flytte ut for å ta utdanning. Nokre av dei unge (spesielt EU3,

ØU1 og ØU4) var likevel positive til å flytte tilbake og etablere seg når dei var ferdig utdanna.

*Konklusjon:* For dei vaksne i Florø verka det som den lokale identiteten var nokså lik dei unge florøværingane sin stadidentitet. Unge og vaksne i Florø nemnde stort sett dei same tinga når dei skulle beskrive Florø og fortelje kva som var typisk, nemleg kysten, patriotismen og tradisjonen som by. I Førde var det større forskjell på den lokale identiteten til vaksne og unge informantar. Det kan kome av at Florø har hatt ei meir samanhengande utvikling enn Førde, som fekk ei brå utvikling på slutten av 1960-talet etter at det vart valt ut som prøvesenter (Djupedal 1998). Den lokale identiteten til dei unge informantane var knytt til det dei hadde vakse opp med dei siste 19 åra, medan identiteten til dei vaksne var knytt til det dei voks opp med for 30 – 50 år sidan. Fordi det ”nye” Førde skil seg så sterkt frå det gamle, var også stadidentiteten til dei unge førdianarane forskjellig frå stadidentiteten til dei vaksne. Hypotesen vert altså stadfesta for Førde sin del. Når det gjaldt Florø, vil eg konkludere med at hypotesen vart underbygd, men at tendensen ikkje var like sterk som i Førde.

### 5.1.5 Døme på svak og sterk lokal identitet

Svak lokal identitet: ØU2 og ØV6

Nokre av informantane skilde seg ut frå dei andre når det gjaldt lokal identitet. For florøværingane sin del var det to som hadde svakare lokal identitet enn dei andre, nemleg ØU2 og ØV6.

ØU2 var nokså kritisk til Florø og meinte at det var ein typisk liten plass der jantelova gjaldt, og alle kjende alle: *”Det har vel egentlig alt som er bygd, det er liksom litt lite kulturliv, litt masse drikking, lokalavis og - eg veit ikkje. Det er ikkje akkurat storbyen, då.”* Han hadde tenkt å flytte for å studere og ville helst bu ”urbant, ved kysten, kanskje i utlandet”, som han skreiv i bakgrunnsskjemaet. Han var interessert i å reise mykje. ØU2 hadde ein svak lokal identitet og var urbant orientert. Han ville studere ved universitetet og bu i ein storby. Samtidig var

identiteten hans sterkt knytt til kysten, som hos dei andre florøværingane, men altså ikkje spesielt til Florø by.

ØV6 hadde også ein svak lokal identitet. Han kritiserte Florø for å ha for lite tilbod og vere for lite byaktig i forhold til korleis det var planlagt. Han hadde ikkje noko i mot å bu andre stader enn i Florø:

Intervjuar: *Føler du deg heime i Florø sjøl?*

ØV6: *Ja, det føler eg. Men eg har ikkje noko i mot å vere vekk andre plassar. Nei, eg føler meg vel heime.*

Intervjuar: *Kunne du tenke deg å bo ein annan plass? Eller no bor du jo her da, men.*

ØV6: *Ja, nei det er ingen problem. Eg er sånn som flyttar der som det er mest aktuelt å vere.*

Staden var ikkje viktig for ØV6. Han var verken knytt til Florø by eller Sunnfjord, og fortalde at heller ikkje Noreg var viktig for han. Han budde der det passa best i høve til jobben. Samtidig hadde også ØV6 identiteten sin knytt til kysten; han hadde båt og fortalde at han likte å vere på sjøen.

#### Sterk lokal identitet: EU4

EU4 skilde seg ut frå dei andre unge førdianarane med ei sterk tilknytning til heimbyen Førde. Han hadde ingen planar om å flytte derifrå, noko han presiserte fleire gonger i løpet av intervjuet:

EU4: *Men eg veit ikkje om eg kjem til å flytte, så. Det tviler eg på.*

EU4: *Eg er med i <organisasjon> her då, sånn at det er ein sånn tilknytting der òg. Så eg har ikkje lyst å reise vekk her ifrå, for det er så utrulig god gjeng.*

EU4: *Nei, det er kameratar og det miljøet eg er i så er det eit godt miljø. Så likar meg enkelt og greitt her.*

EU4 budde ca. 5 km utanfor sentrum, i eit område der miljøet er meir landleg enn i dei andre sentrumsnære bustadområda. Samtidig som EU4 brukte mesteparten av tida si i Førde sentrum, hadde han ei sterk tilknytning til nærmiljøet:

EU4: *Nei, eg er jo heile tida i Førde som sagt i stad, men det er liksom <stadnamn> eg har røtene mine, kan du seie.*

I følgje Fossåskaret (2000) er den lokale identiteten sterkare i tradisjonelle bygdesamfunn enn i moderne bysamfunn. Det kan delvis forklarast med at dei sosiale nettverka er tettare i tradisjonelle bygdesamfunn. EU4 var oppvaksen i eit ruralt område og hadde kanskje ein meir tradisjonell lokal identitet enn dei andre

ungdommane, som var vaksne opp i meir forstadsprega miljø. I tillegg såg EU4 for seg ei framtid i Førde. Han hadde tenkt å byrje på ei yrkesretta utdanning innanfor helsesektoren (som står sterkt i Førde, mellom anna grunna sentralsjukehuset). Han hadde dessutan mange kameratar som han trudde ville bli verande, og han var engasjert i lokalmiljøet gjennom frivillig organisasjonsarbeid.

### 5.1.6 Regional identitet

Eit av delmåla med undersøkinga mi er å finne ut om det var tendensar til språkleg regionalisering i undersøkingsområdet. Her er det interessant å studere om informantane hadde nokon regional identitet knytt til ei større eining enn høvesvis Førde og Florø. På førehand hadde eg definert Sunnfjord som ein region, men eg var òg open for informantane sine definisjonar av region, sidan det ville vere den sjølvdefinerte regionen informanten eventuelt følte seg knytt til.

Hypotese 13: *Lokal identitet er sterkare enn regional identitet.*

<b>Tabell 9: Regional og lokal identitet</b>		
INFORMANT	STERKAST IDENTITET	REGIONSOMGREP
ØU4	Florø	Sogn og Fjordane. Vestlandet. Kysten
ØV8	Florø	Sogn og Fjordane
EU1	Førde	Kommunane rundt Førde
EU3	Førde	Ikkje oppgitt
EU4	Førde	Sogn og Fjordane
EV5	Førde	Kommunane rundt Førde. Bergen
EV7	Førde	Førderegionen
EV8	Førde	Førderegionen
ØU1	Regional	Sunnfjord
ØU3	Regional	Flora, Bremanger, kysten
ØV5	Begge	Vestlandet. Kysten
ØV7	Begge	Sunnfjord
EV6	Begge	Vestlandet. Sogn og Fjordane
EU2	Ingen	Sunnfjord
ØU2	Ingen	Kysten. Bergen
ØV6	Ingen	Sogn og Fjordane. Bergen

I tabell 9 ovanfor ser vi kva regionstilknytning informantane fortalde at dei hadde og kva dei sjølve definerte som region. I kolonnen "Regionsomgrep" har eg berre teke med det informantane eksplisitt definerte som regionen "sin". Det dreier seg hovudsakleg om svar på intervju spørsmålet: "Kva region vil du seie at du tilhøyrer?" Ytringar om at ein informant var knytt til for eksempel kysten, er såleis ikkje tekne med dersom ikkje informanten sjølv har definert kysten som ein region. Eg har gjort det slik fordi det kan tenkjast at desse informantane ikkje definerte kysten som region, men at dei var knytte til det "kystlege" ved den lokale heimstaden, til dømes Florø by. Kolonnen "Sterkast identitet" skal tolkast slik:

1. "Førde" og "Florø" tyder sterkare lokal enn regional identitet.
2. "Regional" tyder sterkare regional identitet enn lokal identitet.
3. "Begge" tyder at den regionale og lokale identiteten er like viktig.
4. "Ingen" tyder at verken den regionale eller den lokale identiteten er viktig.

Overraskande nok var det berre to av florøværingane som fortalde at dei var sterkare knytte til Florø enn til regionen. Resten av florøværingane fordelte seg jamt på gruppene med lik regional og lokal identitet, svak regional og lokal identitet og sterkare regional identitet enn lokal identitet. I Førde var heile 6 av 8 informantar sterkare knytte til det lokale enn til det regionale, noko som stemmer betre med hypotesen om at den lokale identiteten er sterkare enn den regionale. Dei mest populære regionsdefinisjonane var Sogn og Fjordane med 5 treff, kysten med 4 (berre florøværingar), Fördere regionen med 4 (berre førdianarar), Vestlandet, Sunnfjord og Bergen med 3 treff kvar. Her er det mogleg at informantane var påverka av karta eg brukte som støtte då dei skulle definere regionen (vedlegg 3), der fylkes- og kommunegrensar var teikna inn.

Ei forklaring på at florøværingane rangerte regionen så høgt i forhold til det lokale, kan vere tilknyttinga til kysten, som eg har nemnt tidlegare. Sjølv om ikkje alle florøværingane nemnde kysten i regionsdefinisjonane sine, var det fleire som trekte fram tilknyttinga til kysten i andre samanhengar i intervjuet. Eg står att med eit inntrykk av at alle florøværingane eg snakka med, var knytte til kysten og kystlivet

på ein eller annan måte. Anten nemnde dei det eksplisitt, eller så kom det fram når dei fortalde om interessene sine eller om Florø by. Kysten representerer mykje av det same som Florø by representerer. Sidan kulturen i Florø er så sterkt knytt til kysten, kan ein nesten ikkje skilje mellom det lokale og det regionale når regionen er definert som ”kysten”. Då vil den regionale identiteten falle saman med den lokale identiteten på fleire punkt.

Av førdianarane var det berre ein som fortalde at regionen var like viktig for han som det lokale, nemleg EV6. Han definerte regionen som Vestlandet:

*Og eg er jo litt stolt av å seie at eg er vestlending. Det er eg. De skal vere klar over det at hadde ikkje det vore for Vestlandet, så er ikkje det mange skattekrone som hadde kome inn her i Norge. [...] Her er alvorleg mykje eksportartiklar som kjem i frå Vestlandet. Eg er ikkje heilt sikker på kor høgt oppe Sogn og Fjordane ligg på den skalaen på landsbasis då, men vi har jo oljen, for å ta den. Vi har fiske med fiskeoppdrett og alt det inneber. Eksportartikkel. Vi har aluminiumsindustrien i Årdal og i Høyanger og Sunndalsøra, for det om det kjem litt meir nord for oss, så vert det no nordvestlandet det òg, nesten.*

Analysen av regional identitet er grunnlagd på kva informantane svara på direkte spørsmål om kva dei definerte som regionen ”sin”, og kva dei kjende seg mest knytte til av regionen og den lokale staden. Eg trur at haldningane til regionen ikkje ville ha kome så klart fram dersom eg ikkje hadde spurt direkte om det. Jamt over hadde informantane meir å seie om den lokale staden enn om regionen, truleg fordi det lokale er mykje meir handgripeleg og nært enn regionen, som vert noko meir abstrakt (jf. Salomonsson 1996 og Fossåskaret 2000). ØU1 sa for eksempel: ”For meg er det kjekkare å kunne si at eg er fra Sunnfjord enn at eg er fra Florø. Eg seier det jo ikkje, men eg kunne no fint ha gjort det egentlig.”

*Konklusjon:* Hypotesen om at lokal identitet er sterkare enn regional identitet vert i store trekk stadfesta. Men det finst unnatak, spesielt i Florø. I Florø ser det ut som dei to storleikane fell saman til ein viss grad, særleg når det gjeld det informantane definerer som ”kystregionen”.

### 5.1.7 Oppsummering av den lokale identiteten

Tabell 10 viser kva lokal identitet informantane i Førde og Florø hadde. Sterk identitet er markert med ”+” og svak lokal identitet med ”-”. Kategoriseringa er

basert på opplysningar om tilknytning til heimstaden, urban/rural orientering og nettverkstilknytning, i tillegg til det generelle inntrykket eg fekk av kvar informant i intervju.

**Tabell 10: Lokal identitet i Førde og Florø**

FØRDE	INFORMANT	EU1	EU2	EU3	EU4	EV5	EV6	EV7	EV8
	LOKAL IDENTITET	–	–	–	+	+	+	+	+
FLORØ	INFORMANT	ØU1	ØU2	ØU3	ØU4	ØV5	ØV6	ØV7	ØV8
	LOKAL IDENTITET	+	–	+	+	+	–	+	+

## 5.2 Språkhaldningar

Hypotese 6: *Haldningane til dialekten på heimstaden er meir positive og sterkare hjå florøværingar enn hjå førdianarar.*

Hypotese 7: *Dei vaksne informantane gir uttrykk for større språkleg medvit enn dei unge informantane.*

Ut ifrå datamaterialet har eg sett at språkhaldningar kan målast langs to skalaer: sterk/svak og positiv/negativ. Dei to skalaene korresponderer med det ein kan kalle *språkleg medvit* og *vurdering av språket*. Difor har eg delt presentasjonen av språkhaldningar inn i ein del som tek føre seg det språklege medvitet til informantane, og ein del som tek føre seg korleis informantane vurderer dialekten i dei to byane.

Uttrykk for sterkt språkleg medvit er til dømes at informanten introduserer emnet språk uoppfordra medan vi snakkar om andre emne.<sup>5</sup> Andre uttrykk for språkleg medvit er at informantane trekkjer fram og kommenterer enkeltspråkdrag, at dei tenkjer over korleis dei sjølve og andre snakkar, og ytringar om at språket er viktig for dei sjølve. Stort engasjement rundt emnet språkbruk ser eg òg som uttrykk for språkleg medvit. Uttrykk for svakt språkleg medvit vert såleis det motsette:

<sup>5</sup> Det kan også vere ei følge av at informanten visste at intervjuundersøkinga dreidde seg om språket i Sunnfjord, og difor fokuserte meir på språket enn han/ho ville gjort i ein samtale om eit anna emne.



Informantane seier at språket ikkje er viktig for dei, eller at dei ikkje tenkjer over det. Svara på spørsmål om språk og språkbruk er gjerne nølande og lite konkrete.

Vurderingsdelen inneheld ytringar som viser korleis informantane vurderer både førde- og florødialekten og enkeltspråkdrag. Positive eller negative haldningar kan forklare kvifor informantane bruker ulike språklege variantar. Difor er det interessant å sjå på positive og negative haldningar til enkeltspråkdrag og til den ”nye” og ”gamle” dialekten i heimbyen.

### 5.2.1 Florø

#### Språkleg medvit i Florø

Dei fleste florøværingane var ikkje spesielt opptekne av språket, bortsett frå ØU1 og ØV5, som begge fortalde at dei var medvitne om språket og korleis dei sjølve snakka. ØU3 la merke til dialekten sin når ho snakka med folk som hadde andre dialektar:

*ØU3: [...] eg legg merke til meg sjøl, viss eg snakkar masse med nokon som har nynorsk, og så då skiftar eg over litt. Og når eg er i Oslo, så legg eg over til meir bokmål, merkar eg, og då legg eg merke til mine egne- korleis eg snakkar. Alle dei rare tingene vi sier, liksom sånn vi sier "hasje", og sånt, og det er liksom så rart å tenke på når vi sit og snakkar med andre.*

På den måten var ØU3 nokså representativ for informantane i Florø. Dialekten var ikkje noko dei tenkte over til vanleg, men i møte med andre dialektar kom språkmedvitet fram.

Av dei vaksne florøværingane hadde ØV5 og ØV7 relativt sterke språkhaldningar, medan ØV6 og ØV8 hadde svakare haldningar til språket. Både ØV6 og ØV8 fortalde at dei ikkje tenkte noko særleg over dialekten. ØV8 svara nokså vagt då eg spurde om forskjellar i dialektane i Sunnfjord og kva haldningar han hadde: ”Det er no vel- det er no litt forskjell. Det er det, men akkurat kva det- [...]Det har ikkje eg tenkt på i det heile tatt.” Då eg spurde kva ØV6 tykte om førdedialekten, svara han: ”Nei, eg har ikkje noko i mot dialekten. Eg veit ikkje om eg legg så mykje merke til dialekt, eg.” Seinare i intervjuet uttrykte han same haldningane til florødialekten: ”For min del er det greit å leve med altså. Men eg omgår ikkje så mange som- ja ja, kanskje dei snakkar florødialekt, det er det at eg har ikkje tenkt så mykje på det.”

Sjølv om florøværingane ikkje var spesielt opptekne av språket i den grad at dei tok opp emnet uoppfordra, var dei fleste medvitne om at dialekten deira var påverka av bergensk. Seks av åtte florøværingar nemnde at florødialekten var påverka av bergensk. Dei to siste, ØU3 og ØV5, samanlikna florømålet med bokmål i staden. Dei som trekte fram bergenskpåverknaden, gav uttrykk for at det var ei kjend og lite kontroversiell sak at florødialekten likna på bergensk:

ØU1: *Vi har jo fått ein del frå Bergen [...]*

ØU4: *Du har jo skarre-erren då. Eg veit ikkje, men det lignar veldig på bergensk. Og det har jo selvfølgelig sin naturlige årsak, historisk. Handelsby og sånt, langs kysten.*

### Positive og negative språkhaldningar i Florø

Av dei unge informantane frå Florø tykte ØU1 og ØU2 at florødialekten ikkje var spesielt fin, medan ØU3 og ØU4 tykte han var heilt grei. I følgje hypotesen skulle informantane frå Florø meine at florødialekten skilde seg ut frå målet i resten av Sunnfjord. Men ØU2 uttrykte det motsette av hypotesen:

ØU2: *Nei. Den er ikkje spesielt fin. Altså, den har ikkje noko sånt spesielt særpreg, den er berre litt sånn blanding som er blitt noko. Det er litt stiligare med folk som er i fra Årdal eller Sogn og sånt, som har liksom skikkelig- eget språk.*

ØU3: *Viss man skal snakke om sånn skikkelig by, Bergen og Oslo, så blir det litt for pent, på ein måte, det blir litt for falskt syns eg. Det høres så- nei, det høres litt rart ut når dei snakkar, syns eg. Eg syns at vi har litt meir sånn avslappa dialekt.*

Dei vaksne florøværingane var generelt skeptiske til å vurdere florødialekten etter om han var fin eller stygg. ØV6 ville ikkje vurdere dialektar opp mot kvarandre. Når det gjaldt språkendingar, snakka han mest om ord og uttrykk, og nemnde ikkje nokon konkrete døme. ØV8 peikte heller ikkje på konkrete språkdrag, men fortalde at "dei eldre, dei har vel meir florødialekt, og desse unge, dei er jo begynt med litt nye greier. Dei snakkar litt annleis, altså." ØV7 var knytt til sentrumsdialekten fordi det var den ho snakka sjølv. ØV5 hadde vore målaktivist i ungdommen og var oppteken av å bevare tradisjonelle dialektar og nynorsk skriftspråk. Det var fleire av informantane som likte bygdedialektar betre enn sentrumsmål, til dømes sa ØU2 om utkantdialekten i Flora: "Nei, den er meir orginal. Den har litt meir personlighet

over seg.” Ingen av dei var udelt positive til florødialekten, og ØV5 tykte at han var utvatna og fattig på variasjon:

ØV5: *Eg er veldig glad i sunnfjorddialekt- i dialekt i heile tatt, då. Sånn som eg opplever førdedialekt, så er den meir sånn sunnfjordsk enn den her typiske florødialekten.*

ØV5: *Sånn som dei snakka her ute i sentrum når vi ungar, det var jo kanskje endå meir prega av bergensdialekt enn det det er no. Eg trur det jevnar seg ut litt meir. Men generelt så syns eg jo at språket blir fattigare på uttrykk. På sånne særuttrykk.*

Også ØV7 tykte at både førde- og florømålet var utjamna. Ho meinte likevel at florømålet var meir homogent enn førdedialekten:

ØV7: *Er der eigentleg nokon rein førdedialekt? [...] Eg veit ikkje ein gang om det er rein florødialekt. Førde er meir prega av innflytting enn Florø. [...] Og dermed så blir dialekten meir utspedd. Meir påført ord og uttrykk i frå andre dialektar. Så du kan snakke med fire forskjellige personar som bur i Førde, og dei har fire forskjellige dialektar.*

Intervjuar: *Men er ikkje det sånn i Florø?*

ØV7: *Ikkje i same grad. Vi har blant anna skarre-erren. Som vi har dragsa med oss opp ifrå Bergen. Og innflyttarar her, dei fangar den opp. Eg vil ikkje seie det er på same måten i Førde. Men no er skarre-erren sånn strile-err då, så den er vel kanskje litt spesiell for Florø.*

### 5.2.2 Førde

#### Språkleg medvit i Førde

I utgreiinga si om førdedialekten, verka det som EV8 var nokså språkmedviten, noko han òg fortalde sjølv at han var:

EV8: *Ja, eg er det, for så vidt. Eg syns at det er flott at folk snakkar ein dialekt som dei er oppvoksen med. Og det verste eg høyrer, det er folk som snakkar bokmålsdialekt med eit heilt klart nynorsk tonefall, det synest eg ikkje om. Det vitnar om at dei har lagt om dialekten sin, og eg synest at litt av folk sin identitet er knytta til dialekten, og derfor så er det viktig at ein er litt opptatt av den. Men det er klart [...] det er veldig lett at dialekten forandrar seg. Eg merkar på meg sjølv òg at eg er påverka ut av at førdedialekten for eksempel er i ferd med å forandre seg. Førdedialekten er klart i ferd med å forandre seg, fordi at her er kome veldig mykje innflyttarar, og eg merkar det på ungene mine at dei snakkar litt annleis enn eg, og eg merkar også at eg snakkar annleis enn generasjonen før meg gjorde. Så her har du ein stadig utvikling, som det er i alle dialektar, men den har skjedd relativt fort i førdedialekten på grunn av at vi har fått mykje innflytelse av innflyttarar frå alle delar av landet.*

EV8: *Men når du høyrer at desse her TV2 sine vêrmeldingsdamer snakkar om "sjysten" og det, då er det litt vanskeleg å irettesette ungene sine for det same. Syns eg. [...] Vi ser at desse her ess je lydane, dei kjem synnifrå og er kome opp omtrent til Sunnfjord no og fortset vel nordover sannsynlegvis. Du har også dette her med desse rullande errane som òg er blitt meir ut av i Førde, og dei kjem òg synnifrå då.*

Intervjuar: *Ja, dei bergens-errane?*

EV8: *Bergens- ja. Dei kjem òg frå sør.*

Av språkendringar trekte EV8 fram samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/, men også skarre-  
r. Han hadde klare oppfatningar om årsakene til at førdedialekten endra seg  
(innflytting og massemedia), og korleis lydendringa spreidde seg (frå sør til nord).  
Det verka som om EV8 var engasjert i emnet språk og dialektar. Han meistra intervju-  
situasjonen godt og uttalte seg engasjert og utfyllande om det meste, så det kan rett  
nok hende den tilsynelatande interessa ikkje er så mykje større enn hos andre  
informantar, som kanskje var mindre komfortable med intervjusituasjonen.

EV5 framheva emnet språk i intervjusituasjonen og fortalde at dialekten var viktig  
for henne:

*EV5: Eg veit ikkje om vi er så opptatt av det, men vi berre gjer det. Det er ikkje  
sånn at eg går og stressar med at eg skal- men altså det er heilt naturleg for  
meg, for det at det ville vore unaturleg å ikkje [...] snakke sånn som eg snakkar,  
kan du seie. Men eg kan jo selvfølgelig moderere meg. Eg seier ikkje at eg skal  
heim og ete graut og nabb viss eg snakkar med ein austlending. Altså, det er  
ikkje sånn provoserande oppførsel for å halde på- for eg er ikkje nokon sånn  
mållagsungdom eller sånn. [...] Men eg likar å ha den dialekten eg har.*

*EV5: Ja, altså dei som forlet sin eigen dialekt. For meg ville det vere å forlate  
min eigen identitet.*

*EV5: Det er så utruleg mange ord som har dotte vekk. Det er heilt utruleg. Og så  
blir det på ein måte berre desse her lovlige orda som alle forstår. [...] Og då  
meiner eg, då misser du litt av denne her- ikkje identiteten, du kan ikkje seie det,  
men altså- når eg og ho <namn> er åleine og snakkar, då snakkar vi tjukk- altså  
systema mi. [...] Når vi snakkast, då snakkar vi tjukkare. Og skikkelig førdianar.*

EV7 uttalte seg ikkje så bastant om dialektar, men fortalde at ho tykte det var  
spennande med dialektar og å høyre kvar folk kom i frå. Generelt sett vakta ho seg  
for å seie at noko var typisk (til dømes for Florø eller Førde) eller betre enn noko  
anna (til dømes kva dialektar som var finast). Men ho meinte at det fanst ein typisk  
førdedialekt: "Det gjer det altså. Men den er jo veldig utvatna." EV7 verka generelt  
nokså språkmedviten. Ho gav uttrykk for språkhaldningane sine, sjølv om ho ikkje  
uttala seg like sterkt som nokre av dei andre informantane. Her fortel EV7 at ho sjølv  
merka at dialekten endrar seg, samtidig som ho trekte fram konkrete språkdrag:

*EV7: Sånn som eg seier no ofte, for eksempel "sekken" eller "hent boka di", sant,  
men før så seier du "sekkjen og bokja", sant. Og viss eg snakkar med desse her  
gamle førdianarane, så blir det heilt naturleg for meg å snakke sånn som dei  
gjer, og sånn som eg òg gjorde før, sant. Men du blir litt påverka av språket og  
så av alle dei som har flytta inn, sant.*

EV6 gav uttrykk for at språket var ein viktig del av identiteten:

*EV6: Det skal jo seie litt om kvar du kjem i frå, uten at du behøver å utdjupe det noko sånn voldsomt heile tida, og det går jo an å høyre om du kjem i frå Førde, Naustdal eller Jølster eller Gaular. Det tek du jo ut.*

Det verka som om dei unge førdianarane generelt var mindre medvitne om dialekten enn dei vaksne. Dette kan vere ein reell forskjell i språkleg medvit, men det kan òg vere eit utslag av at dei unge var mindre komfortable med intervjusituasjonen, og difor ikkje let meiningane sine få fritt utlaup. Gutane (EU2 og EU4) uttala seg sterkare enn jentene (EU1 og EU3). EU2 hadde nokså klare oppfatningar av både florø- og førdedialekten:

*EU2 om florødialekten: [...] det høyrer ingen plass heime. Eitt eller anna blanding av noko stygt noko. Nei, dei skurrar på erren og- det- ja. Det er eitt eller anna rart med den.*

*EU2 om førdedialekten: Det er jo sånn eg høyrer veldig tydelig når eg snakkar med besteforeldra mine og sånt, så er det av og til nokre alvorlige skille der som- vi har jo begynt å putte inn nokre iar der dei set e og sånt for å holde nynorsken ved like, så. [...] dei seier "alvorleg", eg seier "alvorlig". Berre kuttar- set inn ein i og kuttar vekk g-en og sånt.*

*EU2 om sentrum og utkant: Ja, det er sånn at midt inni Angedalen blir eit ekstremt skille plutselig. Eller det er vel liksom dei som bur mot sentrum og så er det dei som bur inn i dalen. Og der blir det eit lite skille med nokre rare uttrykk og noko sånt.*

EU4 var mindre medviten om språkdrag og konkrete trekk, men brukte ord som "bygdespråk", "grautete", "bondepreik" om utkantdialekten og "yo-yo-yo-greier", "tøffpreik" om sentrumsdialekten. Han hadde relativt sterke haldningar til dialekten, men det gjekk meir på generelle vurderingar og mindre på skildringar av særskilte språkdrag. EU1 var meir uklar når ho omtala dialekten. Ho nemnde ingen konkrete trekk, men heldt seg som EU4 til generell omtale av dialektane. Florødialekten var til dømes "bergensklignande". Førdedialekten hadde ho ikkje tenkt så mykje over. Av endringar trekte ho fram bokmålstilnærming:

*EU1: Altså, eg trur vi får inn meir sånn bokmålsord og sånn etter kvart, egentlig. Du hører sikkert forskjell på vaksne eller eldre no, og unge. Så blir jo det berre meir og meir bypreg eller kva eg skal seie. Altså, det blir sånn meir og meir andre ord.*

EU3 hadde klare haldningar til akkommodasjon og kunne nemne konkrete eksempel på endringar, som /<sup>l</sup>kəm:e/ og /spi:se/. Elles i intervjuet verka ho relativt

usikker. Ho modifiserte mange av ytringane sine med å ymte om at ho var usikker på svaret, som her om sentrumsmål og utkantsmål: *”Det er meir bondespråk, nei, eg veit ikkje. Dei snakkar no litt annleis”*.

#### Positive og negative språkhaldningar i Førde

Informantane frå Førde hadde hovudsakleg positive haldningar til tradisjonelt førdemål, men var skeptiske til nokre av dei nye språkdraga som kom inn. EV5 tykte det var ille at så mange ord hadde forsvunne frå språket. Ho skilde mellom det ”nye” og det ”gamle” førdemålet, og i den samanlikninga kom den tradisjonelle dialekten best ut, som dette retoriske spørsmålet viser:

*EV5: Ja, men kva er egentlig sentrumsdialekten? Er det den du høyrer på Handelshuset og Førde Torg? Som summar i gongane? Er det førdedialekt, eller er det dei få gamle som er igjen, som bur som eg sa, bort i Bydalsalléen? Som går på meieriet og handlar og er sånn---*

Også dei unge informantane delte desse oppfatningane. EU4 var positiv til bygdedialektar og negativ til sentrumsdialekten i Førde. EU2 gav uttrykk for at han tykte den tradisjonelle førdedialekten var finare enn den moderne:

*EU2: Sånn som den var før, så var den sikkert veldig fin, men. Du høyrer jo det er nokre som prøvar bevisst å snakke skikkeleg nynorsk og førdedialekt. Og då er det jo faktisk ganske fint å høyre på, men då er det for lett at det blir overdrive. Sånn som vi begynner å snakke her no på skulen, så blir det jo meir og meir utvaska, og får inn bokmålsuttrykk og blir jo det masse påvirka med sånn uttrykk i frå bygdene rundt, og Jølster og Naustdal og Gaular og sånt.*

EV6 var positiv til førdedialekten, som til dei fleste andre emna i intervjuet (florødialekten, Førde, Florø):

*EV6: Klart eg syns den er fin, det er jo min dialekt du snakkar om. Nei, altso, eg syns den er fin. Men vi snakkar vel kanskje litt sånn grautete av og til. Men det er sånn den er i frå gammalt av. Klart at det har jo vorte avslipt litt med åra.*

EV6 tykte det var positivt at dialekten vart ”avslipt”, men at det ikkje måtte bli for mykje utjamning. Han likte ikkje samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/, som han nemnde då eg spurde om forskjellane mellom moderne og tradisjonell førdedialekt:

*EV6: Eg har nokre ungar sjøl som- dei har eit ord som eg ikkje likar, og det er dette her "isje". [...] "isje, isje, isje" seier dei, i staden for "ikkje". Eg føler det at dei snakkar ikkje reint, for å seie det sånn.*

EV8 trekte også fram denne lydendringa då det var snakk om generasjonsforskjellane i språket. EV7 fortalde om fleire språkendingar i førdedialekten og konkluderte med at ho likte den tradisjonelle dialekten best:

*EV7: Eg likar jo best den tradisjonelle. Og eg er jo veldig nøye på å holde på dialekten, men eg merkar jo sjøl at eg av og til glir over litt her.*

*Intervjuar: Vil du seie at du snakkar typisk førdedialekt sjøl?*

*EV7: Ja, det- kva som er typisk førdedialekt her i Førde etter kvart, det er no jammen santen blitt noko diffust. Men, jau, det vil eg no påstå at eg gjer.*

*Intervjuar: Og du er bevisst på det eller?*

*EV7: Ja, eg er bevisst på det.*

EU1 hadde til dels negative, men ikkje så veldig sterke haldningar til førdedialekten. Om førdedialekten sa EU1: *"Den er heilt grei, men eg syns egentlig ikkje at den er så veldig fin sånn sett. [...]Liksom ikkje tenkt over det som dialekt."* Men når EU1 samanlikna dialekten med florømål og bygdedialektane, tykte ho at førdedialekten var den finaste.

### 5.2.3 Døme på sterke språkhaldningar

ØU1 hadde sterke språkhaldningar og fortalde at ho tenkte over korleis folk snakka. Det spesielle var at ØU1 hadde positive haldningar til førdedialekten og sunnfjordmålet og negative haldningar til florødialekten. Om florødialekten sa ho: *"Er ikkje så koselig som førdedialekten då, men det trur eg har noko med rulle erren å gjøre. Men- nei, eg syns han er heilt grei."* ØU1 var merksam på fleire språkdrag som var typiske for florødialekten, og dei fleste av desse hadde ho negative haldningar til:

*ØU1: Du har skarre-err. Og så har du ein del sånne forferdelige ord som "gøyt" med te på slutten, og ein del y-ar som blir om til u. Altså når ein snakka om faget gym på barneskolen så var det ofte "gum". Og så "mangen" med enn på slutten. Og ein del sånne ord. Skal vi sjå, eg veit ikkje om eg kommer på fleire akkurat her og no, men eg høyrer dei veldig godt når eg høyrer dei. Og det er sånn som eg har heldigvis klart å styre unna sjølv. Ellers kunne ikkje eg ha uttalt meg så veldig om det, men. Nei, det syns eg ikkje noko om.*

*Intervjuar: Så du prøver å la vere å snakke på den måten?*

*ØU1: Ja, nei dei ordene har eg faktisk så vidt eg har hørt aldri brukt. Og det syns eg er litt bra, for eg syns dei er forferdelige. Ein del sånne trekk, altså ein del sånne ord som er rett og slett feil, som ein seier. Det er jo typisk for florødialekten vil eg seie.*

Sitatet over viser at informant ØU1 tenkte over korleis ho snakka og faktisk prøvde å unngå å bruke språkdrag som ho ikkje likte. Som ei følgje av at ho hadde

oppdaga at ingen i familien hennar opprinneleg brukte skarre-*r*, hadde ho bestemt seg for at også ho skulle slutte å bruke skarre-*r* og gå over til rulle-*r*. Passasjen nedanfor viser i tillegg kva haldningar ØU1 hadde til florødialekten. Det kjem òg fram at sosial kontroll truleg er eit element som kan hindre florøværingar i å endre eit så markant dialekttrekk som skarre-*r*, sjølv om informanten altså hadde negative haldningar til trekket. (ØU1 brukte skarre-*r* sjølv.)

ØU1: *Altså mine foreldre dei har begge rulle-err i sin dialekt. Eg har alltid trodd at pappa hadde skarre-err, at [...] han bare skifta av ein eller annan grunn. Så eg har bestemt meg at eg òg skal skifte då, for eg tenkte liksom at eg hadde den fordi at halvdelene av slekta mi hadde den. Men det oppdaga eg at det har dei jo ikkje så da. Då må eg òg bytte.*

Intervjuar: *Så du skal begynne å snakke rulle-err?*

ØU1: *Ja, men folk eg ikkje kjenner då, så viss eg snakkar med, det høyrer så rart ut når det blir så-*

Intervjuar: *Ja, får du det til?*

ØU1: *Jada, det går. Men det høyrer jo snålt ut så. Så eg likar ikkje å snakke altså sånn sånn at eg sjølv høyrer det hadde eg nær sagt med rulle-err. Men, sånn skal prøve å tenke å begynne kanskje da. For skarre-erren, eg er ikkje så veldig glad i han egentlig.*

Intervjuar: *Å nei. Men det er jo florødialekten da.*

ØU1: *Ja. Det er kanskje nettopp det eg har funne ut. Og eg er jo florøværing og snakkar florødialekt, men no har ikkje eg slekt som direkte er fra Florø da, så må eg knytte meg litt opp mot det.*

Som vi skal sjå i gjennomgangen av det språklege materialet, skilde ØU1 seg ut frå dei andre florøværingane på nokre av dei språklege variablane, og eg trur språkhaldningane hennar kan ha noko med det å gjere.

EV5 var den av førdianarane som var mest språkmedviten. Ho var særskilt oppteken av den tradisjonelle førdedialekten og meinte det var viktig å ta vare på gamle ord og uttrykk. Gjennom intervjuet trekte ho fram fleire døme på ord frå den tradisjonelle dialekten, og ho tykte det var trist at desse heldt på å gå i gløymebooks. Då vart ein berre sitjande att med dei *”lovlige orda som alle forstår”*.

EV5: *[...] det er jo så mykje som er forsvunne, at. Det er snakk om ein brøkdal av den gamle førdedialekten som eg sit og har litt kunnskap om. [...] mor mi. Ho har late dette gå i gløymebooks. Men viss ho høyrer nokon som seier eit eller anna som minner ho om gamle dagar, sant, så seier ho ”ja, dette sa vi no visst”. Sant. Men det er ikkje noko som ho heftar seg opp i.*

#### 5.2.4 Oppsummering om språkhaldningar

Tabell 11 viser språkhaldningane til informantane i Florø og Førde. Eg har delt inn haldningane i to kolonnar etter kva som er haldningsobjekt. Såleis viser tabellen om



informantane har positive eller negative haldningar både til tradisjonell sunnfjord-dialekt (TS) og til bymålet eller den moderne sentrumsdialekten i heimbyen (BY). I tillegg viser tabellen styrken på språkhaldningane, der ”+” tyder sterke haldningar og ”–” tyder svake. Haldningane til ein språkvarietet kan altså vere sterkt positiv, svakt positiv, svakt negativ eller sterkt negativ.

**Tabell 11: Språkhaldningar i Førde og Florø**

INFORMANT	SPRÅKLEG MEDVIT	VURDERING AV DIALEKTEN PÅ HEIMSTADEN	
		TS	BY
FØRDE			
EU2	+	Positiv	Negativ
EU4	+	Positiv	Negativ
EV5	+	Positiv	Negativ
EV6	+	Positiv	Negativ
EV7	+	Positiv	Negativ
EV8	+	Positiv	Negativ
EU1	–	Negativ	Negativ
EU3	–	Negativ	Negativ

INFORMANT	SPRÅKLEG MEDVIT	VURDERING AV DIALEKTEN PÅ HEIMSTADEN	
		TS	BY
FLORØ			
ØU4	+	Negativ	Positiv
ØU1	+	Positiv	Negativ
ØU2	+	Positiv	Negativ
ØV5	+	Positiv	Negativ
ØV7	+	Positiv	Positiv
ØU3	–	Negativ	Positiv
ØV6	–	Positiv	Positiv
ØV8	–	Positiv	Positiv

Ein interessant skilnad i språkhaldningar mellom Førde og Florø var at florøværingane kategoriserte seg sjølve som eit spesielt språksamfunn i regional samanheng, medan førdianarane ikkje såg på talemålet sitt som noko spesielt. Elles var der enkelte forskjellar i språkhaldningar i Førde og Florø som kom naturleg av at dialektane er ulike, sidan florøværingane relaterte sine haldningar til florødialekten, og førdianarane til førdedialekten. Ser vi på den tradisjonelle dialekten, er florømålet

knytt til bykulturen, medan førdemålet gjev assosiasjonar til bygdekultur. Språkhaldningar heng saman med den lokale identiteten og haldningar til språkbrukarane, og ikkje så mykje til språket i seg sjølv, sjølv om det er det ein knyter haldningane til. Såleis er det eit nært forhold mellom språkhaldningar og lokal identitet.

Ein forskjell i språkhaldningar mellom byane er at alle førdianarane var negative til sentrumsdialekt, medan 5 av 8 florøværingar var positive til sentrumsdialekt. Det kan ha samanheng med at florøværingane definerte dialekten sin som bydialekt, og difor kjende tilknytning til eit bymål. Fördianarane definerte i større grad dialekten på heimstaden som eit bygdemål. Dei hadde ei oppfatning av den moderne sentrumsdialekten som ei forverring i forhold til dette ”opphavlege bygdemålet”, og difor hadde dei negative haldningar til han.

Deler ein informantane inn i aldersgrupper i dei to byane, finn ein òg nokre forskjellar. Det verkar som dei unge i Florø var meir språkmedvitne enn dei unge i Førde. Dei fleste vaksne verka, ikkje uventa, å vere meir språkmedvitne enn ungdommane i begge byane, men spesielt i Førde.

Når det gjaldt positive og negative språkhaldningar, har eg i tabell 11 delt språkhaldningane inn etter haldningsobjektet. Haldningane til tradisjonell sunnfjorddialekt og bygdedialektar var overvegande positive i begge byane. Det var ikkje nokon særskilt skilnad på florøværingar og førdianarar. Men når det gjaldt sentrumsdialektar, hadde florøværingane meir positive haldningar enn førdianarane. Positive og negative haldningar til dialekten på heimstaden heng saman med korleis informantane karakteriserer dialektane. Det at florødialekten vart oppfatta som ein bydialekt, tyder at dei florøværingane som hadde positive haldningar til florødialekten, også var positive til bymål generelt. Dei som var negative til florødialekten, var generelt negative til bymål og positive til tradisjonelt sunnfjordmål.

Før Førde sin del var stillinga litt annleis. Medan både det tradisjonelle og det moderne florømålet vart oppfatta som bydialekt, vart førdedialekten delt inn i to: Den moderne dialekten vart oppfatta som bymål, medan den tradisjonelle dialekten vart

oppfatta som sunnfjordmål. Alle førdianarane hadde altså negative haldningar til den moderne førdedialekten, medan 6 av 8 var positive til den tradisjonelle sunnfjorddialekten.

*Konklusjon:* Hypotese 6 om at florøværingane hadde sterkare språkhaldningar enn førdianarane, vart delvis stadfesta. Det viste seg at dei vaksne førdianarane var svært medvitne om språket og fortalde at (spesielt den tradisjonelle) dialekten var viktig for dei, så på det punktet stemte ikkje hypotesen heilt. Men blant dei unge var florøværingane noko meir medvitne om dialekten enn førdianarane. Hypotese 7 om at vaksne var meir språkmedvitne enn unge, vart såleis stadfesta. Spesielt i Førde hadde dei vaksne meir å seie om språk og språkbruk enn dei unge. Den delen av hypotese 6 som handlar om positive og negative språkhaldningar, vart stadfesta. Førdianarane hadde rett nok positive haldningar til den gamle dialekten på heimstaden, men når det gjaldt den moderne dialekten, var florøværingane meir fornøgde med språket sitt.

### 5.3 Naboforhold og språkmedvit

*Hypotese 8: Informantane vil framheve forskjellen på talemålet i Førde og Florø når dei omtalar forholdet til nabobyen.*

Under denne hypotesen ville eg undersøkje om emnet *språk* var viktig når det var snakk om forholdet mellom byane Florø og Førde. I kor stor grad vart dei språklege forskjellane framheva når informantane omtala ulikskapar mellom byane og negative eller positive haldningar til nabobyen?

Fem av informantane kom uoppfordra inn på emnet språk i intervjuet, nemleg EU3, EV5, EV8, ØV5 og ØV8. Av desse var EV5 og ØV5 særskilt opptekne av dialektar og av språket gjennom heile intervjuet. ØV5 opplyste på slutten av intervjuet at ho hadde vore aktiv i målsaka tidlegare, og ho likte spesielt godt tradisjonelle dialektar. Ho nemnde dialekten då vi snakka om forholdet mellom sentrum og utkantane i Flora: *"ja, det var litt forskjell. Det var faktisk forskjell i dialektar òg når eg voks opp."* ØV5 la ikkje vekt på dialekten då vi snakka om

forholdet mellom Florø og Førde. EV5 kommenterte florødialekten då vi snakka om kva som var typisk for Førde: ”*Altså i Florø har du patriotisme til dei grader. Og dei er stolt av byen sin og stolt av dialekten sin [...]*”. EV8 kom også inn på emnet dialekt då vi snakka om kva som var typisk for Florø:

*EV8: Eg føler kanskje dei har meir identitet knytta til heimstaden enn det vi har i Førde, og så har dei jo ein annan dialekt då. Det er jo veldig prega ut av-påverka ut av Bergen høyrer det ut for, på dialekten.*

EU3 trekte fram dialekten då eg spurde om kva som skilte utkantane frå sentrum: ”*Ja, dei snakkar no annleis for eksempel sånt dei- Holsa og sånt.*” Dette var nokså tidleg i intervjuet, og det er mogleg at EU3 var påverka av at emnet for intervjuet var språket i Sunnfjord. I resten av intervjuet uttrykte ikkje EU3 spesielt sterke meiningar om dialektar, men det kan ha vore fordi ho var sjenert. Ho uttalte seg heller ikkje så sterkt om nokon av dei andre emna i intervjuet. Truleg var også ØV8 påverka av emnet for intervjuet. Han omtala dialektar tidleg i intervjuet, under emnet ”Florø”: ”*[...] her er mykje folk som ikkje høyrer til her, skulle til å seie så, med annan dialekt og sånt.*”

På direkte spørsmål var dei fleste informantane klare over at det var forskjellar i dialekten. EU3 var den einaste som ikkje hadde noka oppfatning av nabodialekten, men ho hadde heller ikkje vore i Florø noko særleg, og hadde dårleg kjennskap både til byen og dialekten.

*Intervjuar: Kva syns du om florødialekten?*

*EU3: Har ikkje tenkt noko over det, egentlig. Korleis dei snakkar.*

*Intervjuar: Så den er grei?*

*EU3: Ja, sikkert. Eg har ikkje reagert på den i hvert fall.*

Skarre-*r* var det mest saliente trekket. EU2, EV5, EV6, EV8 og alle florøværingane utanom ØV6 trekte fram *r*-en som ein vesentleg forskjell mellom florø- og førde-dialekten. EU1 og ØV6 tok med at florødialekten var påverka av bergensk, men utan å nemne *r*-lyden spesielt.

Men jamt over var det ikkje dialekten informantane trekte fram når dei snakka om forholdet mellom Førde og Florø. Dei sakene flest av informantane drog fram for å framheve skiljet mellom byane, var sport (fotball, handball) og lokaliseringssaker (sjukehuset, flyplassen). Nokre nemnde òg forskjellar i veremåte og personlegdom.

Her dreidde det seg om stereotypiar som at innbyggjarane i nabobyen var overlegne eller ”høge på pæra” og at florøværingane var ”forblesne” (EV5) medan førdianarane var ”innestengde” (ØU2).

*Konklusjon:* Ut ifrå intervjuet mine vert altså hypotesen forkasta. Det finst fleire saker som er viktigare enn dialekten når det er snakk om forholdet mellom byane i Sunnfjord. Sjølv om alle (utanom EU3) visste at det var forskjell på dialektane, var ikkje språket det første dei trekte fram. 11 av informantane nemnde ikkje dialekt i det heile før eg spurde om det.

## 5.4 Lokal identitet og haldningar til språkleg akkommodasjon

Hypotese 10: *Informantar som har sterk lokal identitet, har meir negative haldningar til språkleg akkommodasjon enn dei som har svak lokal identitet.*

Når det gjeld haldningar til språkleg akkommodasjon, var det ein viss forskjell på dei informantane som var svært opptekne av den lokale tilknyttinga, og dei som var mindre knytte til heimbyen.

Fire av informantane var positivt innstilte til akkommodasjon. ØV6 hadde ein svak lokal identitet og ei tilknytning som hadde meir samanheng med personar og kva han dreiv med av aktivitetar, enn med staden Florø. Han tykte språkleg akkommodasjon var heilt i orden:

*ØV6: Ja, eg forandrar med ein gang. [...] Så viss eg er ein plass, føler eg som at eg har skifta. Og det er heilt ubevisst. [...] Og det er lett å forandre ord og uttrykk. [...] Eg har vært i Trondheim ein god del, og det er lett at eg fiskar opp sjargongar som ikkje er så bra. Så då snakkar vi akkurat sånn blanding av alt.*

EU2 hadde også positive haldningar til språkleg akkommodasjon, men her var haldningane til førdedialekten og til Førde by noko meir ambivalente. EU2 hadde ikkje spesielt sterk lokal identitet. Han var lei av å bu i Førde og kritiserte utviklinga, men meinte at ”*det er egentlig ein veldig fin plass å vokse opp.*” EU2 meinte at førdedialekten var utvatna og at den tradisjonelle dialekten var betre enn den moderne. Han fortalde at han snakka typisk førdedialekt dersom han var i humør til det:

EU2: *Det kjem an på kva humør eg er i, og kor eg er, liksom. Viss du reiser nokon plass, så vil eg gjerne berre stadfeste det at "ja, eg snakkar nynorsk og eg er stolt av det." Då legg du om til klin nynorsk og førdedialekt. Drar inn sånn dumme uttrykk og---*

Samtidig var EU2 positivt innstilt til at folk endrar språket når dei flyttar til større byar eller liknande, og meinte at det var noko som skjedde automatisk:

EU2: *Nei, det kjem jo an på, altså viss du har budd ein plass lenge nok, so vil du jo til slutt få den overgangen. Det blir jo vanskelig å holde på dialekten din når du snakkar kun med folk med anna dialekt. Så det er egentlig greit at dei skiftar. For det vil skje til slutt allikevel, og ungane vil jo begynne å få den dialekten òg så.*

EU2 var knytt til førdedialekten og tykte den tradisjonelle dialekten var meir "ekte" enn den moderne. Samtidig var han positivt innstilt til språkleg akkommodasjon, og der skilde han seg frå dei fleste andre informantane, som hadde negative haldningar til det å endre eller skifte dialekt.

EV6 hadde eit nært forhold til Førde og spesielt det tradisjonelle bygdesamfunnet som prega staden då han voks opp, og til den tradisjonelle førdedialekten. Tidlegare hadde han hatt eit mål om å halde på dialekten dersom han flytta. Men etter å ha budd i Indre Sogn i sju – åtte år, hadde han endra syn på språkleg akkommodasjon. Her er døme på ei endring i den kognitive og moglegvis den affektive haldningskomponenten, etter at den konative komponenten har endra seg:

EV6: *Etter at eg sjøl har flytta på meg litt, så har eg innsett det at det er ikkje så enkelt å halde på dialekten sin. Eg trudde jo det at det her skulle gå veldig greit å halde på dialekten. Men eg har jo innsett det at du vil ta etter veldig mykje, der du kjem til. Enten ubevisst eller bevisst, det er jo ein annen ting, men. Du klarer ikkje å gå og halde på din eigen dialekt i årevis. Eg prøvde jo på det, men eg ga jo etter allikevel, uten at eg sjøl var klar over det. [...] Då eg var i Årdal, so var eg veldig bevisst på at eg skulle halde på dialekten min, men allikevel so sneik det seg inn sånne ord og uttrykk og kom meir og meir inn, og vart meir og meir sogning etter kvart.*

ØU3 hadde også ein sterk lokal identitet, men tykte det var greit å tilpasse språket etter situasjonen og for å bli forstått:

Intervjuar: *Men viss du flyttar ein annan plass, trur du du kjem til å forandre på dialekten da?*

ØU3: *Ja, sikkert litt. Ja.*

Intervjuar: *Syns du det er greit at folk gjer det når dei flyttar?*

ØU3: *Ja, dei får no ta det som passar til situasjonen, liksom. [...] Og viss det er enklare for andre å snakke med deg viss du har litt sånn anna, at viss det er sånne spesielle ord som- spesielt for eit anna sted, så [er det] kanskje betre å legge om.*

**Tabell 12: Lokal identitet og haldningar til akkommodasjon**

+ tyder sterk lokal identitet/positive haldningar til akkommodasjon

– tyder svak lokal identitet/negative haldningar til akkommodasjon

INFORMANT	EU2	ØV6	EU4	EV5	EV7	EV8	ØU1	ØU4	ØV5	ØV7	ØV8	EV6	ØU3	EU1	EU3	ØU2
Lokal Identitet	–	–	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	–	–	–
Haldning til akkommodasjon	+	+	–	–	–	–	–	–	–	–	–	+	+	–	–	–

Alle informantane utanom EU2, ØV6, EV6 og ØU3 hadde negative haldningar til akkommodasjon. Tabell 12 gir ei forenkla oversikt over informantane sin lokale identitet og haldningane deira til språkleg akkommodasjon. På dei stadene der det er ”+” på lokal identitet og ”–” på haldningar til akkommodasjon eller omvendt, stemmer hypotesen min. Dei fleste informantane hadde både positivt og negativt å seie om heimbyen, og nokre hadde sterkare lokal identitet enn andre. Når det gjaldt ØU1 og EU1, hadde eg ikkje noka oppfatning av at identiteten var spesielt sterk eller svak. I staden hadde eg klassifisert identiteten deira som høvesvis positiv og nøytral (som ikkje var sorteringskategoriar her). ØU1 hadde planar om å flytte frå Florø og ville gjerne bu i utlandet, men hadde samtidig positive haldningar til Florø. I tabellen har eg indikert at ho hadde ein sterk lokal identitet på grunn av det positive aspektet. EU1 har eg markert med svak lokal identitet fordi ho mellom anna gav uttrykk for at ho ikkje ville flytte tilbake til Førde etter utdanninga. Ho hadde heller ikkje spesielt positive haldningar til Førde.

EV5 var ei av dei som hadde ei sterk tilknytning til heimbyen og negative haldningar til språkleg akkommodasjon. Ho snakka mykje om det gamle Førde og om historier ho hadde høyrte av gamle førdianarar. Ho var også svært oppteken av å halde på dialekten, og sa mellom anna om språkleg akkommodasjon:

*EV5: Ja, altså dei som forlet sin eigen dialekt. For meg ville det vere å forlate min eigen identitet. Viss eg begynner å knote, sant. For å gjere meg forstått. Veit du, det orkar ikkje eg. Eg snakkar heller seinare.*

*Konklusjon:* Hypotese 10 vart til dels stadfesta. Det såg ut til at dei informantane som hadde ein sterk lokal identitet, også hadde positive haldningar til dialekten i

heimbyen. Men det hang ikkje nødvendigvis saman med negative haldningar til akkommodasjon. Hjø EV6 endra haldningane seg etter at han fekk meir kunnskap om og erfaring med korleis det var å flytte til eit anna språksamfunn. EU2 hadde derimot ikkje flytta (berre innanfor Førde), men var likevel positiv til at folk endrar dialekten. Her kunne det vore interessant å sjå på kva deltakarane i det sosiale nettverket til EU2 hadde å seie om akkommodasjon. Forklaringa kan liggje der, men det er vanskeleg å bestemme ut ifrå den informasjonen eg har om informanten. Dei fleste informantane hadde likevel samsvar mellom sterk lokal identitet og negative haldningar til språkleg akkommodasjon.

## 5.5 Oppsummering om lokal identitet og språkhaldningar

Florøværingane hadde sterkare lokal identitet enn førdianarane. Generasjonsforskjellane i den lokale identiteten var større i Førde enn i Florø. Den lokale identiteten var sterkare enn den regionale, men i Florø verka det som det informantane definerte som regionen, ofte overlappa med det lokale.

Språkhaldningane til dialekten på heimstaden var meir positive og sterkare hjå dei unge florøværingane enn hjå dei unge førdianarane. Dei vaksne var generelt meir medvitne om språket enn dei unge, og dei vaksne førdianarane var meir språkmedvitne enn dei vaksne florøværingane.

Språket var noko ein av dei tinga som vart framheva når ein omtala forskjellar mellom byane, men generelt verka det som saker som sjukehusstriden og fotballen var viktigare når det gjaldt å skilje mellom byane.

Dei informantane som hadde sterk lokal identitet, hadde stort sett meir negative haldningar til språkleg akkommodasjon enn dei som hadde svak lokal identitet.

### 5.5.1 *Er det samsvar mellom lokal identitet og språkhaldningar?*

Hovudhypotesen i undersøkinga mi går ut på at det er samsvar mellom identitet, språkhaldningar og språkbruk i Førde og Florø. I kapittel 7 samanliknar eg resultatata frå språkanalysen først med den lokale identiteten og deretter med språkhaldningane



til informantane. Men eg har ikkje lagt særskilt vekt på å undersøkje eit eventuelt samsvar mellom lokal identitet og språkhaldningar. Det vil eg kome inn på her.

<b>Tabell 13: Lokal identitet og språkhaldningar</b>				
INFORMANT	LOKAL IDENTITET	SPRÅK-MEDVIT	SPRÅKHOLDNINGAR	
			TS	BY
ØV7	+	+	Pos	Pos
ØV8	+	–	Pos	Pos
EU4	+	+	Pos	Neg
EV5	+	+	Pos	Neg
EV6	+	+	Pos	Neg
EV7	+	+	Pos	Neg
EV8	+	+	Pos	Neg
ØU1	+	+	Pos	Neg
ØV5	+	+	Pos	Neg
ØU3	+	–	Neg	Pos
ØU4	+	+	Neg	Pos
ØV6	–	–	Pos	Pos
EU2	–	+	Pos	Neg
ØU2	–	+	Pos	Neg
EU1	–	–	Neg	Neg
EU3	–	–	Neg	Neg

Som tabell 13 viser, var det samsvar mellom sterk lokal identitet og sterke positive haldningar til tradisjonelt sunnfjordmål. Det var òg samsvar mellom sterk lokal identitet og sterke negative haldningar til bymålsformer. Den mest vanlege kombinasjonen av haldningar var å ha positive haldningar til tradisjonell sunnfjordsdialekt og negative haldningar til bymål. Dette trur eg er uttrykk for ei gjengs oppfatting av at bymål ikkje er ”skikkeleg dialekt”. I gruppa av informantar med svak lokal identitet, var det større variasjon i språkhaldningane. Også her hadde somme kombinasjonen *positive haldningar til TS og negative haldningar til bymål*. Men EU1 og EU3 frå Førde var svakt negative til begge varietetane, medan ØV6 var svakt positiv til begge.

### 5.5.2 Vurdering av metoden

Eg har hovudsakleg brukt ein direkte metode for å måle språkhaldningane og den lokale identiteten i Førde og Florø: Datamaterialet er utsegner som viser kva haldningar informantane hadde. Det dreier seg delvis om svar på direkte spørsmål om haldningar (til dømes ”Kva synest du er finast av utkantdialekt og sentrumsdialekt?” og ”Kan du fortelje litt om Florø?”), og delvis om tolkingar eg har gjort av heilskapsinntrykket av informantane og av meir indirekte utsegner relaterte til språk og stad.

Med ein slik metode er det lett for at det ein samlar inn, ikkje er informantane sine personlege haldningar, men derimot stereotypiar eller kollektive oppfatningar. Ein risikerer at informantane ikkje svarar det dei personleg meiner (spesielt dersom dei oppfattar haldningane sine som kontroversielle), men det dei oppfattar som ”godtekne” haldningar. Spesielt kan dette vere eit problem når ein undersøker språkhaldningar. Det er til dømes vanleg at folk oppfattar bygdedialektar som meir ”ekte” og ”originale” enn bymål. Det treng likevel ikkje bety at informantane personleg liker dei tradisjonelle bygdedialektane betre enn bymålet. Såleis treng det heller ikkje henge saman med den faktiske språkbruken til informantane.

I hovudfagsavhandlinga *Variasjon og endring i bømlamålet* (2001) tek Vibeke Notland til orde for at haldningar til heimlassen, som eg reknar som uttrykk for den lokale identiteten, er lettare å måle med ein slik direkte metode enn språkhaldningar er. Det er fordi forholdet eit individ har til staden han eller ho har vakse opp på, ofte er meir personleg enn forholdet til dialekten. ”[S]pørsmåla knytt til trivsel og eit eventuelt ønskje om å bu ein annan plass [er] meir uløyseleg knytte til kjenslene til kvart individ” (Notland 2001:144). Då vert det meir sannsynleg at informantane gir uttrykk for sine personlege kjensler, i staden for å uttrykkje den gjengse oppfatninga av haldningsobjektet.

## 6. Språket i Florø og Førde

### 6.1 Presentasjon av språket

For å gje eit oversyn over den språklege situasjonen i Florø og Førde, vil eg no presentere funna av dei einskilde språkvariablane. I tabell 14 har eg først rekna ut kor mange prosent bymålsformer og TS-former kvar informant hadde på kvar variabel, og deretter rekna ut gjennomsnittsprøsenten for kvar variant i Førde og Florø. Ein annan måte å rekne ut TS-prøsenten på, ville vere å rekne ut prosent av alle belegga innanfor ei gruppe informantar. Eg har valt den første måten fordi kvar informant då tel like mykje i utrekningane for heile gruppa, noko som er viktig når eg opererer på individnivå. Nokre av informantane mine hadde langt fleire belegg på variablane enn andre, og eg ville ikkje la dei dominere statistikken. Til dømes hadde EV5 så mykje som 833 førekomstar av variabelen <det>, medan EU3 berre hadde 59. Dersom ikkje noko anna er nemnt, har alle tabellane nedanfor tal i prosent.

VARIABEL	FØRDE		FLORØ	
	BY	TS	BY	TS
Realisering av <i>r</i>	0	100	100	0
Fonemsamanfall mellom /ʃ/ og /c/	27,9	72,1	37,3	62,7
Bunden form fleirtal av inkjekjønn	0	100	97,9	2,1
Presens av sterke verb	19,6	80,4	74,3	25,7
Perfektum partisipp av sterke verb	42,0	58,0	88,6	11,4
Personleg pronomen 3. person fleirtal, <dei>	3,0	97,0	78,1	21,9
Peikande pronomen <det>	64,3	35,7	93,0	7,0
Realisering av verbet <seie>	0	100	44,4	55,6
Realisering av verbet <gjere>	14,3	85,7	94,0	6,0
Realisering av adverbet <berre>	0	100	96,5	3,5
Gjennomsnitt	17,11	82,89	80,41	19,59

Når det gjeld variabelen /r/, har eg ikkje telt alle førekomstane slik eg har for dei andre variablane. Etter å ha høyrte gjennom intervjuopptaka fleire gonger i samband med transkripsjon og ekserpering, har eg funne ut at realiseringa av /r/ ikkje varierte intraindividuell hjå nokon av informantane. Variabelen var dessutan den mest frekvente med opptil fleire tusen belegg per informant, og eg sparte difor mykje arbeid på å ikkje merkje og kategorisere alle førekomstane av denne variabelen.

Dersom vi ser alle språkvariablane under eitt, har florøværingane omlag 80 % bymålsformer i dialekten, medan førdianarane har omlag 80 % TS-former. Sidan florødialekten har lang tradisjon som bydialekt, er det ikkje overraskande at han har ein stor prosent bymålsformer. Den tradisjonelle bydialekten i Florø har til dømes former utan vokalskifte i presens av sterke verb (til dømes /'hɔl:ɛ/) og endinga *-ene* i inkjekjønn fleirtal. Det mest interessante for florødialekten er difor å finne ut kvifor det er så pass mange tradisjonelle trekk, og om dialekten endrar seg i retning av sunnfjordmålet elles. Det er interessant å sjå at Førde-informantane generelt har så mange TS-former. Det kan tyde på at dei observasjonane nøkkelinformantane hadde gjort av at det blir stadig fleire bymålsformer i førdedialekten, var overdrivne.

### 6.1.1 *Realisering av r*

Alle informantane i Florø hadde uvular [ɣ], medan alle i Førde hadde alveolar [r]. Dette språkdraget held altså på posisjonen sin i begge byane. Då eg intervjuar nøkkelinformantane før den språklege undersøkinga, hevda informant B (mannleg lærar i Førde) at skarre-*r* var på veg inn i språket i Førde. Skarre-*r* vert oppfatta som eit sentrumsfenomen som spreier seg i Noreg (Sandøy 1996, Skjekkeland 1997), og det ville difor vere naturleg at førdedialekten tok opp dette trekket. Både førdianarane og florøværingane i undersøkinga mi var merksame på fenomenet skarre-*r* og nemnde det saman med det meir generelle ”påverknad frå bergensk” som det mest typiske for florøålet. Fordi den bakre *r*-en tydelegvis er ein markør i sunnfjorddialekten, kan det hende at identitetsfaktoren har meir å seie for utviklinga av dette trekket enn for mindre saliente trekk. I Sølvsberg si undersøking av

førdedialekten var det 3 av 16 informantar som hadde skarre-*r*, medan dei andre hadde rulle-*r*. Sølvsberg konkluderer med at rulle-*r* hadde godt fotfeste i Førde. Han forklarar den sterke posisjonen til rulle-*r* med naboopposisjon, altså at førdianarar vil oppretthalde avstanden mellom Førde og nabobyen Florø (Sølvsberg 1998).

### 6.1.2 Realisering av <kj>

Når det gjeld uttalen av <kj>, er resultatane ganske like for Førde og Florø. Det er flest førekomstar av TS-uttalen der ein skil mellom /ʃ/ og /ç, cç/. Men prosentdelen av bymålsforma med /ʃ/-uttale er relativt høg i begge byane. Her har aldersvariabelen mykje å seie. Dei vaksne informantane hadde nesten berre TS-uttale, medan dei unge veksla mellom samanfall og ikkje samanfall. Dei unge informantane i Florø hadde meir samanfall enn dei unge i Førde (tabell 15).

Tabell 15: Fonemsamanfall mellom /ʃ/ og /ç/. Tal i %		
	BY	TS
	ʃ	ç, cç
UNGE I FLORØ	74,2	25,8
UNGE I FØRDE	46,3	53,7
VAKSNE I FLORØ	0,4	99,6
VAKSNE I FØRDE	9,5	90,5

Det som ikkje kjem fram av tabellen, er kva fonologiske omgjevnader som gjev samanfall, og kva som ikkje gjer det. Eg har ikkje studert distribusjonen av /ç/ og /cç/ systematisk, men eg fekk inntrykk av at dei fleste uttala <kj> som /cç/ i framlyd uavhengig av om dei hadde samanfall mellom /ç/ og /cç/ eller ikkje. Det verka som om <kj> var meir utsett for å bli realisert som /ʃ/ i innlyd og utlyd, kanskje fordi dei som ikkje hadde samanfall, stort sett brukte /ç/ og ikkje /cç/ i desse omgjevnadene.

Ein stor del av belegga på <kj> bestod av ordet *ikkje*. Det er eit ord som er hyppig brukt og som ofte vert redusert og drege saman med andre ord (til dømes *ha'kje*, *e'kje* i staden for *har ikkje* og *er ikkje*). Difor var det til dels vanskeleg å

høyre om informantane brukte /ç/ eller /ʃ/. Der informantane brukte affrikaten / $\widehat{c\zeta}$ /, var det lettare å skilje mellom lydane.

### 6.1.3 Bunden form fleirtal av inkjekjønn

7 av 8 flørøværingar hadde berre endinga *-ene* i bunden form fleirtal av inkjekjønn, medan 5 av 6 førdianarar berre hadde *-a*. Det var relativt få belegg på denne variabelen, difor har eg vist alle belegga i absolutte tal og ikkje i prosent (tabell 16). Den som hadde flest belegg var EV5 med 8 ord. EV7 og EU3 er ikkje med i tabellen fordi dei ikkje hadde nokon førekomstar av inkjekjønnsord i bunden form fleirtal. Grunnlaget for å seie noko om variabelen inkjekjønn er altså lite.

FØRDE				FLORØ			
INFORMANT	BY	TS	TOTAL	INFORMANT	BY	TS	TOTAL
	-ene	-a			-ene	-a	
EU1	0	1	1	ØU1	5	1	6
EU2	0	1	1	ØU2	3	0	3
				ØU3	4	0	4
EU4	0	5	5	ØU4	1	0	1
EV5	0	8	8	ØV5	2	0	2
EV6	0	2	2	ØV6	4	0	4
				ØV7	6	0	6
EV8	0	6	6	ØV8	2	0	2

Alle utanom ØU1 hadde konsekvent bøyning av inkjekjønn.<sup>6</sup> ØU1 hadde eitt tilfelle av *-a* i bunden form fleirtal i utsegna: "*litt godt opp i åra*". Det kan vere interessant at det er ØU1 som hadde eitt tilfelle av TS-forma med *a*-ending, sidan ho gav uttrykk for at ho ønskte å fjerne seg frå flørødialekten. Elles er tendensen at variabelen held på posisjonen sin både i førde- og flørødialekten.

### 6.1.4 Presens av sterke verb

Variabelen *presens av sterke verb* omfattar ikkje alle sterke verb som førekjem i intervju. Dei aktuelle verba er dei som tradisjonelt får vokalskifte frå bakre til fremre

<sup>6</sup> EU1, EU2 og ØU4 hadde berre 1 belegg, og dei kan altså hatt begge formene utan at det kom fram i statistikken her.

vokal i presens i sunnfjorddialekten (jmfør skildringa av dialekten i kapittel 2). Dei tilhøyrrer dei sterke verbklassane 4 (til dømes <grave – grev>) og 5 (til dømes <kome – kjem>). Også verb som <ta – tek> og <dra – dreg> (begge i klasse 4) er med i statistikken. Når det gjeld dei to verba, var formene /tɑ:r/ og /drɑ:r/ utan vokalskifte dei mest vanlege. EV6 hadde eitt tilfelle av /te:k/, og EV5 hadde eitt tilfelle av /dre:g/, men elles var alle formene utan vokalskifte. Det verka som TS-formene av dei to verba ikkje var i bruk i Florø, og at dei var sjeldne i Førde. Sidan dei to verba er nokså frekvente i materialet, trekkjer dei opp presenten av bymålsformer.

Samanliknar vi bruken av TS-former av sterke verb i Florø og Førde (tabell 17), er det stor forskjell mellom byane. Florø har overvekt av bymålsformer utan vokalskifte, medan Førde har stort fleirtal av former med vokalskifte. Ser vi bort ifrå dei verba som alle informantane bøyer utan vokalskifte, har førdianarane enda større TS-prosent.

<b>Tabell 17: Presens av sterke verb i Florø og Førde. Tal i %</b>		
	BY	TS
	Bøying med vokalskifte	Bøying utan vokalskifte
UNGE I FLORØ	98,7	1,3
VAKSNE I FLORØ	49,8	50,2
UNGE I FØRDE	16,0	84,0
VAKSNE I FØRDE	23,1	76,9

Dette er ein av dei variablane der florømålet tradisjonelt har bymålsforma. Difor er det ikkje så overraskande at florømålet har flest former utan vokalskifte. Det som er spesielt, er at dei vaksne Florø-informantane hadde fleire TS-former enn dei unge (tabell 17). Ein skulle kanskje tru at det ville vere omvendt, sidan presens utan vokalskifte er eit tradisjonelt trekk ved florødialekten. Her var det særskilt to informantar som skilde seg ut frå dei andre florøværingane ved å ha overvekt av former med vokalskifte, nemleg ØV7 og ØV8. Både ØV5 og ØV6 har flest former utan vokalskifte, men ØV5 har nesten like mange tradisjonelle som moderne former. Som

vi såg i avsnittet om identitet, hadde ØV5 positive haldningar til bygdedialekt og hadde vore aktiv i målrørsla som ung. Det kan forklare bruken hennar av TS-former i presens av sterke verb. Både ØV5 og ØV7 hadde ektefellar med meir tradisjonell dialekt enn dei sjølve (høvesvis sunnfjord- og nordfjorddialekt). Det kan òg vere ei kjelde for påverknad. Når det gjeld ØV8, var det vanskelegare å sjå samanhengen med identiteten. ØV8 var ikkje særskilt språkmedviten. Generelt verka språket hans meir tradisjonelt enn hjå dei andre florøværingane; han brukte til dømes /su:/ i staden for <så>, i tillegg til ein del andre trekk. Forklaringa kan liggje i at ØV8 kom frå eit område i Florø som tidlegare høyrde til nabokommunen Kinn, og som altså ikkje var ein del av ”byen”.

Hjå dei unge florøværingane var det berre eitt tilfelle av verbbøying med vokalskifte. ØU1 brukte forma /c̥ç̥e:m/ i følgjande tilfelle:

Intervjuar: *Ja, viss du skal seie kor du kjem fra-*

ØU1: *Ja, då seier eg at eg kjem fra Florø. For seier du Sunnfjord, så veit dei iallfall ikkje kor det er hen.*

Her er forklaringa mest truleg akkommodasjon. ØU1 vart påverka av at eg som intervjuar brukte forma /c̥ç̥e:m/ i spørsmålet, og brukte difor den same forma i svaret. Elles i intervjuet brukte ØU1 forma /~k̥m:e/ i presens. Alle dei andre unge Florø-informantane hadde presensformer utan vokalskifte, og vi kan trygt konkludere med at formene utan vokalskifte er dei mest vanlege i dialekten til dei unge florøværingane.

### 6.1.5 Perfektum partisipp av sterke verb

Som tabell 18 viser, har florøålet flest former med svak bøying i perfektum partisipp. Dei unge og dei vaksne ser ut til å vere nokså like på dette punktet, og det kan tyde på at den svake bøyinga står sterkt i Florø. Det er også i tråd med det tradisjonelle bymålet i Florø, til dømes med /vært/ i staden for /v̥ɔ:re/. Ordet <vært/vore> utgjer ein stor del av materialet i begge byane.



<b>Tabell 18: Perfektum partisipp av sterke verb. Tal i %</b>		
	BY	TS
	Svak bøyning	Sterk bøyning
UNGE I FLORØ	86,7	13,3
VAKSNE I FLORØ	90,5	9,5
UNGE I FØRDE	53,7	46,3
VAKSNE I FØRDE	30,4	69,6

Førdianarane hadde til saman omtrent 50 % sterk bøyning og 50 % svak. Dei vaksne førdianarane hadde meir av TS-bøyinga, medan dei unge fordelte seg likt på dei to variantane. Det kan sjå ut til at denne variabelen er i endring i førdemålet, og at det vert fleire former med svak bøyning.

Resultata må likevel takast med ei klype salt. For det første var det stor forskjell på talet på belegg hjå dei vaksne og dei unge informantane i Førde. Dei unge hadde i gjennomsnitt 6 belegg kvar, medan dei vaksne hadde gjennomsnittleg 36 belegg. Grunnlaget for å seie noko om denne variabelen hjå dei unge informantane er altså relativt lite. For det andre er det ulikskapar i utvalet av ord denne variabelen omfattar, noko som gjeld for begge byane. Verbet <ta> kan realiserast både som /tat/ og /te:ke/ i perfektum partisipp. Men det var ingen av informantane som brukte TS-forma /te:ke/ i nokon av byane. Sidan alle uttalte dette ordet likt, vurderte eg å ta det ut av statistikken (jf. Haugen 1998). Men på grunn av at verbet <ta> er med i presensvariabelen og viste same tendensen der (med berre eitt tilfelle av TS-forma *tek*), har eg valt å ta det med også i partisippvariabelen. EV5 hadde eitt tilfelle av partisippforma /dre:ge/, elles var også verbet <dra> dominert av bymålsforma /drat/ eller /drad/. Utanom <ta> og <dra> er materialet dominert av verba <vere> og <kome>.

### 6.1.6 Personleg pronomen 3. person fleirtal, <dei>

Når det gjeld variabelen <dei>, hadde førdianarane så stor overvekt av TS-forma /dei/ at dei få unntaka nærast må sjåast som ein glepp frå informanten si side. Som tabell 19 viser, gjeld dette både for dei vaksne og dei unge førdianarane. Dei førdianarane som nokre gonger brukte forma /di:/, hadde berre 1 – 3 tilfelle av den. EV8 var den som hadde flest, med 3 /di:/ av 55 belegg.

<b>Tabell 19: Personleg pronomen 3. person fleirtal &lt;dei&gt;. Tal i %</b>		
	BY	TS
	di:	dei
UNGE I FLORØ	93,9	6,1
VAKSNE I FLORØ	62,2	37,8
UNGE I FØRDE	4,0	96,0
VAKSNE I FØRDE	2,0	98,0

Hjå florøværingane brukte dei unge over 90 % bymålsformer (tabell 19). Her skilde ØU1 seg ut med flest TS-former, 6 av 58. Forklaringa på det kan vere ønsket til ØU1 om å snakke mindre florødialekt og tilnærme seg den tradisjonelle sunnfjorddialekten. ØU3 hadde 2 TS-former av 21 totalt, og ØU4 hadde 1 av 34. ØU2 hadde 100 % bymålsformer av <dei>.

<b>Tabell 20: Variabelen &lt;dei&gt; på individplan hjå vaksne i Florø. Tal i %</b>		
	BY	TS
	di:	dei
INFORMANT		
ØV5	50,9	49,1
ØV6	65,4	34,6
ØV7	54,1	45,9
ØV8	78,6	21,4

Dei vaksne i Florø skilde seg ut frå ungdommane med 37 % TS-former, altså uttalen /dei/. Tabell 20 viser at dei to kvinnene ØV5 og ØV7 hadde omtrent

halvparten moderne og halvparten TS-uttale av <dei>. Mennene brukte mindre av TS-uttalen: ØV6 hadde 34 % /dei/, medan ØV8 berre hadde 21 %. Ei årsak kan vere at ØV5, ØV6 og ØV7 var påverka av ektefellar og andre vener som kom frå andre stader i fylket enn Florø. ØV5 sympatiserte med målsaka og meinte sjølv at språket hennar kunne vere påverka av at ho brukte nynorsk i staden for bokmål. I alle fall trur eg interessa hennar for dialektar og dei positive haldningane til sunnfjorddialekten, kan vere ei av årsakene til resultatet som kjem fram her. ØV6 og ØV7 hadde begge ektefellar frå Nordfjord og kan ha vore påverka av dialekten deira. ØV8 ser eg på som ein ”typisk florøværing”. Han hadde budd i Florø heile livet og hadde ikkje tenkt å flytte derifrå. Dialekt var eit emne han sjeldan tenkte over. Samtidig hadde ØV8 fleire TS-former på andre språkvariablar.

#### 6.1.7 Peikande pronomen <det>

Ikkje uventa var det store forskjellar i uttalen av <det> i Florø og Førde. Av ungdommane i Florø var det berre ØU4 som hadde TS-uttalen /da:/ i 6 av 88 tilfelle, dei andre hadde 100 % /de:/-uttale. Av dei vaksne florøværingane var det nokre fleire tilfelle av TS-uttale. ØV7 og ØV8 stod for mesteparten av desse, med 20 % kvar. ØV5 og ØV6 hadde høvesvis 1 % og 5 % TS-former.

<b>Tabell 21: Peikande pronomen &lt;det&gt;. Tal i %</b>		
	BY	TS
	de:	da:
UNGE I FLORØ	98,3	1,7
VAKSNE I FLORØ	87,7	12,3
UNGE I FØRDE	85,0	15,0
VAKSNE I FØRDE	43,6	56,4

Førdianarane hadde ein større prosent av TS-former, og her skilde dei vaksne seg ut ved å ha over halvparten TS-former, medan dei unge berre hadde 15 %. Det kan tyde på at den tradisjonelle /da:/-uttalen er på veg ut av førdedialekten. Blant dei unge informantane var det gutane, EU2 og EU4, som hadde flest TS-former. Medan

jentene hadde 0 % og 3 % TS-former, hadde EU2 og EU4 høvesvis 12 % og 45 %. Her kan det vere ein reell kjønnsforskjell, men det kan også verke inn at dei to gutane budde i bustadområde som var noko meir bygdeprega enn EU1 og EU3, som begge budde i einebustadfelt. EU2 og EU4 budde på mindre stader litt utanfor sentrum der ein finn både gardar og einebustader.

#### 6.1.8 Realisering av verbet <å seie>

Resultata for variabelen <seie> i Førde er heilt eintydige (tabell 22). Alle førdianarane hadde 100 % TS-former, altså uttalen /sei/ med diftong. EV7 hevda at mange ungdommar i Førde brukte forma /si:/. Det er mogleg at enkelte gjer det, men altså ingen av mine informantar. Ei forklaring kan vere at bymålsforma er meir vanleg hjå enda yngre informantar enn eg har intervjuet og altså aldersavgrensa. Det er det umogleg å seie noko om ut ifrå mitt materiale. Konklusjonen må altså bli at TS-forma av <seie> står sterkt i førdemålet.

<b>Tabell 22: Realisering av &lt;seie&gt;. Tal i %</b>		
	BY	TS
	si:	seie
UNGE I FLORØ	80,8	19,12
VAKSNE I FLORØ	7,9	92,1
UNGE I FØRDE	0	100
VAKSNE I FØRDE	0	100

Resultata for florøværingane i tabell 22 er ikkje like eintydige som for Førde. Her er det stor forskjell på alderen til informantane: Dei unge hadde til saman 80 % bymålsformer og dei vaksne berre 8 %. Berre ein av dei unge florøværingane brukte /sei/ i det heile, og berre ein av dei vaksne brukte /si:/. ØU1 skilde seg sterkt ut frå dei andre unge florøværingane ved å ha overvekt av TS-forma, 23 /sei/ mot 7 /si:/. Delar av forklaringa kan liggje i ØU1 sine negative haldningar til florømålet og

positive haldningar til sunnfjordmålet. Av dei vaksne florøværingane var det berre ØV7 som brukte bymålsforma i det heile, medan dei andre vaksne hadde 100 % TS-former. Bymålsformene utgjorde 6 av 19 belegg hjå ØV7. Det er ikkje lett å seie kvifor ØV7 hadde fleire bymålsformer enn dei andre vaksne. På andre variablar hadde ho fleire TS-former. Ei mogleg forklaring kan vere at ho var merksam på denne variabelen og difor brukte den til å framheve florødialekten og den sosiale identiteten sin, men det kan òg vere tilfeldig variasjon. Men også ØV7 hadde overvekt av TS-formene, i likskap med dei andre vaksne florøværingane.

Generelt ser det ut som om bymålsvarianten av verbet <seie> er på veg inn i florømålet, sidan det omtrent berre var dei unge som brukte bymålsforma. Det strir altså mot hypotesen min om at florømålet blir meir likt sunnfjorddialekten elles. I Førde var TS-forma einerådande.

#### 6.1.9 Realisering av verbet <gjere>:

<b>Tabell 23: Realisering av &lt;gjere&gt;.</b>		
<b>Tal i %</b>		
	BY	TS
	jø:r	je:r
UNGE I FLORØ	91,7	8,3
VAKSNE I FLORØ	96,4	3,6
UNGE I FØRDE	25,0	75,0
VAKSNE I FØRDE	0	100

Tabell 23 viser at bymålsforma /je:re/ dominerer i Førde og bymålsforma /jø:re/ dominerer i Florø. EU3 står for alle førekomstane av forma /jø:re/ i Førde, med 3 bymålsformer og ingen TS-former. Ut ifrå 3 belegg kan ein ikkje avgjere om EU3 er konsekvent brukar av bymålsforma /jø:re/. Dersom ho er det, kan det ha fleire forklaringar. EU3 hadde nokså svake språkhaldningar og tenkte ikkje mykje over førdedialekten. Familien hennar var ikkje frå Førde, men frå Nordfjord. Men ho var negativ til akkommodasjon og til ”bokmålsord” som /'kɔm:e/ og /spi:se/ i førdedialekten. Så det er ikkje lett å seie noko eintydig om grunnane til /jø:re/-bruken til EU3.

Blant dei vaksne florøværingane brukte alle bymålsforma, og dei 3,6 % TS-formene er eitt tilfelle av /je:re/ frå ØV8. Blant dei unge sa ØU3 /je:re/ ein gong, dei andre hadde ingen førekomstar av TS-forma. Det er usikkert om desse TS-formene kom av at eg som intervjuar brukte forma /ˈje:re/, eller om informantane til vanleg hadde desse formene i talemålet.

Trass i at det var relativt få belegg på denne variabelen, vil eg konkludere med at bymålsforma av <gjere> står sterkt i Florø, medan TS-forma står sterkt i Førde. Bortsett frå informanten EU3 var det lite tilnærming mellom målføra når det gjaldt denne variabelen.

#### 6.1.10 Realisering av adverbet <berre>

<b>Tabell 24: Realisering av &lt;bare&gt;.</b>		
<b>Tal i %</b>		
	BY	TS
	bɑ:re	bere
UNGE I FLORØ	93,1	6,9
VAKSNE I FLORØ	100	0
UNGE I FØRDE	0	100
VAKSNE I FØRDE	0	100

I tabell 24 ser vi at TS-forma av <berre> var den einaste førdianarane brukte, medan bymålsforma nesten var einerådande i Florø. Av dei unge i Florø var det berre ØU1 og ØU2 som hadde variantar med /bere/ i det heile. ØU1 hadde eitt tilfelle av TS-forma av i alt 9 belegg, og ØU2 hadde 2 av 12, så variasjonen var ikkje stor. I eitt av tilfella brukte ØU2 begge formene i same setninga: [...] *Den er berre- det er bare- litt sånn blanding som er blitt noko.* Det kan sjå ut som ØU2 korrigererte seg sjølv her, fordi han først sa /ber:e/ og så brukte /bɑ:re/ etter ein kort pause. Eg er usikker på om han korrigererte, sidan pausen var litt for lang til at det verka som ei korrigering. Her må ein bruke skjønn. I alle tilfelle brukte ØU2 TS-forma to stader, og det tyder på at han varierte når det gjaldt denne variabelen.

Det er mogleg at det er ein reell variasjon i florømålet når det gjeld variabelen <berre>. Men ut ifrå materialet mitt er det ikkje lett å seie noko generelt om dette. Difor held eg meg til å konstatere at TS-forma står sterkt i førdemålet, og at bymålsforma står sterkt i florømålet, med ei mogleg tilnærming til sunnfjorddialekten.


## 6.2 Oppsummering av den språklege analysen

Eg vil her seie litt om kva retning funna frå den språklege analysen peikar i. På grunn av at informantutvalet mitt er nokså lite, vil eg nøye meg med å peike på kva resultata kan indikere om den generelle utviklinga av språket i sunnfjordbyane. Eg hadde desse hypotesane om språkutviklinga:

Hypotese 11: *Dialekten i Florø får fleire språktrekk felles med sunnfjorddialekten, og det viser seg ved at dei vaksne florøværingane har fleire bymålsformer enn dei unge.*


Hypotese 12: *Dialekten i Førde får fleire bymålstrekk, og det viser seg ved at dei vaksne førdeanarane har fleire tradisjonelle sunnfjordsformer enn dei unge.*

**Figur 4: TS-prosent per informant**



Figur 4 viser den gjennomsnittlige prosenten av tradisjonelle sunnfjordsformer (TS-former) for kvar av informantane. Her må ein ta atterhald om at nokre av dei språklege variablane var ganske lågfrekvente, slik at små forskjellar gir relativt stort utslag når dei vert rekna i prosent. Dei åtte første informantane i figuren er EU1 – EV8 frå Førde, dei åtte siste er ØU1 – ØV8 frå Florø. Som figuren viser, låg alle florøværingane under gjennomsnittet når det gjaldt TS-prosent, medan alle førdianarane låg over gjennomsnittet. Dette er ikkje så overraskande når ein tenkjer på at florømalet er eit bymål, medan førdemalet lenge har vore eit sunnfjordsk bygdemål. Men der er interessante tendensar i resultatata til både florøværingane og førdianarane.

**Figur 5: TS-prosent hjå unge og vaksne**



Den sosiale variabelen *alder* har mykje å seie for språkbruken i Førde og Florø. Blant florøværingane hadde dei unge fleire bymålsformer enn dei vaksne (Figur 5). Det kan tyde på at florømalet *ikkje* vil nærme seg sunnfjordmalet, men halde på på stillinga si som bymål i Sunnfjord. Talemålet til dei vaksne Florø-informantane kan




jamvel tyde på at florøålet har vore meir likt sunnfjorddialekten tidlegare enn det er no, noko som er i strid med det Ølmheim (1983) skriv om talemålet. *Konklusjon:* Her lyt eg altså forkaste hypotese 11, sidan utviklinga går i motsett retning av hypotesen.

Figur 5 viser òg at dei unge førdianarane har færre TS-former enn dei vaksne. Det tyder på at førdedialekten endrar seg frå ein tradisjonell sunnfjorddialekt til noko meir bymålsaktig. *Konklusjon:* Hypotese 12 vert langt på veg stadfesta, men forskjellane mellom vaksne og unge førdianarar var ikkje så store som eg hadde forventa.

Forskjellane i språkformer mellom gruppene *unge* og *vaksne* i dei to byane kan tyde på at begge talemåla endrar seg i retning av å få fleire bymålsformer. Men der er ein viss sjanse for at språkendingane er aldersavgrensa, slik at dei unge som no har mange bymålsformer, vil vekse av seg endringane og få eit talemål som liknar meir på det tradisjonelle målet i dei respektive byane. I kapittel 4 tok eg til orde for at dei unge informantane moglegvis allereie hadde vakse av seg eventuelle ”ungdomsspråkdrag”, og at problemet med aldersfasar difor ikkje var så stort. Hadde eg undersøkt informantar ned i ungdomsskulealder, trur eg problemet hadde vore større. Slik det er no, tek eg sjansen på å stole på resultatata for gruppa av unge informantar.

### 6.2.1 Regionalisering?

Eit av måla med undersøkinga var å finne ut om det skjer ei regionalisering av dialektane i Sunnfjord, slik at førde- og florødialekten vil utvikle seg i retning av eit regionalt talemål. For florødialekten sin del ser det ikkje ut som det er tilfellet (figur 6).

**Figur 6: TS-prosent i Førde og Florø**

Florødialekten har framleis ein god del fleire bymålsformer enn førdemålet og truleg resten av Sunnfjord. Det ser ikkje ut som florøålet vil nærme seg sunnfjorddialekten, men derimot halde på posisjonen sin som bymål. Men det er mogleg at florødialekten vil føre an i ein regionaliseringsprosess og påverke dei områda som ligg rundt Florø by. Utsegner frå nøkkelinformantane og nokre av informantane i intervjuundersøkinga kan tyde på at folk oppfattar det slik. ØV5 fortalde til dømes om språkutviklinga på ei øy utanfor Florø, der ektemannen hadde slekt:

*ØV5: Eg høyrer at dei ungane som bur på den øya no, dei snakkar mykje meir likt florøungane enn dei gjorde når vi var ungar.*

Resultata frå Førde tyder på at dialekten utviklar seg vidare i retning av eit bymål, men at utviklinga går seinare enn folk flest trur. Etter å ha snakka med nøkkelinformantane frå Førde hadde eg fått eit inntrykk av at språkendingane i Førde gjekk svært fort, og at både skarre-*r* og former som /kɔm:e, sie, jø:r, bæ:re/ for <kjem, seier, gjer, berre> var vanleg blant unge i Førde. Dei oppfatningane var altså i strid med resultatet frå språkundersøkinga mi, der dei nemnde språkformene nesten ikkje førekom blant førdeanarane.

Både i Førde og Florø tyder likevel resultatene mine på at flere bymålsformer kjem inn i talemålet. I kapittel 7 og 8 vil eg kome inn på kva rolle *identitetsfaktoren* spelar i denne utviklinga.

## 7. Er det samsvar mellom identitet, språkhaldningar og språkbruk?

Hovudhypotese: *Det er samsvar mellom identitet, språkhaldningar og val av språkvariantar i Florø og Førde.*

Etter å ha undersøkt den lokale identiteten, språkhaldningar og språkbruken til 16 florøværingar og førdianarar, vil eg no samanlikne resultata for identitet og språkbruk og haldningar og språkbruk for å finne ut om det er ein samanheng.


*Stad* er ein sosial variabel som har stor innverknad på dialekten, og det viser seg ved at alle informantane frå Florø hadde fleire bymålsformer enn informantane frå Førde. For å finne ut om språk og identitet samvarierer, må eg difor samanlikne språkbruk og identitet/haldningar i Florø og Førde kvar for seg.

### 7.1 Identitet og språkbruk

#### 7.1.1 Lokal identitet og språkbruk

Hypotese 3: *Ein sterk lokal identitet heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).*

Figur 7 viser korleis prosenten av tradisjonelle sunnfjordsformer (TS) varierer når eg deler informantane inn i grupper etter sterk og svak lokal identitet. I begge byane er det slik at informantane med sterk lokal identitet har fleire TS-former i dialekten enn dei med svak lokal identitet. Det interessante er at dette gjeld for begge dialektane. Ein skulle tru at florøværingar med sterk lokal identitet ville ha fleire bymålsformer, sidan det er slike språkformer som er typiske for den lokale florødialekten. Men dei florøværingane med sterkast lokal identitet hadde altså fleire TS-former enn dei med svakare lokal identitet.

**Figur 7: Språkbruk og lokal identitet**

I 5.5 viste det seg at ein sterk lokal identitet samsvara med positive haldningar til tradisjonelt sunnfjordmål og negative haldningar til bymål i nesten alle tilfella. Då er det ikkje så rart at dei med sterk lokal identitet (og altså positive haldningar til TS) hadde mange TS-former i dialekten.


*Konklusjon:* Den delen av hypotese 3 som handlar om Førde, vert underbygd, og den delen som handlar om Florø, vert forkasta. Sterk lokal identitet samsvarar med mange TS-former i begge byane.

### 7.1.2 Urban og rural orientering og språkbruk

Hypotese 4: *Urban orientering heng saman med at ein har mange bymålsformer i dialekten.*

Som figur 8 viser, er det ein samanheng mellom urban orientering og det at ein har mange bymålsformer i dialekten. Innvendinga mot hypotesen er at forskjellen i TS-prosent mellom urbant og ruralt orienterte er ganske liten.

*Konklusjon:* Hypotese 4 vert altså underbygd, men det er ikkje stor forskjell i TS-prosent mellom informantar med urban og rural orientering.

**Figur 8: Språkbruk og urbanitet/ruralitet**


### 7.1.3 Nettverkstilknytning og språkbruk

Hypotese 5: *Sterk lokal nettverkstilknytning heng saman med at ein har mange lokale språkformer i dialekten (dvs. TS-former i Førde og bymålsformer i Florø).*

I følge figur 9 har florøværingane med lokal nettverkstilknytning færre TS-former (20,1 %) enn dei som ikkje hadde lokalt baserte nettverk (26,9 %). Forskjellen er ikkje så stor, så ein må vere forsiktig med å trekkje konklusjonar her. Dei florøværingane som hadde både lokale og ikkje-lokale nettverksband, brukte færre TS-former enn begge dei to andre gruppene (nemleg 12,4 %).

I Førde var det ingen som berre hadde ikkje-lokal nettverkstilknytning, så alle informantane kom anten i gruppa "lokal" eller "begge delar". Som figur 9 viser, hadde informantane med lokalt baserte nettverk og aktivitetar høg prosent av TS-former, medan dei med begge deler hadde færre TS-former. Resultatet er såleis i samsvar med hypotese 5.

**Figur 9: Språkbruk og nettverkstilknytning i Førde og Florø**




Det er viktig å hugse på at lokal tilknytning har andre konsekvensar for språkbruken i Florø enn i Førde. Lokal tilknytning i Florø heng saman med låg TS-prosent, medan lokal tilknytning i Førde heng saman med høg TS-prosent. Men eg vil vere forsiktig med å trekkje konklusjonar om ein motsett samanheng mellom ikkje-lokal tilknytning og færre lokale språkformer, då kategorien *ikkje-lokal* berre er definert som ei motsetning til *lokal*. Kategorien er truleg for mangfaldig til at ein kan seie at han heng saman med anten bymålsformer eller tradisjonelle sunnfjordsformer. Påverknaden på språket vil vere avhengig av om nettverket og aktivitetane er knytte til regionen, andre landsdelar eller utlandet, eller ikkje til *stad* i det heile.

*Konklusjon:* Resultata viser at lokal nettverkstilknytning heng saman med mange TS-former i Førde og mange bymålsformer i Florø. Hypotese 5 vert altså underbygd.

## 7.2 Språkhaldningar og språkbruk


Hypotese 9: *Positive haldningar til tradisjonelle språkdrag samsvarar med at ein har tradisjonelle språkdrag i talemålet.*

**Figur 10: Språkbruk og haldningar til tradisjonelt sunnfjordmål**



Når det gjeld samanhengen mellom språkhaldningar og språkbruk, viser figur 10 at positive haldningar til tradisjonelt sunnfjordmål samsvarar med mange TS-former i dialekten. Forskjellen mellom informantar med positive og negative haldningar til byggedialektar er størst i Florø.



**Figur 11: Språkbruk og haldningar til bymål**

Samanhengen mellom språkbruken og haldningar til bymål er ikkje like overbevisande (figur 11). Her viste det seg at dei florøværingane som hadde positive haldningar til bymål, skåra litt høgare på TS-prosent enn dei som hadde negative haldningar til bymål. Det er likevel så små forskjellar mellom gruppene at det er vanskeleg å trekkje konklusjonar ut frå resultata. I Førde hadde alle informantane negative haldningar til bymål, så der kan ein ikkje seie noko om forskjellen mellom negative og positive haldningar til bymålet. Men der er ein tendens til at informantane som hadde sterke negative haldningar, brukte fleire TS-former enn dei som hadde svake negative haldningar. Det kan tyde på at styrken på det språklege medvitnet har noko å seie for språkbruken til førdianarane.

I følgje analysen i 6.2., hadde førdianarane totalt fleire TS-former enn florøværingane. Gjennomsnittet for Florø låg på 19,7 %, medan gjennomsnittet for Førde var på 83,2 % TS-former. Det viser at det kan vere ein samanheng mellom høg TS-prosent og negative haldningar til bymål, sidan forskjellen i språkhaldningar mellom dei to

byane var så stor. Som nemnt i kapittel 5, var florøværingane jamt over meir positive til bydialekt enn førdianarane var.

*Konklusjon:* Hypotese 9 om at positive haldningar til tradisjonell sunnfjorddialekt samsvarar med at ein har mange TS-former i talemålet, vert stadfesta. Men det er ikkje noko tydeleg samsvar mellom positive haldningar til bymålsformer og det at ein har mange bymålsformer i dialekten, slik ein kanskje skulle tru.

## 8. Konklusjon

Hovudmålet med denne undersøkinga har vore å undersøkje sambandet mellom identitet, språkhaldningar og språkbruk i sunnfjordbyane Florø og Førde. I identitetsdelen har eg fokusert på lokal identitet, som kjem til uttrykk mellom anna gjennom tilhøyring til ein stad, lokal nettverkstilknytning og orientering mot urbane eller rurale verdjar. Språkhaldningane kan seiast å representere bindeleddet mellom den sosiale identiteten og sjølve språkbruken.

Med eit informantutval på 16 personar må ein ta atterhald om at resultata for undersøkinga ikkje kan generaliserast ukritisk til folkesetnaden i studieområdet. For det første er utvalet for lite til at ein kan generalisere ut i frå det. For det andre består utvalet av personar som er fødde og oppvaksne i Florø og Førde. I følgje informantane sjølve er denne gruppa nokså sjeldan i begge byane, spesielt blant vaksne folk. Medan informantutvalet mitt består av innfødde florøværingar og førdianarar, består folkesetnaden i Florø og Førde i følgje informantane av ein nokså stor del innflyttarar frå andre delar av regionen, Noreg og utlandet. Såleis seier ikkje utvalet så mykje om den generelle språksituasjonen i Florø og Førde. Men det er heller ikkje meininga. Målet med undersøkinga var først og fremst å seie noko om sambandet mellom to sosiale variablar (lokal identitet og språkhaldningar) og språkbruk. Då var det ein fordel å kunne kontrollere nokre av dei sosiale variablane som verkar inn på dette forholdet, slik som *oppvekststad* (alle informantane var frå tettstadsområda i Florø og Førde) og *alder* (alle var i gruppa 18 – 19 år eller 40 – 55 år). Resultata frå undersøkinga illustrerer korleis sambandet mellom språkbruk, identitet og språkhaldningar *kan* arte seg, snarare enn å slå fast korleis det *faktisk* artar seg i dei to byane.

Resultata frå språkundersøkinga viser store forskjellar i språkbruken i Florø og Førde. Den gjennomsnittlege prosenten av tradisjonelle sunnfjordsformer (TS-former) i Førde var 83,2 %, medan TS-prosenten i Florø låg på 19,7 %. Det viser at

forskjellane mellom talemålet i dei to byane framleis er store. Språkundersøkinga avslørte vidare at dei unge informantane hadde færre tradisjonelle sunnfjordsformer (TS-former) i dialekten enn dei vaksne i begge byane. For Florø sin del var dette eit uventa resultat, sidan eg hadde trudd at dialektane i Førde og Florø ville nærme seg kvarandre ved språkleg regionalisering. Då ville førdedialekten få fleire bymålsformer, medan florødialekten ville få fleire TS-former. Det at dei unge florøværingane tvert om brukte fleire bymålsformer enn dei vaksne, kan vere eit teikn på at florødialekten vil halde på stillinga si som bymål og ikkje jamne seg ut med dei omliggjande språkområda. Det er jamvel mogleg at dialekten vert enda mindre lik sunnfjorddialekten enn han har vore hittil. Eit framtidsscenario for florødialekten er at det kjem inn fleire bymålsformer, og at dialekten vil føre an i ein regionaliseringsprosess der bymålsformene vert spreidde til områda rundt tettstaden. Sannsynlegvis vil det same skje i Førde, sidan dei unge hadde færre TS-former enn dei vaksne der òg.

Sjølv om språkutviklinga ser ut til å gå i same retninga både i Florø og Førde, meiner eg at identiteten og haldningane utviklar seg forskjellig. Den lokale identiteten til florøværingane var knytt til kysten og kystkulturen, bytradisjonen og forholdet til Bergen. Det verka som både vaksne og unge florøværingar var medvitne om desse kjenneteikna ved Florø by. Førde hadde ein meir utydeleg lokal identitet, spesielt når det gjaldt det *moderne* Førde. Byen vart gjerne definert på ein negativ måte, anten ved at ein peikte på at noko mangla eller at noko var stygt eller kjedeleg. I Førde var det dessutan større forskjell på identiteten til dei vaksne og dei unge informantane enn i det var Florø. Den lokale tilhøyrsla som dei unge førdeanarane hadde til Førde sentrum, var nokså svak, medan dei vaksne hadde ein relativt sterk førdeansk "bygdeidentitet" som var knytt til Førde slik det var *før* staden utvikla seg til eit stort distriktssenter. Eg vil forklare dette funnet med at staden Førde har endra seg. Etter stor tilflytting og samfunnsendringar har Førde gått frå å vere ei lita jordbruksbygd med litt handel og ein veg gjennom, til å bli ein by der sørvisnæringane dominerer, sentrum veks og det kjem stadig fleire tilflyttarar. Identitetsforskjellane mellom generasjonane kan tyde på at den kollektive

stadidentiteten, ei stadoppfatning som er felles for alle innbyggjarane, har endra seg som følge av samfunnsendringane i Førde (jf. Fossåskaret 2000). I Florø verka det som denne felles oppfatninga av staden ikkje har endra seg i så stor grad, truleg fordi samfunnsendringane ikkje har vore så drastiske. Difor var det ikkje så store generasjonsforskjellar i den lokale identiteten i Florø.

Det var ikkje nemneverdige forskjellar i urban og rural orientering i dei to byane. Ein forskjell var at dei fleste florøværingane oppfatta heimstaden sin som ein by, medan førdianarane såg på heimstaden sin som ei bygd. Men dei haldningane hang ikkje nødvendigvis saman med at informantane var tiltrekte av høvesvis urbane og rurale verdiar. Ser vi på samanhengen med språkbruken, viste det seg at informantane som var urbant orienterte, hadde fleire bymålsformer enn dei med rural orientering i både Florø og Førde. Det tyder på at der finst ein samanheng mellom positive haldningar til det urbane og eit bymålsnært talemål, og omvendt mellom positive haldningar til det rurale og eit tradisjonelt sunnfjordmål.

Det var heller ikkje store forskjellar i lokal og ikkje-lokal nettverkstilknytning i byane. Men analysen viste at ei lokal nettverkstilknytning heng saman med høg TS-prosent i Førde og høg bymålsprosent i Florø. Dermed er det ein samanheng mellom lokal nettverkstilknytning og lokale språkformer (TS i Førde og bymål i Florø). På nettverksdelen hadde eg nokså mangelfulle data. For å få eit korrekt bilete av samanhengen med språket, måtte eg ha gjort ei grundigare undersøking av dei sosiale nettverka. Det kunne vore interessant å sjå om resultatane hadde blitt annleis dersom eg hadde skilt mellom regionalt, nasjonalt og internasjonalt baserte nettverk og ikkje berre mellom lokalt og ikkje-lokalt. Det er truleg stor forskjell på språk-påverknaden frå eit regionbasert nettverk og eit nettverk som består av personar frå andre landsdelar eller frå utlandet.

Då eg undersøkte den lokale identiteten og haldningane til språkleg akkommodasjon, fann eg ut at sterk lokal identitet samsvara med negative haldningar til at folk endrar dialekten sin når dei flyttar eller snakkar med folk som har ulik dialekt enn dei sjølve. Svak lokal identitet og negative haldningar til akkommodasjon samsvara

berre i 2 av 5 tilfelle. Det at folk endra dialekten sin, vart oppfatta som at dei endra identiteten, og på den måten "svikta" heimstaden. Dei som oppfattar den lokale tilhørsla som viktig, vil difor ha negative haldningar til at folk endrar dialekten sin.

Den regionale identiteten kom ikkje så tydeleg til uttrykk som den lokale identiteten. Nokre av informantane fortalde at dei var knytte til regionen, men også desse hadde sterkare meiningar om den lokale staden enn om regionen. Det tolkar eg som at den lokale identiteten er nærare og meir konkret enn den regionale. Regional identitet er noko ein tek fram når ein skal samanlikne seg med andre regionar. Tilhørsla til lokalsamfunnet har truleg større tyding for kvardagen til folk, og dermed òg for språkbruken. Såleis vil vi kanskje få sjå ei utvikling der dei lokale dialektane i Førde og spesielt i Florø ikkje vil utvikle seg til regionalspråk, men halde på dei språklege særmerkja sine.

Når det gjeld språkhaldningar, var det interessant å sjå at florøværingane oppfatta dialekten sin som noko heilt spesielt i forhold til Sunnfjordregionen. Saman med haldningane til staden Florø tyder det på at florøværingar ser på seg sjølve som ei distinkt gruppe, og at det ikkje berre er andre sunnfjordingar som oppfattar dei som annleis enn resten av regionen. Ei slik haldning kan vere med og forklare kvifor florødialekten ser ut til å halde på stillinga si som bymål, og at han ikkje vert påverka av dei omliggjande språkområda. Førdianarane såg derimot ikkje på dialekten sin som noko spesiell, og særskilt ikkje den moderne dialekten i Førde. Ei slik haldning kan føre til at språket vert mindre viktig for identiteten, og dermed meir utsett for påverknad utanfrå. Det var ein generell tendens til at informantane både i Florø og Førde tykte at tradisjonelle, lokale og spesielle dialektar var "finare, kulare, meir ekte" enn sentrumsdialektar som er påverka av andre. Dette ser eg på som uttrykk for ei gjengs oppfatning som informantane reproduserer, og ikkje nødvendigvis som uttrykk for informantane sitt personlege forhold til heimstaddialekten.

Den samla konklusjonen for undersøkinga er at det finst ein samanheng mellom lokal identitet, språkhaldningar og språkleg åtferd i dei to byane i Sunnfjord. Florø og florødialekten vart oppfatta som noko spesielt, medan haldninga blant

førdianarane var at Førde og førdedialekten mangla særpreg. Dette heng saman med at det lokale særpreget i florødialekten vart halde ved like og forsterka, medan førdedialekten var i ferd med å få meir bymålspreg enn det har hatt tradisjonelt. Hovudhypotesen min om at det er ein samanheng mellom identitet, språkhaldningar og språkbruk, vart såleis stadfesta.

#### *Vidare arbeid med emnet*

I denne undersøkinga har eg fokusert på identiteten som påverknadsfaktor for språket. Det kunne vore interessant å studere dei faktorane som påverkar identiteten. Forhold som påverkar både identitet og språk, er tilflytting, urbanisering og modernisering av samfunnet, som viser seg spesielt gjennom endringar i media og kommunikasjon. Språksamfunna i resten av Sunnfjordregionen har truleg òg tyding for språkutviklinga i Florø og Førde, sjølv om hovuddelen av påverknaden truleg går frå florø- og førdedialekten til omlandet rundt byane.

I startfasen av undersøkinga hadde eg ønskje om å studere dialekt- og identitetsforskjellar både i sentrum og utkantane av Førde og Florø, for å undersøkje i kva grad sentrumsmålet spreidde seg frå sentrumsområda og utover. Dessutan ville det vere spennande å sjå korleis den lokale identiteten i utkantane skilde seg frå den i tettstadene. I løpet av feltarbeidet mitt intervjuja eg ved eit mistak ein ung mann frå ein av dalane utanfor tettstaden Førde, og det viste seg at han uttrykte sterkare lokal tilhøyrsløse til heimstaden sin (vel å merke avgrensa til den dalen han kom i frå) enn dei andre unge informantane eg intervjuja i Førde. Eg kunne tenkje meg å gå vidare med ei undersøking der emnet var forholdet mellom tettstad og utkant i Førde og/eller Florø.

Som ein del av den lokale identiteten undersøkte eg dei sosiale nettverka til informantane. Her hadde eg ikkje kapasitet til å gjennomføre ein grundig nettverksanalyse, difor handsama eg aktivitetar og nettverk først og fremst som ei utdjuving av den lokale tilknytninga. Dersom eg skulle sagt noko meiningsfullt om nettverka si tyding for språkutviklinga, burde eg ha gjort ei undersøking der eg hovudsakleg fokuserte på sosiale nettverk. Det ville då vere interessant å undersøkje om

nettverksstrukturane var forskjellige for unge og vaksne, og om det var forskjellar i nettverkstypar mellom tettstad og utkant i kommunane. Ein kunne òg tenkje seg ei undersøking der to grupper med ulik nettverksstruktur vart samanlikna, for å sjå om urbane og rurale nettverkstypar hadde ulik påverknad på språkbruken.

Sambandet mellom språkbruk og språkhaldningar fekk eg ikkje så stort inntrykk av i denne undersøkinga. Det er mogleg at ein meir indirekte metode, til dømes ein dialektmasketest, ville ha vore ein meir påliteleg måte å måle sambandet mellom faktisk språkbruk og språkhaldningar på. Kombinert med ei spørjeundersøking kunne ei slik undersøking òg brukast for å seie noko om samsvaret mellom rapporterte og faktiske språkhaldningar.



## Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Bergen: Nordisk institutt, UiB.
- Baker, Colin. 1992. Language and Attitude Change. I Baker, Colin (red.): *Attitudes and Language*. Clevedon: Multilingual Matters: 97 – 113.
- Breivik, Leiv Egil. 1973. *Fonemsystemet i Florø sentrum*. Upublisert artikkel, M-0282. Målføresamlinga, Bergen: Nordisk institutt, UiB.
- Breivik, Leiv Egil. 1974. *Målet i Flora kommune. Lydverket og kort oversyn over formverket i målet i sentrum og utkantane*. Upublisert artikkel, M-0284. Målføresamlinga, Nordisk institutt, UiB.
- Brodersen, Randi Benedicte. 2000. Det kvalitative telefoninterview og andre interviewmetoder i sociolingvistikken. I *Målbryting* 4, 2000. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Dahlstedt, Karl-Hampus. 1978. Dialekt og høgspråk i nutidens Sverige, særskilt i Norrland. I Zeitler, Rudolf (red.): *Det moderna Skandinaviens framväkst*. Uppsala: Symposia Universitatis Upsaliensis Annum Quingentesimum Celebrantis 10.
- Dencik, Lars. 1999. Platsens sorti. I *Moderna Tider* 100, 36 – 41.
- Deprez, Kas og Yves Persoons. 1987. Attitude. I Ammon, Ulrich m.fl. (red.): *Sociolinguistics. An International Handbook of the Science of Language and Society* I. Berlin/New York. Walter de Gruyter: 125 – 132.
- Djupedal, Torkjell. 1998. *Førde. Kulturhistorisk vegvisar*. Førde: Selja Forlag/Fortidsminneforeinga Sogn og Fjordane.
- Engelsk–norsk ordbok*. 1997. 2. opplag. Red. av Willy Kirkeby. Oslo: Universitetsforlaget.
- Feltkurs 1976. *Feltkurs i talemålsgransking, Førde i Sogn og Fjordane 30/8 – 4/9 1976*. Upublisert artikkel, M-0191. Målføresamlinga, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Firda 2000 – 2001. Utvalde artiklar frå lokalavisa på internett: <http://www.firda.no>
- Firdaposten 2000 – 2001. Utvalde artiklar frå lokalavisa på internett: <http://www.firdaposten.no>
- Fischer, Claude S (m.fl.). 1977. *Social Relations in the Urban Setting*. New York: The Free Press.
- Fossåskaret, Erik. 2000. Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, sted og sjølførståing. I *Målbryting* 4: 120 – 132.
- Førde kommune 2002. <http://www.forde.kommune.no>
- Førde sentralsjukehus 2002. <http://www.helse-forde.no>
- Grønmo, Sigmund. 1984. Datakombinasjoner og analysestrategier. I Dale, B., Jones, M. og Martinussen, W. (red.): *Metode på tvers. Samfunnsvitenskapelige forskningsstrategier som kombinerer metoder og analysenivåer*. Trondheim: Tapir.
- Halfacree, Keith H. 1993. Locality and Social Representation: Space, Discourse and Alternative Definitions of the Rural. I *Journal of Rural Studies* 9 (1), 23 – 37.
- Haugen, Ragnhild. 1998. Variasjon og endring i sogndalsdialekten: ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Sogndal. I *Målbryting* 1. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.

- Hogg, Michael A. og Dominic Abrams 1988. Social Identity Theory. I Abrams, Dominic og Hogg, Michael A. (red.): *Social Identifications: a social psychology of intergroup relations and group processes*. London & New York: Routledge: 19 – 30.
- Johannesen, Stig Helge. 1983. Om 'skjendisar' og 'chipsreiarar'. Bruken av sje-lyd og kje-lyd i bergensmålet. I Sandøy, Helge (red.) *Talemål i Bergen 1/1983*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Kittang, Dag. 1980. Flora – og fisket som skapte byen. I Schei, Nikolai (red.): *Sogn og Fjordane*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag: 492 – 508.
- Kvale, Steinar 1997. *Det kvalitative forskningsintervju*. Ad Notam Gyldendal. Oslo.
- Magnussen, Tone. 1993. Der mitt hjarta er fest – tilhøyning i nordnorsk kontekst. I Mæhlum, Brit (red.): *Hva er "identitet"?*. Tromsø: ISL & Noregs Forskningsråd: 65 – 76.
- Moghaddam, Fathali M. 1998. The ABCs of Attitudes. I Moghaddam, Fathali M. (red.): *Social Psychology. Exploring Universals Across Cultures*. New York. W. H. Freeman and Company: 100 – 111.
- Notland, Vibeke. 2001. *Variasjon og endring i bømlamålet – ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlo kommune i Sunnhordland*. Utrykt hovudfagsavhandling ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. <http://www.ub.uib.no/elpub/2001/h/522002/Hovedoppgave.pdf>
- NRK Fylkesleksikon 2002. Artiklar om Flora kommune, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylke. [http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/fylkesleksikon/](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/)  
[http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/fylkesleksikon/1140959.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1140959.html)  
[http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/fylkesleksikon/1121203.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1121203.html)
- Nynorskordboka*. 2001. Definisjons- og rettskrivingsordbok. 3. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Oxford Dictionary* 1997. *Oxford Student's Dictionary of Current English*. 2. utgåve. Red. av Ruse, Christina. Oxford University Press.
- Pedersen, Inge Lise. 1993. Regionalisme og identitet. Om jysk og dansk i tusind år. I *Jyske Studier*. Institut for Dansk Dialektforsknings Publikationer. C. A. Reitzels Forlag, København.
- Pedersen, Inge Lise. 1999. Regionalitet og sprogudvikling i Danmark. Er det begrundet at tale om regionalitet i Danmark? I Mæhlum, Brit m.fl. (red.): *Stedet som kulturell konstruksjon*. Trondheim. Historisk institutt: 33 – 51.
- Rudi, Nina Berge. 1999. Skilnader i bruken av den heimlege dialekta i Hallingdal og Gudbrandsdalen. I Kleiva, Turid m.fl. (red.). *Austlandsmål i endring*. Oslo. Samlaget: 74 – 84.
- Røyneland, Unn. 1999. Språkleg regionalisering på Røros og Tynset. I *Målbryting 2*. Nordisk institutt, UiB. Bergen: 98 – 119
- Røyneland, Unn. 2001. Er 'age-grading' alltid eit potensielt problem i synkrone generasjonsstudiar? I: *Målbryting 5*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen: 85 – 112.
- Sachdev, Itesh og Richard Y. Bourhis 1990. Language and Social Identification. I Abrams, Dominic og Michael A. Hogg (red.): *Social Identity Theory. Constructive and Critical Advances*. Harvester Wheatsheaf.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 2000. Utviklingslinjer i norske dialektar. I *Folkmålsstudier 39. Meddelanden från Föreningen för nordisk filologi*. Helsingfors 2000.
- Schei, Nikolai. (red.) 1980. *Sogn og Fjordane*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Schiefloe, Per Morten. 1985. *Nærmiljø i bysamfunn*. Oslo: Byforskningsprogrammet, Universitetsforlaget.

- 
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sollid, Hilde. 2001. Munnleg føredrag om “the observer’s paradox”. TEIN-konferansen 2001.
- Statens Kartverk 2002. *Veiatlas Norge, 2002 – 2003*.
- Stavang, Harald. 1999. *Flora. Kulturhistorisk vegvisar*. Førde: Selja forlag.
- Sølvberg, Ola. 1998. *Endringar i Førdedialekten: ei kartlegging av talemålet til vaksne og unge i Førde*. Upublisert hovudfagsoppgåve, Høgskulen i Agder. Kristiansand.
- Sølvberg, Ola. 1999. Endringar i førdedialekten. I *Målbryting 2*. Nordisk institutt, UiB. Bergen: 149 – 155.
- Talesøk 2002. Heimeside for Talesøk-prosjektet. <http://www.hf.uib.no/i/nordisk/talekorpus/hovedside.htm>
- TEIN 2000. Prosjektskildding for Talemål i endring i Noreg, oppdatert 09.09.2000. <http://www.hf.uib.no/tein/prosjektbeskrivelse.html>
- Torp, Arne. 2000. Skarre-r – ingen talefeil likevel? Teorier om opphavet til skarring – og hvor langt skarringa vil gå. I *Målbryting 4*. Nordisk institutt, UiB. Bergen: 63 – 88.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell.
- Tvitekkja, Sigfrid. 1999. Den faglege sjølvforståinga i norsk talemålsgransking. Eit fagkritisk innlegg. I *Målbryting 2*. Nordisk institutt, UiB. Bergen: 155 – 164.
- Venås, Kjell. 1991. *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag.
- Ølmheim, Per Arvid. 1980. Talemål og skriftmål. I Schei, Nikolai (red.): *Sogn og Fjordane*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag: 399 – 409.
- Ølmheim, Per Arvid. 1983. *...sa sogningen til fjordingen. Målføre i Sogn og Fjordane*. Sogn Mållag og Firda Mållag. Prenta hjå Centraltrykkeriet, Bergen.

# Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Hans Holmboesgt. 22  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47/ 55 58 21 17  
Fax: +47/ 55 58 96 50  
E-mail: nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no

Anne Marit Bødal  
Olaf Ryes vei 43  
5006 BERGEN

Vår dato: 07.03.2002

Vår ref.: 200200260 GHA / RH

Deres dato:

Deres ref:

## FORSKNINGSPROSJEKT SOM OMFATTES AV MELDEPLIKT

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 27.02.2002. Meldingen gjelder prosjektet:

9028 *Språk og identitet i Sunnfjord - ein sosiolingvistisk studie av talemålet i Florø og Førde*

Etter gjennomgang av meldeskjema og dokumentasjon, finner Datafaglig sekretariat at behandlingen av personopplysningene vil være meldepliktig i henhold til personopplysningsloven (POL) § 31. Det er grunn til å understreke at de alminnelige regler for behandling av personopplysninger fremdeles vil gjelde, jf. POL kapittel II, III

Vår vurdering er basert på følgende opplysninger fra prosjektleder:

Formålet med prosjektet er å undersøke sammenhengen mellom talemål og identitet i Florø og Førde.

Utvalget omfatter 10-16 personer i 16 til 75-årsalderen likt fordelt på byene Florø og Førde. Utvalget trekkes dels fra videregående skoler i Førde og Florø og dels fra telefonkatalogen. Førstegangskontakt med elevene opprettes av kontaktperson på skolen som formidler informasjon og forespørsel fra prosjektleder. Elever som er interesserte i å delta skriver seg opp på en liste som kontaktperson sender prosjektleder. Prosjektleder tar deretter kontakt med aktuelle informanter. Førstegangskontakt med det øvrige utvalget opprettes av prosjektleder gjennom telefonhenvendelse. De som sier seg interessert i deltagelse får tilsendt informasjonsskriv og samtykkeerklæring.

Opplysningene samles inn ved spørreskjema og personlig intervju. De innsamlede opplysningene omfatter lokal tilhørighet, holdninger til nabobyen, dets innbyggere samt andre geografiske områder, sosialt nettverk, interesser og fritidsaktiviteter, oppfatninger om dialekter, oppfatning av seg selv, andre personer og sosiale grupper. Det registreres ikke sensitive personopplysninger.

Opplysningene oppbevares på lydbånd og pc tilknyttet Internett. Direkte personidentifiserbare opplysninger erstattes med et referansenummer som viser til en navneliste. Denne oppbevares atskilt fra det øvrige datamaterialet. Ved

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, N-0316 Oslo. Tel: +47/ 22 85 52 11. E-mail: nsd@uio.no

TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, N-7491 Trondheim. Tel: +47/ 73 59 19 07. E-mail: kyrre.svanva@svt.ntnu.no

TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, N-9037 Tromsø. Tel: +47/ 77 64 43 36. E-mail: nsdmaa@sv.uit.no

20020290 GHA /RH

prosjektslutt arkiveres opplysningene i anonymisert form. Etter samtykke lagres de anonymiserte opptakene ved Målføresamlinga, Universitetet i Bergen. Prosjektleder har foretatt risikovurdering.

Det innhentes skriftlig samtykke til deltakelse basert på muntlig og skriftlig informasjon om prosjektet. Informasjonsskrivet gjør rede for alle sider ved prosjektet.

Prosjektslutt er angitt til 20. 11. 2002.

Dersom undersøkelsesopplegget endres i forhold til de punktene som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet vurderes på nytt av Datafaglig sekretariat.

Datafaglig sekretariat har meldt prosjektet til Datatilsynet. Vedlagt følger kvittering fra Datatilsynet.

Det gjøres forøvrig oppmerksom på at det skal gis ny melding etter øter at forrige melding ble gitt, dersom prosjektet fortsatt pågår, jf. § 31 tredje ledd.

Kontaktperson: Grethe Halvorsen tlf: 55583542

Vennlig hilsen  
Datafaglig sekretariat

  
Bjørn Henrichsen

  
Grethe Halvorsen

Kopi: Behandlingsansvarlig, Helge Sandøy

Vedlegg: Utdrag fra POL §§ 31 og 33 og forskriftenes kapittel II §§ 7-20 og 7-25  
Kvittering fra Datatilsynet

## Vedlegg 2: Intervjugaid for florøværingar

### Intervjugaid

Tre tema: Plassen (Florø, Førde, Sunnfjord osv.), språk/dialekt og deg/fritidsaktivitetar osv.

Har du nokon spørsmål til dei skjema du fekk i posten? Vi vil komme tilbake til skjemaet på slutten av intervjuet, men først tenkte eg vi kunne snakke litt om Florø.

### Om Florø

#### 1. Kan du beskrive Florø?

- Kva er det som kjenneteiknar Florø?
- Finst det noko som er typisk for Florø?
- Korleis er den typiske florøværing? Personlegdomstrekk.
- Er florøværingar typiske representantar for sunnfjordingar?
- Er Florø ein by eller ei bygd? (folk, tenkemåte, byggjестil)

#### 2. Føler du deg heime i Florø?

- Kva er det som gjer at du (ikkje) føler deg heime?
- Er du interessert i det som skjer i Florø?
- Engasjert?

#### 3. Er det forskjell på Florø by og områda rundt?

- Dersom ja: Kva er forskjellen?
- Korleis er forholdet mellom folk frå sentrum og folk frå utkantane i Florø?
- Korleis ser byfolk på dei frå utkantane og omvendt?
- Korleis trur du folk i Sunnfjord oppfattar florøværingar?

### Om Førde

#### 4. Har du vore i Førde?

- Har du slekt/vener der?

### **5. Kva synest du om Førde?**

- Er Førde ein by eller ei bygd?
- Finst det nokon forskjellar mellom Florø og Førde? Nokre likskapar?
- Er det noko som er typisk for Førde?
- Korleis er den typiske førdianar?

### **6. Korleis er forholdet mellom Florø og Førde? Kva meiner førdianarar og florøværingar om kvarandre?**

- Kva meiner du om førdefolk?
- Kva synest du om førdedialekten?

## Om regionar

### **7. Kva region/geografisk område vil du seie at du tilhører? (noregskart)**

- Kva er det som gjer at det er ein region?
- Kva vil du definere som Sunnfjord? (kart)
- Er det noko som kan kallast hovudstaden i Sunnfjord? I så fall, kva er hovudstaden?
- Kjenner du deg knytt til Sunnfjord som region? På kva måte?/Kvifor ikkje?
- Kva for ein geografisk plass er du mest knytt til/kjenner deg mest heime på?
- Kor seier du at du er i frå når du er andre plassar i Norge?

## Språk

### **8. Er du oppteken av dialekt og korleis folk snakkar?**

- Tenkjer du over korleis du sjølv og andre snakkar til vanleg?

### **9. Er det noko som er typisk for florødialekten? I så fall, kva?**

- Kva synest du om florødialekten?

- Har dialekten forandra seg? Er det forskjell på korleis unge og gamle folk snakkar?
- Er det forskjellar på dialekten i Florø sentrum og dialekten i utkanten? Kva er forskjellen?
- Kva synest du er finast av sentrumsdialekt og bygdedialekt?

### **10. Snakkar du typisk florødialekt?**

- Dersom ikkje: Kva er det som skil dialekten din frå florødialekten?

### **11. Kva synest du om at folk forandrar på dialekten når dei flyttar eller snakkar med folk som har andre dialektar?**

- Trur du at du kjem til å endre dialekten nokon gong, til dømes dersom du flyttar?

## Om deg

### **12. Kan du fortelje litt om deg sjølv?**

- Personlegdomstrekk (utadvendt/innadvendt, hissig/rolig, tolmodig/utolmodig, driftig/lat)
- Kva interesser/fritidsaktivitetar har du?
- Er du ein typisk florøværing/sunnfjording?

### **13. Kva synest du er best av by og land? Landsbygda/byen? Folk, tenkemåte, å bu der?**

- Kvifor det?

### **14. Kan du fortelje litt om dei personane som du har ført opp i skjemaet?**

- Kjenner dei kvarandre?

## Om framtida

### **15. Kva situasjon vil du helst vere i om 10 år? (yrke, sivilstatus, fritidsaktivitetar osv.)**



- Kor vil du bu om 10 år/i framtida?
- Har du nokon spesielle mål eller ønskjer for framtida?
- Til skuleelevar: Har du bestemt deg for kva du vil gjere til hausten?

### Vedlegg 3: Kart brukte i intervjuet



## Vedlegg 4: Informasjonsskriv til informantane



Anne Marit Bødal  
Olaf Ryes vei 43  
5006 Bergen  
Telefon: 57 82 41 28  
Mobil: 95 29 96 65

### Språket i to sunnfjordbyar

I samband med hovudfagsstudiet mitt på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen gjennomfører eg (Anne Marit Bødal) ei undersøking av språket i sunnfjordbyane Florø og Førde. For å få innblikk i førdianarar og florøværingar sine meiningar om dei to byane vil eg intervju 8 personar frå kvar by. Intervjua vil gå føre seg i tidsrommet 15.03 – 22.03 2002 heime hos intervjupersonane. Det kan òg bli aktuelt å intervju nokon etter påske dersom det passar betre.

Intervjua vil bli tekne opp på band for at dei skal kunne brukast i undersøkinga. Opptaka vil seinare bli anonymiserte, slik at personopplysningar ikkje kan førast tilbake til deltakarane i undersøkinga. Etter at prosjektet er avslutta i november 2002, vil dei anonymiserte opptaka bli lagra i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen og i Norsk Talemålskorpus, som er ein nasjonal database for språkundersøkingar. Språkforskarar kan få tilgang til opptaka i databasen etter løyve frå underteikna. Forskaren har teieplikt, og datamaterialet vil bli behandla konfidensielt. Prosjektet er godkjent av Datatilsynet.

Til undersøkinga treng eg informantar som er mellom 40 og 55 år og oppvaksne i sentrumsområda i Florø eller Førde. I Florø inkluderer dette folk som er oppvaksne på Florølandet og Krokane.

Eg håpar du vil delta i undersøkinga, og ber deg i så tilfelle fylle ut dei to skjema som ligg ved (førehandsskjema og nettverksskjema), og lese gjennom samtykkeerklæringa. Eg vil ta kontakt i løpet av veke 12 for å høyre kven som er interesserte og eventuelt avtale intervju. Dersom du ikkje ønskjer å delta sjølv, er eg takknemleg om du vil formidle brevet vidare til andre som kan vere aktuelle. Ring gjerne dersom du har spørsmål til undersøkinga.

Beste helsing

Anne Marit Bødal  
hovudfagsstudent, Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen

## Vedlegg 5: Samtykkeerklæring

### Samtykkeerklæring

for deltakarar i undersøkinga om språket i Sunnfjord

Eg, \_\_\_\_\_, seier meg med dette villig til å delta i eit intervju i samband med undersøkinga som vert gjennomført av hovudfagsstudent Anne Marit Bødal ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Eg gjev løyve til at intervjuet kan takast opp på band, og at bandopptaket kan lagrast og brukast til forskingsføremål slik det er skildra i informasjonsskrivet.

Eg er merksam på at deltakinga er frivillig, og at eg kva tid som helst (både før, under og etter intervjuet) kan trekkje meg frå undersøkinga. Å trekkje seg medfører ikkje erstatnings- eller grunngjevingsplikt.

Stad, dato og underskrift

---

---

## Vedlegg 6: Bakgrunnsskjema

### Skjema som skal fyllast ut før intervjuet

Namn: \_\_\_\_\_

Bustadområde: \_\_\_\_\_

Fødselsår: \_\_\_\_\_

Stilling (jobb, skule, anna): \_\_\_\_\_

Dialekt: \_\_\_\_\_

Kva dialekt har/hadde foreldra dine?

Mor: \_\_\_\_\_

Far: \_\_\_\_\_

Kva ønske har du for framtida? (Jobb, utdanning, familie, bustad osv.)

\_\_\_\_\_

## Vedlegg 7: Nettverksskjema

<b>Nettverksskjema</b>				
Skriv opp dei personane du er mest saman med, og som er viktigast for deg.				
1. Initialar på personen				
2. Kjenn (M/K)				
3. Alder				
4. Stilling/yrke				
5. Kor kjem personen frå?				
6. Dialekt				
7. Kor lenge har du kjent personen?				
8. Kva er ditt forhold til personen? (T.d. familie, ven, kjærast/ ektefelle/sambuar, skule, jobb, klubb/ forening/idrett.)				
9. Kor ofte treff du personen? (T.d. dagleg, kvar veke, månadleg osv)				
10. Kva gjer de når de er i lag? (T.d. skule, idrett, organisasjonar, besøk, kafé, turgåing, kino)				
11. Kva ønske trur du personen har for framtida? (T.d. jobb, bustad, familie, utdanning osv)				

## Vedlegg 8: Dokumentasjon på dei språklege funna

### Forklaring til tabellane

Informantkoden står først. Under kvar språkvariabel viser eg talet på tradisjonelle sunnfjordsformer (TS), bymålsformer (BY) og totalt belegg på variabelen. Deretter kjem ein kolonne som viser kor mange prosent TS-forma utgjer av det totale belegget til kvar informant på den aktuelle variabelen. Når det gjeld variabelen /r/, har eg berre merkt av kven som hadde skarre-*r* og rulle-*r*.

### Fonologiske variablar

Informant	Realisering av <kj>				/r/
	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	
EU1	5	91	96	5,21	Rulle-r
EU2	61	0	61	100,00	Rulle-r
EU3	7	38	45	15,56	Rulle-r
EU4	97	6	103	94,17	Rulle-r
EV5	349	17	366	95,36	Rulle-r
EV6	152	1	153	99,35	Rulle-r
EV7	49	24	73	67,12	Rulle-r
EV8	116	0	116	100,00	Rulle-r
ØU1	30	87	117	25,64	Skarre-r
ØU2	15	49	64	23,44	Skarre-r
ØU3	0	51	51	0,00	Skarre-r
ØU4	26	22	48	54,17	Skarre-r
ØV5	116	0	116	100,00	Skarre-r
ØV6	88	0	88	100,00	Skarre-r
ØV7	113	2	115	98,26	Skarre-r
ØV8	86	0	86	100,00	Skarre-r

### Morfologiske variablar

Informant	Inkjekjønn i bestemt form fleirtal				Presens av sterke verb				Partisipp av sterke verb			
	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent
EU1	1	0	1	100,00	8	1	9	88,89	4	4	8	50,00
EU2	1	0	1	100,00	13	6	19	68,42	1	5	6	16,67
EU3					2	0	2	100,00	2	1	3	66,67
EU4	5	0	5	100,00	11	3	14	78,57	3	2	5	60,00
EV5	8	0	8	100,00	46	5	51	90,20	45	2	47	95,74

Informant	Innkjønn i bestemt form fleirtal				Presens av sterke verb				Partisipp av sterke verb			
	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent
EV6	2	0	2	100,00	25	2	27	92,59	16	4	20	80,00
EV7					2	3	5	40,00	12	6	18	66,67
EV8	6	0	6	100,00	11	2	13	84,62	24	0	24	100,00
ØU1	1	5	6	16,67	1	19	20	5,00	8	4	12	66,67
ØU2	0	3	3	0,00	0	15	15	0,00	0	7	7	0,00
ØU3	0	4	4	0,00	0	15	15	0,00	0	6	6	0,00
ØU4	0	1	1	0,00	0	6	6	0,00	0	8	8	0,00
ØV5	0	2	2	0,00	5	8	13	38,46	0	18	18	0,00
ØV6	0	4	4	0,00	2	11	13	15,38	1	15	16	6,25
ØV7	0	6	6	0,00	13	7	20	65,00	5	11	16	31,25
ØV8	0	2	2	0	9	2	11	81,82	0	6	6	0

## Leksikalske variablar

Informant	Realisering av <dei>				Realisering av <det>			
	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent
EU1	16	2	18	88,89	3	108	111	2,70
EU2	48	1	49	97,96	22	162	184	11,96
EU3	21	0	21	100,00	0	59	59	0,00
EU4	33	1	34	97,06	107	129	236	45,34
EV5	190	1	191	99,48	613	220	833	73,59
EV6	53	1	54	98,15	214	78	292	73,29
EV7	34	0	34	100,00	73	57	130	56,15
EV8	52	3	55	94,55	65	225	290	22,41
ØU1	7	51	58	12,07	0	211	211	0,00
ØU2	0	51	51	0,00	0	162	162	0,00
ØU3	2	19	21	9,52	0	99	99	0,00
ØU4	1	33	34	2,94	6	82	88	6,82
ØV5	27	28	55	49,09	2	179	181	1,10
ØV6	19	36	55	34,55	9	167	176	5,11
ØV7	17	20	37	45,95	34	122	156	21,79
ØV8	9	33	42	21,43	37	138	175	21,14

Informant	Realisering av <berre>				Realisering av <gjere>				Realisering av <seie>			
	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent	TS	BY	TOTAL	TS-prosent
EU1	11	0	11	100,00	5	0	5	100,00	10	0	10	100,00
EU2	13	0	13	100,00	2	0	2	100,00	9	0	9	100,00
EU3	8	0	8	100,00	0	3	3	0,00	3	0	3	100,00
EU4	6	0	6	100,00	8	0	8	100,00	29	0	29	100,00
EV5	38	0	38	100,00	36	0	36	100,00	105	0	105	100,00
EV6	6	0	6	100,00					29	0	29	100,00
EV7	4	0	4	100,00	8	0	8	100,00	9	0	9	100,00
EV8	4	0	4	100,00	12	0	12	100,00	14	0	14	100,00
ØU1	1	8	9	11,11	0	15	15	0,00	23	7	30	76,67
ØU2	2	10	12	16,67	0	6	6	0,00	0	2	2	0,00



---

ØU3	0	8	8	0,00	1	2	3	33,33	0	10	10	0,00
ØU4	0	1	1	0,00	0	3	3	0,00	0	4	4	0,00
ØV5	0	3	3	0,00	0	10	10	0,00	11	0	11	100,00
ØV6	0	2	2	0,00	0	7	7	0,00	14	0	14	100,00
ØV7	0	3	3	0,00	0	4	4	0,00	13	6	19	68,42
ØV8	0	3	3	0,00	1	6	7	14,29	13	0	13	100,00



## Samandrag

Anne Marit Bødal:

### Bymål i Sunnfjord. Ei sosiolingvistisk undersøking av språk og identitet i Florø og Førde

Hovudmålet for hovudfagsavhandlinga mi var å finne ut om det var nokon samanheng mellom lokal identitet, språkhaldningar og språkbruk i dei to byane Florø og Førde, som ligg i Sunnfjordregionen i Sogn og Fjordane. Hypotesen min gjekk ut på at det fanst ein slik samanheng.

Eg har brukt teoriar om sosial identitet, lokal og regional identitet, haldningar, språkhaldningar og språkleg regionalisering for å forklare samanhengane mellom dei sosiale og språklege variablane i undersøkinga. Metoden eg har brukt for å samle inn opplysningar om språk og identitet, er hovudsakleg kvalitativ: Eg har brukt halvstrukturerte djupintervju som vart tekne opp på band, og har intervjuet 16 informantar til saman. Informantutvalet består av 8 personar frå kvar by: 4 unge og 4 vaksne. Utvalet er likt fordelt på menn og kvinner. Eit kriterium for å bli med i undersøkinga var at ein var oppvaksen innanfor tettstadsområdet i Førde eller Florø. Eg undersøkte 10 språkvariablar (2 fonologiske, 3 morfologiske og 5 leksikalske) som eg ekserperte frå intervjuet. Eg valde ut variablar som eg rekna med var så frekvente at eg ville få nok belegg i naturleg samtale.

Samlekonklusjonen var at Florø og florødialekten vart oppfatta av florøværingane som spesiell i regionssamanheng, medan haldninga blant førdianarane var at Førde og førdedialekten mangla særpreg. Dette samsvara med at det lokale særpreget i florødialekten vart halde ved like og forsterka, medan førdedialekten var i ferd med å få meir bymålspreg enn han har hatt tradisjonelt.